


# Sverd eller skjold

Ei undersøking av senatet og keisarane sine haldningar til foreiningar i seinrepublikken og tidleg romersk keisartid.

Tor Sivertsen Prestegard



Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR)

DET HUMANISTISKE FAKULTET

UNIVERSITETET I BERGEN

mai 2015



# Innhald

Innhald.....	iii
Abstract .....	iv
Forord .....	v
Forklaringar .....	vi
1. Introduksjon .....	1
1.1 <i>Collegia</i> – «an ancient concept».....	1
1.2 <i>Collegia</i> -forskinga i eit historiografisk perspektiv .....	2
1.3 Avgrensingar .....	11
1.4 Problemstilling.....	12
1.5 Kjeldene.....	13
1.6 Teori og metode.....	14
2. Kva var <i>collegia</i> ? .....	16
2.1 Friviljuge og ufriviljuge foreiningar.....	16
2.2 <i>Collegia</i> -aspekt.....	17
2.3 Ei eksempelforeining .....	28
2.4 Oppsummering .....	30
3. Haldningar til <i>collegia</i> i seinrepublikken .....	30
3.1 Den lovgjevande makta .....	30
3.2 <i>Senatus consultum de Bacchanalibus</i> (186 fvt.).....	31
3.3 <i>Senatus consultum</i> (64 fvt.).....	35
3.4 <i>Lex Clodia de Sodalitatibus</i> (58 fvt.).....	38
3.5 <i>Lex Licinia</i> (56 fvt.).....	41
3.6 Cæsar (r. 49-44 fvt) .....	42
4. Haldningar til <i>collegia</i> i keisartida .....	45
4.1 Det juridiske Romerriket .....	45
4.2 Det Julo-claudiske dynastiet (27 fvt.- 68 evt.).....	46
4.3 Dei fire keisarane og det flaviske dynasti (68-96 evt.).....	57
4.4 Nervan-antoninske dynasti (98-138 evt.) .....	57
5. <i>Collegia</i> i <i>Digesta</i> .....	64
5.1 Dig. 3.4: <i>Quod cuiuscumque uniuersitatis nomine uel contra eam agatur</i> .....	65
5.2 Dig. 47.22: <i>De collegis et corporibus</i> .....	69
6. Lanuvium, Irnitana og kvantitativt om <i>collegia</i> .....	83
6.1 Foreininga for Diana og Antinous i Lanuvium .....	84
6.2 <i>Lex Irnitana</i> .....	95
6.3. Kvantitativt om <i>collegia</i> .....	97
7. Sverd eller skjold.....	100
8. Kjelder og bibliografi .....	107
9. Kortnamn.....	114
10. Appendix .....	115
10.1 CIL XIV.2112.....	115
10.2 <i>Digesta</i> .....	118
10.3 Plinius, <i>epistulae</i> .....	121
10.4 <i>Senatus consultum de Bacchanalibus</i> .....	124

## Abstract

This thesis discusses the legal aspects of the ancient concept roman *collegia*. *Collegia* is in this thesis used to describe people who is participating in a form of club, for several reasons like, but not limited to, religion, work, burial or socializing and this willingly, not ordered or organized by the state. It covers the timespan from approximately 200 BCE to 200 CE and is centred on Rome and Italy, but does cover sources from other areas as well. The thesis aims to map how the Senate and emperors have passed laws and senatorial decrees regulating *collegia*, and how these laws may have been enforced.

Considering the limits of the master thesis, there is no room to fully explore how the rules, laws and regulations may have had effect on the *collegia*, but makes some conclusions on the basis of how the laws have been made, and re-made. It also analyses by-laws from one *collegium* and discusses in what degree the *collegia* by-laws, legalized by the *Digesta*, were influenced by the laws governing *collegia*.

This thesis concludes that there might have been a difference between the attitude and actions seen in the sources and the general attitude towards *collegia*. I argue this on the basis that nearly all the actions taken against *collegia* is closely related to major difficulties or change in the broader system or specific incidents, and should not be seen as separate from the broader trends. As this thesis shows the regulation of *collegia* often happens after civil war, post Caesar, Augustus and the senate in 64 BC, after people-friendly rulers or politicians, Clodius and Caligula or after riots, Nero and the Pompeiians. It is thus not unlikely that the actions we have seen might have been one time incidents placed in system, and I will argue that it does not necessarily portrays the correct picture in regards to regulations of *collegia*.

What might have been the case is that associations have been allowed to exist, as long as they were not a disruption. This is supported by the Pompeiian case, where we see that the associations which they knew to be illegal, first was dissolved after the riots in the theatre in 59 CE.

# Forord

Denne oppgåva er eit produkt av fleire lange kveldar og korte dagar. Den er eit produkt av eit år i permisjon som leiar av Velferdstinget Bergen. Den er eit produkt av frustrasjon og fagglede. Og det er eit produkt av god, god hjelp frå fleire. Og desse må heidrast.

Fyrst og fremst, takk til min rettleiar, professor Jørgen Christian Meyer, for god oppfylging, rettleiing, tilbakemeldingar og tolmod med ein litt ustrukturert masterstudent. Utan deg hadde denne oppgåva aldri funne sin form og sitt formål. Tusen takk!

Vidare vil eg takka Det norske instituttet i Roma for eit godt og produktivt opphald, og for fagstipendet som mogleggjorde reisa. Eg rettar òg ein takk til mine medstudentar på antikkmasterseminaret som har kome med gode innspel og konstruktiv kritikk. Vidare må eg takka Fantastic Historiographic Five ved Inge Helland Eliassen, Mikkel Andreas Eriksen, Lars Haugerud og Svein Ingvar Elvik for utanomfagleg aktivitet.

Ikkje minst må eg takka mamma Jorun Sivertsen og pappa Frode Prestegard for god støtte gjennom mange år med studiar. Og til sist, men absolutt ikkje minst, ein stor takk til min sambuar Yvonne Røysted for at du haldt ut med mitt endelause mas, med mange timar korrekturlesing og for fantastisk støtte!

## Forklaringar

<i>Album/alba</i>	Ein-/fleirtal. Ei medlemstavle i ei foreining.
<i>Bacchanalia</i>	Ein Bacchus-fest. Bacchus var romersk gud, inspirert av den greske Dionysos.
<i>Causa</i>	Grunn, i oppgåva brukt om ein grunn til å få til dømes <i>ius coeundi</i> .
<i>Collegium/collegia</i>	Ein-/fleirtal. Blir i oppgåva nytta synonymt med foreining.
<i>Collegia legitima</i>	Foreiningar som hadde legitimt grunnlag til å eksistera.
<i>Collegia sodalicia</i>	Ulovlege foreiningar, ofte omsett med politiske klubbar
<i>Collegia funeratica</i>	Foreiningar med gravferdsaspekt. Dette var i tidleg forskning sett på som det einaste aspektet til foreiningar.
<i>Collegium tenuiorum</i>	Foreiningar for dei fattige, eller for dei lågare klassane. Blir med anna nytta i <i>Digesta</i> .
<i>Corpus/corpora</i>	Ein-/fleirtal. Blir delvis nytta synonymt med <i>collegia</i> , men kan òg inneha eit handels- eller økonomisk aspekt.
<i>Digesta</i>	Lovsamling samla under keisar Justinian.
<i>Fasti</i>	Lister over magistrat/magistrathaldarar i ei foreining.
<i>Hetaeriae</i>	Gresk term (ἑταιρεία). Blir ofte omsett som «politiske klubbar» og har blir ofte nytta i negativ kontekst.
<i>Ius coeundi</i>	Retten til å samlast (som ei foreining).
<i>Ludi</i>	Leikar eller festivalar arrangert for folket.
<i>Magistri</i>	Magistrat, ei leiande stilling. I oppgåva ofte nytta om til dømes <i>magistri quinquennales</i> .
<i>Mandatis</i>	Løyve frå keisaren.
<i>Munera</i>	Ei form for offentleg plikt ein kunne vera pliktig til å utføra.
<i>Patricii</i>	Nobiliteten, på norsk òg kjend som parisarane. Dei styrande og rike.
<i>Plebeii</i>	Folket, på norsk òg kjend som plebeiarane. Ofte nytt som motsetnad til <i>patricii</i> .
<i>Plebs</i>	Same opphav som <i>plebeii</i> . Har òg vorte nytta om dei som ikkje har hatt magistrat i ei foreining.
<i>Pontifex maximus</i>	Øvste religiøse embete (ypparsteprest) i romersk religion. Under republikken vald, seinare var det innehatt av keisarane.
<i>Praetor urbanus</i>	Magistrat med ansvar for juridiske problem mellom romerske borgarar.

<i>Scolae</i>	Oppholdsplass eller hus, i oppgåva for <i>collegia</i> .
<i>Sportula</i>	Mat eller pengar gitt av patronar til klientar, til dømes i høve <i>ludi</i> .
<i>Senatus consultum</i>	Eit vedtak fatta av senatet.
<i>Sesterius</i>	Vanlegaste pengeeining. Forkorta HS.
<i>Tenuiorum</i>	Dei fattigare, dei av lågare orden.
<i>Utilitas civitatis</i>	Kan omsetjast med samfunnsnyttig.
<i>Quinquennales</i>	Øvste magistrat, leiar av ei foreining. Namn etter opphavleg lengd på embete, fem år.





## Kapittel ein

# 1. Introduksjon

Tittelen på denne masteren er inspirert av Moeller sin teori om at regulering av *collegia* var som eit skjold heller enn eit sverd, og difor berre vart nytta «to protect the state from harm».<sup>1</sup> Oppgåva skal undersøkje om dette var høvet.

Tidsperioden oppgåva skal undersøkje er frå kring 200 år før vår tidsrekning til 200 etter vår tidsrekning. Termen *collegia* vil bli brukt om foreiningar av ulik art.

Oppgåva vil utforska og analysera korleis senatet og keisarane sine haldningar til *collegia* var. Dette vil eg gjera gjennom å diskutera lovtekstar, senatsvedtak, brev og historiene om keisarane frå forfattarar som Livius, Suetonius og Tacitus. Oppgåva vil svara på kvifor ein hadde desse haldningane òg diskutera korleis foreiningar vart regulert. Til slutt vil oppgåva handsama, og gi eit vidare bilete av, foreiningsregulering ved bruk av ei foreining sine egne vedtekter, og ein provinsiell lov.

Dette kapittelet vil ta føre seg forskinga på *collegia* i eit historiografisk perspektiv og gjera greie for kjeldesituasjonen, samt setja avgrensingar for oppgåva og kva problemstillingar oppgåva vil handsama. Dette er viktig for å forstå fagfeltet, og gir ein introduksjon til *collegia*-forskinga.

## 1.1 *Collegia* – «an ancient concept»<sup>2</sup>

*Collegium*, i fleirtal *collegia*, blir av Pocket Oxford Latin Dictionary definert som «[a] college, corporation, brotherhood or collegueship».<sup>3</sup> Termen blir i forskingslitteraturen nytta om ei gruppe menneskje som samlast av ulike grunnar og som lausare eller fastare har plikter og får attytingar av sitt *collegia*. Gjennom ulike fasar av forskingslitteraturen, som ein vil sjå i kapittel 1.3, har ein gitt desse *collegia* ulike eigenskapar, og nyttar moderne ord som laug, foreining og fagforeining for å skildra dei.

---

<sup>1</sup> Moeller 1976 85

<sup>2</sup> Perry 2006. Boka til Perry heiter *The Roman Collegia: The Modern Evolution of an Ancient Concept*

<sup>3</sup> Pocket Oxford Latin Dictionary 2005 17 I Oxford Latin Dictionary 1949 blir det definert som:

«1) a college or board of priest

2) A guild, club, society, fraternity (of men belonging to the same trade, or having some common tie or interest).

3) A board or body of magistrates holding the same office concurrently. b) a committee appointed for a specific purpose;» Sjå òg Hornblower og Spawforth 1996 352

Det må ha vore ulike typar menneskje som var medlemmer i *collegia*. Det kan ha vore arbeidarar med same yrke, eller folk i same sosiale posisjon. Det kan ha vore folk som trudde på det same, eller tilbad den same guddommen. Det kan ha vore folk som i fellesskap garanterte for kvarandre sine gravferder. Og me veit at det var foreiningar på tvers av samfunnssklassar, der slavar, frigitte og borgarar saman var medlemmer.

Vidare gav foreiningane truleg ulike fordelar til sine medlemmer. Foreiningar kunne gravlegga sine medlemmer på ein felles gravplass. Dei kunne vera ein sosial samlingsplass og tilby mat ved festar, og dei kunne gi eit fellesskap for tilbeding og utøving av religion. Det er ofte vanskeleg å skilja på dei ulike aspekta over, og eit foreining kan godt ha hatt fleire eller alle av dei.

I denne oppgåva kjem *collegium/collegia*, i lag med den norske omsetjinga «foreininga/foreiningar», til å bli nytta som fellestermar for mange antikke termar. Valet av «foreining(ar)» som omsetjing er gjennomtenkt. Eg vurderte fleire ord som dekkjande omsetjing. «Lag», «organisasjon» og «laug» vart vurdert, men fleire av orda har assosiasjonar som ville farga oppgåva. Særskilt var laug, som nokre i forskingslitteraturen nyttar, uaktuelt etter mitt syn. Laug (guild på engelsk) er ein mellomalderterm. Dei mellomalderske lauga hadde ofte ein form for marknadskontroll der dei fordelte arbeid, og ofte var monopolistar på eit yrke i ein by. Termen er gjerne knytt til eit yrke, til dømes smedlauget. Det er svært lite prov som tilseier at *collegia* hadde slike funksjonar, og bruken av «laug» synonymt med *collegia* ville difor våre uheldig. «Foreining» meiner eg er det mest nøytrale og vidtspennande omgrepet, og som best femnar om *collegia* i det norske språket.

I kjeldematerialet finn ein ulike ord på både gresk og latin som femnar om det same konseptet. *Collegium, secta, factio, hetaeria, thaisos, eranos og koinon* med fleire syner alle å bli brukt om det denne oppgåva ser på som foreiningar. Eg hevdar at desse kan, med litt aktsemd, kan sjåast på som skildrande for det same.<sup>4</sup>

## 1.2 *Collegia*-forskinga i eit historiografisk perspektiv

Det har vore forska på *collegia* i over 150 år. Gjennom denne perioden har det vorte postulert fleire ulike syn på foreiningar. Nokre har argumentert for at dei hadde ei

---

<sup>4</sup> Sjølv om eg no vel å inkludera desse i ein felles bolck, *collegia*, kjem eg til å sjå på bruken av dei ulike orda i deira kontekst og handsama dei kjeldekritisk utifrå dette. *Hetaeriae*, som Trajan til dømes nyttar når han svarar Plinius i Plin. *Ep.* 10.34, blir nytta som eit nedsetjande omgrep på ei foreining.

marknadsregulerande rolle. Nokre meiner at dei berre var sosiale grupper. Dette kapittelet tar sikte på å skildra korleis forskinga har utvikla og endra seg historisk gjennom perioden det har blitt forska på *collegia*. Til slutt blir forskingsfronten på temaet oppgåva handsamar, dei juridiske og lovlege aspekta av *collegia*, diskutert.

### 1.2.1 Theodor Mommsen (1817-1903)

«[...]before the creation of the Corpus Inscriptionum Latinarum, students of Roman society had been dimly aware of the existence of ‘*collegia*’[...]»

Perry, *Roman Collegia*<sup>5</sup>

Føregansmannen for både samlinga av dei latinske inskripsjonane og den fyrste grundige studia av *collegia*, var Teodor Mommsen. I verket *De Collegiis et Sodaliciis Romanorum* (1843) såg Mommsen på dei juridiske delane av *collegia*-verksemda, *de jure collegiorum* og ikkje korleis *collegia* fungerte i samfunnet eller var bygd opp, *de forma*.<sup>6</sup> Han diskuterte vidare korleis *collegia* ligg i grenselandet mellom offentleg og privat lov. Han såg òg på, og etablerer, foreiningstypen *collegia funeraticia*, gravferdsforeiningar, med bakgrunn i tolking av CIL XIV 2112, som skildrar ei foreining i Lanuvium, og *Dig.* 47.22.4.

Mommsen sitt verk har eg berre kjennskap til frå andre tekstar nytta i denne oppgåva av di det i heilskap er skriva på latin. I andre verk, som *History of the Roman Republic*, blir *collegia* i liten grad handsama.<sup>7</sup> Eg har difor basert meg på Perry sin diskusjon av Mommsen.<sup>8</sup>

Mommsen er ein av dei fyrste som diskuterer *collegia* som fenomen, og han danna utgangspunktet for nærast all vidare diskusjon. Sjølv om mange i dag er kritiske til delar av konklusjonane til Mommsen, til dømes momentet med reine gravferdsforeiningar, står han framleis att som ein av dei absolutt store på forskingsfeltet.

Etter publikasjonen av *De collegiis* bytjar Mommsen med samlinga av *Corpus Inscriptionum Latinarum*, som truleg kan skildrast som hans livsverk, ein milepåle i forskinga og «one of the most significant landmarks of classical scholarship in the past two centuries».<sup>9</sup> Dette er eit

---

<sup>5</sup> Perry 2006 5

<sup>6</sup> Mommsen 1843 117

<sup>7</sup> Mommsen 1888

<sup>8</sup> Perry 2006

<sup>9</sup> Ibid. 28

korpus som inneheld alle kjende inskripsjonar på latin, og verket blir oppdatert den dag i dag med nye funn etter kvart som dei blir gjort. Det var fyrst med dette, og liknande korpusar i seinare tid<sup>10</sup>, at ein kunne få oversikt over det enorme kjeldematerialet. Dette gjorde det mogleg å samanlikna ulike og like inskripsjonar, og danna eit tydelegare bilete av *collegia* i kjeldematerialet. Det har mellom anna mogleggjort kvantitative undersøkingar som Liu presenterer i *Collegia Centonariorum: The Guilds of Textile Dealers in the Roman West*.<sup>11</sup> Her har ho sett på *collegia centonariorum*, og til dømes sett kor mange gonger desse foreininga går att i kjeldematerialet.

### 1.2.2 Jean Pierre Waltzing (1857-1929)

Før Waltzing, men etter at Mommsen hadde utgitt CIL, var det mange som byrjar å undersøka dei romerske *collegia*. Både Hermann Maué, *Die Vereine der fabri, centonarii und dendrophori im römischen Reich* (1886) og Traugott Shiess, *Die römischen collegia funeraticia nach den Inschriften* (1888), meinte det eksisterte «charitable societies», foreiningar til dei fattige si fremme, i det romerske imperiet. Perry argumenterer for at desse godt kan vera påverka av dåtidas politiske miljø, med Bismarck som forma og vidareutvikla sin velferdsstat.<sup>12</sup> Vidare er Wilhelm Libenam, *Zur Geschichte und Organisation der römischen Vereinswesens* (1890), verd å nemna. Han skal ha presentert den fyrste ordentlege av studiet det epigrafiske materialet med omsyn til *collegia*, og argumenterte med at ein ikkje berre måtte ha fokus på dei øvre samfunnsklassane, men òg på mannen i gata.<sup>13</sup> Dette er liknande forskingstrenden «history from below», som vaks fram seinare.

Waltzing, som delvis levde samstundes med Mommsen, gav i perioden 1895-1900 ut boka *Étude historique sur les corporations professionnelles chez les romains depuis les origines jusqu'à la chute de l'Empire d'Occident*.<sup>14</sup> I si undersøking av dei romerske *collegia* fokuserer Waltzing på det han kallar dei «profesjonelle foreiningar» (fr: corporations professionnelles, lat: *collegia artificum*).<sup>15</sup> Desse skal ha hatt eit handelsaspekt, men Waltzing hevdar at dei hadde eit sekundært aspekt, som kanskje var viktigare enn det primære. Det sekundære aspektet kan ha vore gravferder, handel og/eller politikk. Han hevdar at nær alle foreiningar hadde eit

---

<sup>10</sup> Til dømes ILS og CIG

<sup>11</sup> Liu 2009

<sup>12</sup> Perry 2006 65

<sup>13</sup> Ibid. 67

<sup>14</sup> Waltzing 1895-1900

<sup>15</sup> Greenidge 1896 50-51

religiøst aspekt, og tett knytt til dette var det svært vanleg å gravlegga sine medlemmer.<sup>16</sup> Det einaste Waltzing avskriv er at foreiningane var til for å vera velgjerande eller for å hjelpa kvarandre, noko Mommsen argumenterer for.<sup>17</sup>

Waltzing konkluderer mellom anna med at dei romerske foreiningane ikkje er eit viktig bidrag til den sosiale, politiske eller økonomiske verdshistoria, og at foreiningane i frå den tidlegaste tid til midten av republikken var «[...] working-men's clubs, and nothing more».<sup>18</sup> Desse foreiningane påstår Waltzing kunne vera eit supplement til, og kanskje erstatta, familietilknytning.<sup>19</sup> Vidare var Waltzing klår på at dei ikkje var ein trussel for keisarane og senatet.<sup>20</sup> Han gjekk faktisk so langt som å det var best for staten ved å «tolerating, and even by encouraging, associations of this sort».<sup>21</sup> Fyrst seinare i imperiet skal foreiningane ha blitt viktige, og Waltzing grunnir dette med at dei skal ha vorte ein del av den romerske administrasjonen.<sup>22</sup> Waltzing har lite fokus på senatet sin juridiske påverknad på foreiningar, før eit senatsvedtak om å oppløysa foreiningar kom i 64 fvt.<sup>23</sup>

I keisartida konstaterer han at det var lovlege og ulovlege foreiningar, og at det skal ha vore to typar ulovlege foreiningar, *collegium illicitum* (dei som ikkje hadde fått løyve til å eksistera) og *collegium cui non licet coire* (dei som, lovlege eller ei, var farlege eller kriminelle). Dei lovlege foreiningane hadde enten fått løyve på bakgrunn av deira *causa*, grunn til å eksistera, og at det skal ha vore regulering, eller var av ein generell sort, *collegium tenuiroom*, som skulle ha lov til å eksistera på generelt grunnlag, eit syn som er likt det Mommsen har.<sup>24</sup> Dette syner baserer dei på ein inskripsjon frå Lanuvium me skal diskutera seinare.<sup>25</sup>

---

<sup>16</sup> Ibid. 53; Perry 2006 76

<sup>17</sup> Greenidge 1896 51,54 «With regard to the guilds which bear this particular title, Waltzing decidedly rejects Mommsen's view that they were associations for mutual help as well as funerary societies on the ground that 'neither in the authors nor in inscriptions is there mention of a chest or of extraordinary contributions' (i.e. contributions other than the burial subscriptions) 'or of expenditure applied to the help of the indigent or infirm».

<sup>18</sup> Ibid. 50-51

<sup>19</sup> Perry 2006 77«The community of industry and of interests replaced the ties of blood, and did not the «confrères» possess, like the family, their common cult, their common meals, their common burial place?» Waltzing 1895-1900 omsett av Perry 2006 77

<sup>20</sup> Perry 2006 63,79

<sup>21</sup> Ibid.

<sup>22</sup> Greenidge 1896 51

<sup>23</sup> Ibid. 52-53 Dette senatsvedtaket blir diskutert seinare.

<sup>24</sup> Ibid. 52 Både brukar CIL XIV.2112 og Dig 47.22.1 som både vil bli diskutert seinare i oppgåva.

<sup>25</sup> I kapittel 6.1

I si samtid vart Waltzing sitt bidrag sett på som ei uttømming av det eksisterande kjeldematerialet. A. H. J. Greenidge skriv:

«Although it is impossible to ascribe finality to any work based on epigraphic evidence, it is yet possible to recognize where a nearly final analysis of one department of such evidence, so far as it has been collected, has been made.»<sup>26</sup>

### 1.2.3 Fascismen og *collegia*forskinga i Italia

I fascismens Italia forsøkte ein ofte å dra sine røter heilt attende til Romerriket for å legitimera sitt styresett og underbyggja nasjonalkjensla. I år 12 i den korporative staten Italia (1934) vart det oppretta eit institutt, *scuola di perfezionamento in studia corporativi*, der juridiske forskarar skulle sjå på historia til korporativismen. Korporativismen var ifylje Mussolini «one of the «most innovative» and «most revolutionary» creations of the regime, an entirely new model for economic relations among the nation's various social classes».<sup>27</sup> Grunntanken til korporativismen blir av Perry skildra som «the restructuring of each industry in a vertical pattern, with managers and workers committed to the betterment of the organization as a whole». Det viktige her er det vertikale aspektet, der tanken var å viska ut skilja mellom direktør og arbeidar.

Det fascistiske idealet med korporativismen vart òg gjeldande i forskinga, og ein ser tydelege teikn på at Mussolini sitt styre ville nytta forskning til å legitimera sitt styresett. Det vart oppretta eit eige universitetsråd, *Gruppi Universitari Fascisti (GUF)*, som førte tilsyn med alle universiteta og sikra dei var i god fascistisk and.<sup>28</sup> Det fascistiske finn ein òg truleg att i *collegia*-forskinga, der fleire samanliknar *collegia* i Romerriket med «corporativismo» i Fascist-Italia. Dømer på det som no blir sett på som fascistisk *collegia*-forsking er Alfredo Pino-Branca og Francesco G. Lo Bianco. Pino-Branca skriv i sin *La funzione sociale dell Corporazioni nella storia*: «Granted the possibility of diverse forms, in consequence of the diversity of periods, the analogous function, the unique goal the corporative entity has always pursued, demonstrate the perfect continuity of the corporative entity, as well as their substantial sameness, even though this formal title is lacking.»<sup>29</sup> Vidare står det at i ein

---

<sup>26</sup> Greenidge 1896 50

<sup>27</sup> Perry 2006 91

<sup>28</sup> Ibid. 90

<sup>29</sup> Sitert i ibid. 103

«family, horde, clan, tribe, confederation, city-state, nation, or empire, association in a community has been the only sensible way to corral the collective ambitions of individuals in historical terms».<sup>30</sup>

Ein av dei viktigaste forskarane i det tjuande hundreåret, Francesco Maria De Robertis, byrjar òg si forskning i denne perioden. De Robertis forskar på det han kallar «fenomeno associativo», det assosiative fenomen. Med han sine tre definerande verk: *Il diritto associativo romano dai collegi della Repubblica alle corporazioni del Basso Impero*, *Il fenomeno associativo nel mondo romano dai collegi della Repubblica alle corporazioni del Basso Impero* og *Storia delle corporazioni e del regime associativo nel mondo romano* har han vore ein av dei viktigaste forskarane i det førre hundreåret.<sup>31</sup>

De Robertis deler mange av synspunkta til Waltzing, og meiner mellom anna at folk som delte same yrke fekk lov, under forskjellig grad av statleg kontroll, til å møtast og danna små foreiningar med ei svært avgrensa aktivitetssfære. Dette til forskjell frå det fascistiske Italia, der staten oppfordra til dette.<sup>32</sup> Han konkluderte med at det ikkje var mogleg å finna samanfallande likskapar mellom antikkens *collegia* og *fenomeno associativo* i det fascistiske Italia av di det var for mange ulikskapar mellom dei to tidsperiodane. De Robertis er av både Perry og Duff (under) sett på som ein av dei få frå denne perioden som ikkje er påverka av den fascistiske agendaen.<sup>33</sup> Der dei fleste italienske foreiningsforskarane konkluderte med at det var klare parallellar mellom Italia og Roma, og at dei italienske selskapa i stor grad var like som dei romerske *collegia*, trakk ikkje De Robertis slike parallellar og konklusjonar. I si melding om De Robertis si bok skriv P. W. Duff:

«Some suspicion may be felt in approaching a History of Corporations emanating from Bari, famous for its broadcasts, in the year xvi of the Corporative State. It is hardly likely that the work would have been planned on such a scale under a government less interested in such matters; but it is our pleasant duty to record that the present volume is, with trifling exceptions, admirably free from Propaganda.»<sup>34</sup>

---

<sup>30</sup> Ibid. 104

<sup>31</sup> Ibid. 93

<sup>32</sup> Ibid. 99

<sup>33</sup> Ibid. 94

<sup>34</sup> Duff 1942 129

## 1.2.4 I fotspora til Waltzing og Mommsen

*Collegia*-forskinga har i den seinare tida vorte mangslungen og fleire har byrja å sjå på foreiningane som noko meir enn «working-men's clubs». Nokon, som Jerrard, har diskutert om *collegia* kan ha vore «the first trade unions». <sup>35</sup> Utan å gå djupt inn i diskusjonen kring denne artikkelen, meiner eg at Jerrard har overvurdert *collegia* sin marknadsregulerande og fagforeiningsliknande funksjonar. Eg meiner desse må ha vore nesten ikkje-eksisterande, og kjeldegrunnlaget gir ikkje grunnlag for ein slik påståand. Det er òg lite gehør i den eksisterande forskingslitteraturen for eit slikt synspunkt.

Nokre, deriblant De Robertis som fortsette å forska etter fascismens fall, byrja å sjå på foreiningar i eit klasseaspekt. Denne retninga, som fell under marxistisk historieskriving, hevdar at *collegia* var til for dei lågare klassane i samfunnet, arbeidarane. <sup>36</sup> Vidare har det sosiale aspektet fått ein større plass i forskingslitteraturen etter andre verdskrig, i samsvar med den generelle historietrenda. Med «history from below»-aspektet fekk ein her sett på enkeltmannshistorie, og skildra korleis grupper som tidlegare ikkje hadde fått plass i forskingslitteraturen. <sup>37</sup>

Meir forskning legg vekt på sosial- og klasseaspektet av *collegia*-forskinga. Rostovtzeff la i si forskning vekt på gravferdsaspektet til foreiningane, og skriv: «There were other societies [kristen samfunn og grupper], some professional and some religious. The latter included an infinite number of burial clubs (*collegia tenuiorum*, literally «associations for the poor»), whose object was to secure to their members a decent funeral.» <sup>38</sup> Og MacMullen har skrivne om at *collegia* kunne ha sine egne plassar, *scholae*, der dei samlast for «[...] pure comradeship. Friends liked to get together of an evening to eat, drink and be merry». <sup>39</sup> Både Géza Alföldy og Keith Hopkins er innom same tematikk, og har mellom anna diskutert at ein av grunnane til å delta i eit *collegium* var godar som gratis mat under festar. <sup>40</sup>

Etterkrigsforskinga har òg sett på kva politisk rolle *collegia* kan ha hatt. Wallace-Hadrill har mellom anna sett på korleis eit *collegium* kan ha patronar, og han skildrar det som vanleg at

---

<sup>35</sup> Jerrard 1997

<sup>36</sup> Perry 2006 195

<sup>37</sup> Ibid. 194-96 For meir om det marxistisk historie og antropologi i historia i med anna Burke 2008 og Melve 2010

<sup>38</sup> Rostovtzeff 1975 249

<sup>39</sup> MacMullen 1974 77

<sup>40</sup> Alföldy 1985 134-35; Hopkins 1983 214-15



foreiningar hadde ei eller fleire patronar dei hadde relasjonar til. Høva mellom ei foreining og ein patron fungerte vanlegvis med at patronen gav *collegia* pengar, som dei mellom anna nytta på mat, gravferder, statuar eller bygningar, noko oppgåva kjem inn på i kapittel seks. Dette har MacMullen òg diskutert, og nemner at *collegia* kunne knyta til seg svært viktige personar som patronar.<sup>41</sup>

Forskinga har òg sett på *collegia* og val. Jongman har til dømes sett på *collegia vici et compiti* i Pompeii og kor vidt dette var eit *collegium*, og korleis dette kunne ha påverknad under val.<sup>42</sup>

Dei fleste av forskarane i denne perioden har òg sett på *collegia* og staten sitt samspel, og særskilt om keisarane kan ha sett på *collegia* som ein trussel. Dette diskuterer Moeller mellom anna med omsyn til opprøret i Pompeii.<sup>43</sup>

Eit hovudtrekk i forkinga er at ein ser på foreiningar som noko meir enn reine gravferdsforeiningar, som den tidlegaste forkinga konkluderte med. Vidare er ein opptatt av å nyansera synet på at det var ei absolutt negativ haldning til foreiningar, og fleire har sett på kor vidt det synet som kjem fram i litteraturen og lovene om senatet og keisarane sine haldningar og handlingar til *collegia* er representativt for den *de facto* handteringa av *collegia*.

### 1.2.5 Forskingsfront og forskning på regulering av *collegia*

Det har blitt sett mykje på *collegia* dei siste tiåra. Perry er ein av dei som har sett på *collegia*-forskinga i eit historiografisk perspektiv.<sup>44</sup> Gjennom si bok gjer han greie for korleis ein har forska på *collegia*, og kva trendar som har påverka *collegia*-forskinga. Vidare har det blitt publisert fleire bøker med artikkelsamlingar med *collegia* som gjennomgangstema. Her har ein til dømes *Voluntary Associations in the Graeco-Roman World* (1996),<sup>45</sup> der fleire artikkelforfattarar diskuterer ulike moment og tar forskingsfeltet i nye retningar. Det er òg gitt ut monografiar som rettar søkjelys på delar av *collegia*-forskinga.

Her har mellom anna Liu bidratt med den svært grundige *Collegia Centonariorum: The Guilds of Textile Dealers in the Roman West*. Liu diskuterer både kva *collegia centonariorum*

---

<sup>41</sup> MacMullen 1974 76 Det er mange som har sett på patron-cliens-høve og *collegia*. Nokre andre døme er Patterson 1992; Hemelrijk 2008

<sup>42</sup> Jongman 1988 291-93 Som me har sett tidlegare er *vici* ei gruppe menneskje, truleg busett i det same området, som kan ha foreiningsliknande trekk.

<sup>43</sup> Moeller 1976 84

<sup>44</sup> Perry 2006

<sup>45</sup> Wilson og Kloppenborg 1996

var i provinsane og ser på det generelle rammeverket for *collegia*.<sup>46</sup> Som me skal sjå seinare, diskuterer Plinius d.y. og keisar Trajan om det skal opprettast eit brannkorps, omtala som *collegia centonariorum*, i Plinius sin provins.

Sidan Mommsen og Waltzing, som baa diskuterte dei juridiske aspekta og reguleringa av *collegia*, har fleire forskarar handsama korleis foreiningar har blitt forsøkt regulert.

Tematikken i denne forskinga er i hovudsak i kva grad foreiningar vart regulert, om lovene og vedtaka som vart fatta hadde effekt, og om haldninga til *collegia* hadde endra seg.

Mykje av forskinga er ofte svært spesifikk på eitt tilfelle, eller eitt geografisk område, og det er i mindre grad blitt gjort forsøk på å sjå på problematikken i eit større perspektiv. Av bidrag her kan det nemnast Arnaoutoglou som ser på *collegia* i Egypt og Vetle-Asia.<sup>47</sup> Ligt har set på og tolka kva betyding *Dig.* 47.22.1 hadde for foreiningar, og på statleg kontroll av marknadar og *collegia*.<sup>48</sup> Liu har òg skrivne fleire artiklar som tar for seg *collegia* i Pompeii, og ein meir generell artikkel som ser på korleis foreiningar har blitt handsama av lokalstyrene i provinsane.<sup>49</sup> Nijf har òg bidratt til dette fagområdet med artiklar og bøker. Han har mellom anna sett på det sosiale aspektet og til foreiningar, internstruktur og undergruppene atletar og artistar og deira foreiningar.<sup>50</sup>

Eit bidrag til den generelle forståinga av *collegia* og regulering ved lov, har Wendy Cotter gjort i sitt bokkapittel «*Collegia and Roman Law*». På ein konsis og god måte skildrar Cotter korleis reguleringa av *collegia* kan ha hendt, men kapittelet er ikkje uttømmmande på feltet.<sup>51</sup>

---

<sup>46</sup> Liu 2009

<sup>47</sup>Til dømes ser Arnaoutoglou 2005 på *collegia* i dei egyptiske provinsane i det fyrste hundreåret, og på romersk lov og foreiningar i Vetle-Asia i Arnaoutoglou 2002

<sup>48</sup> I Ligt 2001 ser han på korleis eit avsnitt av *Digesta*, som me òg skal sjå på seinare, opnar for og regulerte det han kallar «Semi-public *collegia*». Ligt 2000 er eit motsvar til Shaw 1981 som i sin artikkel argumenterer for at det har vore sterk kontroll av marknadar i Nord-Afrika. Ligt ser vidare òg på, og samanliknar, reguleringa av foreiningar.

<sup>49</sup> I Liu 2005 blir det mellom anna gjennomført ei analyse av *Lex Irnitana*, som denne oppgåva skal sjå på seinare, og ho diskuterer *collegia* og regulering av desse i provinsane. I Liu 2008 blir det gjennomført ei grundig analyse av prova frå Pompeii.

<sup>50</sup> I Nijf 1997 ser han på foreiningar i Vetle-Asia og mellom anna korleis desse passa inn i samfunnet. Nijf 2002 ser på det sosiale aspektet ved foreiningar, og gjer eit forsøk på å samanlikna og forstå «the sociability» i dei romerske *collegia* ved å komparativt samanlikna desse med ein Nederlands friviljuge byvakt (Schutterij) på femten- og sekstenhundretalet. I Nijf 2006 blir det gjort ei undersøking av idrettsmenn og artistar, og der mellom anna aspektet at dei har hatt foreiningar blir diskutert.

<sup>51</sup> Cotter 1996

## 1.3 Avgrensingar

For at masterprosjektet skulle kunne gjennomførast, var det naudsynt å gjera nokre avgrensingar. Dette gjer at eg ikkje kan handsama alle aspekt ved *collegia*, verken i tid eller rom. Fylgjande avgrensingar har difor blitt tatt:

### 1.3.1 Tid

Tidsperioden ein finn spor etter *collegia* i er stor. Den verken byrjar der oppgåva byrjar, eller sluttar der oppgåva sluttar. For at oppgåva skulle kunna gjennomførast var det naudsynt å avgrensa den i tid. Oppgåva vil difor handsama *collegia* frå kring 200 fvt. til kring 200 evt., med hovudtyngda på perioden 64 fvt.-140 evt.

Avgrensinga skjer på bakgrunn av fleire moment. For det fyrste er det kjeldesituasjonen. Oppgåva dekkjer ei periode på 400 år, der ein gjennom kjeldesituasjonen kan sjå endringar i haldninga til *collegia*, samstundes som ein ser eit overordna bilete på korleis dei styrande såg på foreiningar. Perioden byrjar med *senatus consultum de bacchanalibus* i 186 fvt., og strekk seg til då juristane skreiv ned *De collegiis et corporibus*, eit avsnitt i *Digesta*.<sup>52</sup>

Mykje av perioden ligg under *pax romana*, den romerske freden.<sup>53</sup> Som kjend har Romerriket sin maksimale utstrekning under keisar Trajan i 117 evt., og det var velstand i mykje av riket, og truleg særskilt i Sentral-Italia.<sup>54</sup> Dette kan nok karakteriserast som gullalderen til imperiet. Det er òg i denne perioden ein går frå republikk til imperium, og utover i perioden utviklar det seg ei sterk sentralmakt med eineveldige keisarar.

Ei utfordring med tidsaspektet er at det strekk seg over 400 år. Oppgåva vil difor basera seg på ein kronologisk gjennomgang av senatet og keisarane sine haldningar til *collegia*. Dette gjer at ein kan sjå endringar og utvikling, som gjer at ein betre kan forstå *collegia* i si samtid.

### 1.3.2 Geografisk

Oppgåva vil nytta eit utval av kjelder, som har ei geografisk spreining, men vil i hovudsak handsama kjelder frå Roma eller Sentral-Italia. Dette gjeld tekstar som skildrar keisarlege verksemder og lover, og senatsvedtak. Nokre av tekstane handsamar høve som ikkje hender i

---

<sup>52</sup> *Dig.* 47.22

<sup>53</sup> 27 fvt. til 180 evt. ifylgje *Encyclopædia Britannica* (Pax Romana 2015) og 70-192 evt. ifylgje *The Cambridge Ancient History* referert til i Goffart 1989 111

<sup>54</sup> Taagepera 1979 118

Sentral-Italia eller Roma, til dømes ei brevutveksling mellom keisar Trajan og provinsguvernør Plinius d.y.

Ein veit at keisarane og senatet hadde meir påverknad i Sentral-Italia enn i dei fleste provinsane.<sup>55</sup> Der det i det sentrale Italia var senatet og keisarane som direkte styrte, var det i provinsane eigne provinsguvernørar som styrte på vegne av Roma. Dei hadde ein større grad av autonomi med eigne reglar. Det var ofte òg den som hadde ansvar for styring i provinsane som kravde inn skattar.<sup>56</sup> Unntaket frå dette er Egypt, der dei hadde ein eigen prefekt direkte utpekt av keisaren som gjorde at ein i større grad utøvde direkte kontroll frå Roma.<sup>57</sup> Ein av hovudgrunnane til dette er at Egypt fungerte som kornkammer for Roma, og ei stabil kornforsyning var essensiell for Romas ve og vel.<sup>58</sup>

## 1.4 Problemstilling

Oppgåva vil forsøkja å svara på fyljande problemstilling:

- ◆ Kva var dei romerske makthavarane sine haldningar til foreiningar (*collegia*) i seinrepublikken og keisartida, og kva var grunnen til desse haldningane mot foreiningane?
- ◆ Korleis regulerte ein *collegia* gjennom lover, vedtak og reglar, og korleis speglar dette haldningane til *collegia*?
- ◆ Korleis regulerte ei foreining seg sjølv, og korleis står dette i relasjon til lovene og reglane som regulerte foreiningane?

Dette vil oppgåva forsøkja å svara gjennom å diskutera ulike senatsvedtak og keisarane sine haldningar frå seinrepublikken og tidleg keisartid. I tillegg vil eg nytta ei foreining i Lanuvium sine vedtekter, og ein provinslov, *Lex Irnitana*, for å forsøkja å gi eit best mogleg bilete.

---

<sup>55</sup> Lintott 1993 Kap. 8

<sup>56</sup> Ibid.

<sup>57</sup> Ibid. 126-28

<sup>58</sup> Erdkamp 2005 230-37

## 1.5 Kjeldene

Oppgåva baserer seg på tre typar kjelder, epigrafiske, litterære og juridiske. Desse har ulike kjeldekritiske utfordringar, og oppgåva vil her raskt gjera greie for desse.

### 1.5.1 Epigrafiske

Denne oppgåva vil basera seg på andre sine tolkingar og omsetjingar av det epigrafiske materialet. Som me skal sjå under diskusjonen av Lanuvium-teksten, er det ikkje semje om kva som er korrekt attgjeving av teksten, og ofte omset ein òg ulikt frå latin til engelsk. Gjennom oppgåva vil eg, der det er føremålstenleg, syna ulike tolkingar og omsetjingar for å forsøkja å attskapa det mest mogleg korrekte bilete.

Eit moment som er viktig å ha med seg med omsyn til epigrafiske kjelder, er at ein må stilla spørsmål ved kvifor ein valde å skriva noko i stein. Prosessen med å laga ein inskripsjon var ofte dyr, og ein hyra ofte inn ein eigen steinhoggar til å gjera jobben.<sup>59</sup> Ein må difor kunna anta at det på ingen måte var alt som var viktig nok til å bli meisla inn i ein inskripsjon.

Vidare må inskripsjonar truleg ha hatt ein meir ekstern funksjon, oppslått på gravsteinar, tempel eller *scholae*, foreiningshus. Dette vil truleg òg ha påverka innhaldet på det som vart skrive, truleg i favør ei positiv framstilling av innhaldet med det formål å skryta eller heidra.

I forståing av inskripsjonar har eg funne stor glede i Keppie si utmerka bok *Understanding Roman Inscriptions*.<sup>60</sup> Vidare har eg òg nytta meg av Sandys si *Latin Epigraphy: An introduction to the study of Latin inscriptions*.<sup>61</sup>

Det har i seinare tid blitt gitt ut gode kjeldesamlingar som gjer kjeldematerialet til *collegia* meir tilgjengeleg for fleire. Til dømes er *Associations in the Greco-Roman World - A sourcebook* (2012)<sup>62</sup> utmerka. Slike samlingar med omsette inskripsjonar og papyri gjer undersøking av *collegia* lettare tilgjengeleg.

---

<sup>59</sup> Keppie 1991 12 Framgangsmåten for å laga ein inskripsjon var truleg slik at ein skreiv ned informasjonen på papyrus, tok med dette til ein steinhoggar, ein *lapicida* eller *faber lapidarius*. Der valde ein ut steinen ein ynskja, steinhoggaren hadde truleg ein del halvfabrikata klare, og laga utforminga på inskripsjonen. Når ein so var samd om design og pris, gjekk steinhoggaren i gang med å utforma steinflata og meisla inn bokstavane.

<sup>60</sup> Ibid.

<sup>61</sup> Sandys 1974

<sup>62</sup> Ascough, Harland, og Kloppenborg 2012

### 1.5.2 Litterære

Fleire av dåtidas historieforteljarar nemner og diskuterer *collegia* i sine verk, til dømes hjå Suetonius, Tacitus og Livius. Ein har òg ei brevvexlingar mellom Trajan og Plinius d.y. Slike tekstar danna grunnlaget for dei litterære kjeldene i oppgåva.

Utfordringane i å bruka slike kjelder er at dei er skrivne ut i frå eit spesifikt tankesett. Dei som skriv er vellukka, velrenommerte og i det øvste sjiktet av samfunnet. Dei skildrar samfunnet frå sitt ståstad, og med eit ovanfrå-og-ned-perspektiv. Og tekstane kan ha politiske motiv, som me skal sjå Cicero truleg hadde. Dette gjer at ein må tolka og forstå dei med dette i mente, for å kunna få eit mest mogleg nyansert bilete.

### 1.5.3 Juridiske

Denne oppgåva er òg tufta på lover, senatsvedtak og andre normative kjelder. Lover skildrar korleis ein ynskja at det fungerte i eit samfunn, men ikkje naudsynt korleis det faktisk var. Sjølv om *collegia* vart gjort ulovlege, er det ikkje sikkert dei forsvann.

Det er fleire lover som er interessante for oppgåva, og som vil bli diskutert i detalj, og særskilt *Digesta*. *Digesta* er ein del av lovene samla under Justinian den fyrste av Romerriket. Han levde i det sjette hundreåret etter vår tidsrekning, mange hundre år etter at lovene skal ha hatt effekt. At dei er samla fleire hundre år etter at dei skal ha vore utsteda, og at dei er samla i ei anna tid og i eit anna samfunn, i Aust-Romerriket etter Vest-Romerrikets fall, gjer det utfordrande å nytta lovane.

Denne kjeldekritiske utfordringa løyser eg ved å datera lovene til dei juristane som er sitert. Dei tre juristane som har skrivne dei lovene denne oppgåva handsamar kan alle daterast til det andre og tredje hundreåret etter vår tidsrekning, og som eg vil argumentera i kapittel fem kan òg lovene ha hatt effekt før dei vart skrivne ned. Dette gjer at lovene kan nyttast å forstå *collegia*-regulering innanfor oppgåva si tidsavgrensing.

## 1.6 Teori og metode

Her vil eg kort syna korleis denne oppgåva vil handsama kjeldene, og raskt greia ut om teori og metode.

### 1.6.1 Val av metode

Oppgåva vil i hovudsak basera seg på tolking og forståing av tekstar og inskripsjonar av juridisk karakter, eller skildringar av lover og reglar. Dette skildrar ofte det normative i eit samfunn, slik det skulle vera, men ikkje alltid slik det var. Lovbrot blir gjort til stadigheit. Det er mange utfordringar med lovkjelder generelt, men særskilt med lover som er nær 2000 år gamle. Kven skreiv dei ned, kva motivasjon hadde dei for å skriva dei ned, kva fridom kan dei ha tatt seg i nedskrivinga? Som Watson skriv: «In most instances we cannot even hazard a guess as to whether the discussion relates to a real episode or is entirely fictitious».<sup>63</sup>

Vidare vil oppgåva vera både kvalitativ og kvantitativ i utvalet av kjelder. I delen om lover og *collegia* kjem eg til å syna til alt av kjeldemateriale meg kjend. I delen om *collegia* sine vedtekter, kjem oppgåva til å diskutera ei kjelde som eg meiner vil gi eit representativt bilete av korleis *collegia* sin internregulering kan ha gått føre seg. Oppgåva vil, som me har sett over, basera seg på fleire kjeldetypar som har sine kjeldekritiske utfordringar. Kjeldekritisk metode vil nyttast for å sikra at desse gir eit mest mogleg riktig bilete av situasjonen dei skildrar.

### 1.6.2 Omsetjingar

Det å nytta omsetjingar byr alltid på utfordringar. Då er det nokon som har tolka teksten før den kan bli tolka i denne oppgåva. Eg vel difor der det er føremålstenleg å presentera engelsk tekst og latin i fotnotane. Grunnen til dette er at eg vil dra ut enkelte termar som eg meiner er definerande for kjelda, og gjennomgå desse ekstra grundig. Når det kjem til greske tekstar, som til dømes i Cassius Dio sin *historia romana*, er eg nøydd å lita på omsetjingane av di eg ikkje har nok kjennskap til gresk til å kunna undersøkjia ordval og omsetjinga.

Det er diskusjon om korleis ein skal lesa og omsetja kjeldematerialet. Fleire av artiklane i denne oppgåva, til dømes Bendlin, gjer ei nyomsetjing av alt omsett kjeldematerialet.<sup>64</sup> Dette er for å tilføra nye perspektiv og nye tolkingar på manglande tekst til eldre omsetjingar. At ord kan omsetjast ulikt er jo dei ulike bibelomsetjingane gode dømer på.<sup>65</sup>

---

<sup>63</sup> Watson 2000 153

<sup>64</sup> Bendlin 2011

<sup>65</sup> Det er so mange som femti omsetjingar av bibelen til engelsk

## Kapittel to

# 2. Kva var *collegia*?

Før oppgåva skal diskutera dei juridiske aspekta av *collegia*, både korleis dei styrande såg på *collegia*, og korleis foreiningane såg på seg sjølv, er det viktig å vera klår over kva *collegia* var, og truleg ikkje var. Det er ingen fasitsvar, men med bakgrunn i kjeldematerialet kan ein skissera eit bilete. Dette kapittelet skal gjera det.

### 2.1 Friviljuge og ufriviljuge foreiningar

I forskingslitteraturen blir det ofte sett eit hovudskilje mellom det som ofte blir omtala som friviljuge foreiningar, «voluntary associations», og ufriviljuge foreiningar, «involuntary associations». Skilje, som eg stør, er godt skildra av S. G. Wilson i sin artikkel «Voluntary associations – An overview». <sup>66</sup> Her skriv Wilson at friviljuge foreiningar er dei som stiftar seg sjølv og der medlemskap er friviljugt, og der det friviljuge medlemskapet er den definerande faktoren. <sup>67</sup>

Eg har forsøkt å skildra friviljuge foreiningar, sterkt inspirert av grunnarbeidet til både Wilson <sup>68</sup>, Kloppeborg <sup>69</sup> og Nijf <sup>70</sup> med mange fleire:

Friviljuge foreiningar er ei gruppe menneskje som frivillig dannar ei foreining av sosiale, økonomiske, religiøse og/eller arbeidsmessige grunnar. Foreininga er styrt av medlemmane og er ikkje til for å fylla eit statleg behov.

Grunnen til at det blir ein og/eller-definisjon av dei friviljuge foreiningane er at ein foreining ofte kunne inneha fleire av dei ovannemnde aspekta. Alle foreiningar hadde eit religiøst aspekt. Som K. Verboven seier det: «It was unthinkable in the ancient world that a community could exist without tutelary deities. *Collegia* were allways also cult associations.» <sup>71</sup> Vidare ytte truleg foreiningane fleire godar til sine medlemmer. Dette kunne vera å betala for gravferder, gi ein sosial arena til medlemmane, eller oppfylle religiøse forpliktingar og ynskjer. Dette vil bli utdjupa seinare i oppgåva.

---

<sup>66</sup> Wilson 1996

<sup>67</sup> Ibid. 1

<sup>68</sup> Ibid.

<sup>69</sup> Kloppenborg 1996

<sup>70</sup> Nijf 1997

<sup>71</sup> Verboven 2011 342



Vidare vil oppgåva basera seg på fylgjande definisjon av ufriviljuge foreiningar

Ufriviljuge foreiningar er ei gruppe menneskje som er oppmoda eller tvunge til å samlast i ein foreining for å bistå eller sikra romerske interesser.

Dei ufriviljuge foreiningane er definert som ein av to ting. Enten er det eit *collegium* du blir fødd inn i, i motsetnad til aktivt medlemskap ved innmelding. Dette kan ha vore grupper menneskje definert av plassen dei bur eller oppheld seg, som by eller bydel og av slektskap gjennom familie og liknande. Dette finn ein dømer på i kjeldene, der ein finn fleire *vici* som ser ut til å ha hatt attributtar som liknar *collegia*. I tillegg er det foreiningar som er oppretta av senatet eller keisaren. Dei sistnemnde var ofte foreiningar oppretta for å oppfylle eit statleg behov, som handel med til dømes korn, eller militære foreiningar.

I tillegg til friviljuge og ufriviljuge foreiningar nyttar forskingslitteraturen både private og profesjonelle foreiningar som definerande termar. I dette høve skil ein mellom profesjonelle foreiningar som er til for å tilfredsstilla eit offentleg behov, som religiøs utøving, og private foreiningar som er dei andre. Dette skil ikkje på friviljugaspektet og eg meiner friviljuge og ufriviljuge foreiningar er meir dekkjande termar.

Sjølv om eg har skissa at det er forskjell på friviljuge og ufriviljuge foreiningar, og at skilje eg vil nytta er friviljug innmelding er ikkje dette skilje absolutt. Medlemsskap, om ein kan kalla det det, er ikkje lett å definera, og ein har høve der ein, sjølv om det å vera medlem var friviljugt, var nærast forplikta til dette. Rundhanda definisjonshandtering vil difor til ei viss grad vera naudsynt.

I tillegg til attributtane skildra over, vil foreiningar ofte ha eit rammeverk som retningslinjer eller lovar som formaliserte deira virke, og magistrat eller verv som dannar ei rangordning i foreininga. Truleg betalte ein ofte òg ei avgift for medlemsskap i foreininga. Grunnen til at dette ikkje blir tatt med i definisjonen er at det ofte er vanskeleg å prova det enkelte *collegia* sine verv eller reglar, sjølv om ein med relativt høgt sannsyn kan anta at dei eksisterte.

## **2.2 Collegia-aspekt**

I motsetnad til dei tidlegaste foreiningsforskarane, som hevda at det var klare foreiningstypar, vil eg i denne oppgåva snakka om aspekt. Eg vil hevda at foreiningar kunne ha fleire ulike

aspekt i same foreining, i motsetnad til tidlegare, der ein til dømes snakkar om reine gravferdsforeiningar.

Det skal merkast at i fleire av lovene oppgåva handsamar er det snakk om spesifikke *collegia*, eller *collegia*-aspekt. Eit døme på dette er det som blir skildra som *religionis causa*, av religiøs grunn. I dette høve blir det skildra at det er lov å møtast av religiøs grunn.<sup>72</sup> I mi aspekt-forståing vil dette forståast som at det religiøse aspektet var lovleg, men at til dømes det sosiale aspektet ikkje var det. Dette bør ikkje tolkast som at det ikkje var eit sosialt aspekt i det religiøse aspektet, men at det religiøse var *causa*, grunnen til at dei fekk *ius coeundi*, rett til å ha møtast.

Vidare vil eg no diskutera dei ulike aspekta foreiningane kan ha hatt. Eg vil byrja med ein generell del eg meiner kan ha vore gjeldande for dei flest foreiningar, og so vil eg gå vidare til dei ulike aspekta som kan ha vore gjeldande i foreiningane.

### **2.2.1 Generelle særtrekk**

Før me ser på dei ulike delane av *collegium*-spekteret, er det på sin plass å etablera dei fellestrekk ein med relativ stor sikkerheit kan seia å gjelda for *collegia*.<sup>73</sup> Dette vil hindra lite naudsynt oppattaking, og danna eit grunnlag å byggja vidare på.

#### 2.2.1.1 Namn

Ofte tar foreiningane namn frå sitt hovudvirke, hovudgruppe medlemmer eller geografisk plass. Ein har til dømes *collegium fabrum tignariorum* som truleg tok sitt namn av di medlemmane var bygningsarbeidarar. Dette tyder ikkje at ei arbeidsforeining var til for å gjennomføra bygningsarbeid. Mest truleg hadde den ein eller fleire av dei aspekta me skal diskutera under, men tok namnet på bakgrunn av medlemsmassa.

#### 2.2.1.2 Medlemmer

Når ein skal finna ut kven som var medlemmer av *collegia*, er det fleire ulike måtar å gjera dette. Ein kan òg nytta inskripsjonane på gravtavler for å finna ut kven som er gravlagd på dei felles gravplassane. Ein kan sjå kva namn som er nemnd i medlemslister, foreininga sitt

---

<sup>72</sup> Dette er eit utsnitt av *Dig. 47.22.1* som vil blir diskutert seinare i oppgåva. Eg går difor ikkje djupare inn på den juridiske tematikken her.

<sup>73</sup> Ein skal vera klår over at ein på ingen måte finn døme på alle særtrekka som blir lista i alle *collegium*.

*album*.<sup>74</sup> Eit døme på eit slik album finn ei i Ostia, hamnebyen til Roma. Her har ein ei liste over medlemmer i *corporati* som har bidratt med gåver til eit tempel. Lista er totalt sju kolonnar vid, der dei to fyrste er for patronar og dei med magistrat. I kolonne 3-7 finn eit totalt 181 namn på medlemmer.<sup>75</sup> Det er òg andre måtar å få innblikk i kven som var medlemmer i eit *collegium*.<sup>76</sup>

Det har mest truleg vore eit spenn i kven som kunne vera medlem av ulike foreiningar. Dette må til dømes ha vore styrt av kva ytingar ein måtte gi til foreininga for å vera medlem. Dette av di fleire inskripsjonar, som til dømes CIL XIV 2112, seier at for å bli medlem måtte ein betala ein større sum pengar, og i CIL XIV 2112 100 sesterius (HS)<sup>77</sup>, ei god flaske vin, noko som truleg fell utanfor den lågare arbeidsklassen sine økonomiske rammer.<sup>78</sup> I tillegg måtte ein truleg bidra med midlar til religiøse festar og andre utgifter, særskilt blant dei med høgare magistrat<sup>79</sup>, noko som ytterlegare auka terskelen.<sup>80</sup> Med rimeleg sannsyn kan ein difor ekskludera dei alle fattigaste frå denne foreininga. Ein finn òg døme, i CIL XIV 2112, på at dei som ville bli medlemmer måtte lesa og setja seg inn i kva virke det *collegia* hadde, og i CIL VI 33885 ser ein at det kunne bli utført ein form for bakgrunnssjekk på dei som ville bli medlemmer, og at det ein fann skulle rapporterast til *quinquennales*.<sup>81</sup> Det var difor truleg ingen automatikk i at ein hadde høve til å blir medlem i ei foreining, noko som òg truleg bidrog til å oppretthalda *collegia* sin status.<sup>82</sup>

Det har truleg ikkje vore slik at alle foreiningar, som den me har sett på over, stilte slike krav til medlemmane sine. Eg vil anta at mange foreiningar var til for dei fattige, og då som fylgje av dette hadde mindre avgifter og utgifter. Utover dette veit ein at medlemsmassen i *collegia*

---

<sup>74</sup> Det eksistere svært mange alba. Frå Roma og Ostia har ein til dømes: Roma: CIL VI 33856; 33857; 33858; Ostia: CIL XIV 246; 247; 250-53.

<sup>75</sup> CIL XIV 264

<sup>76</sup> Her kan ein til dømes sjå på valkampmateriell, heidringsinskripsjonar ol.

<sup>77</sup> For å setja dette i perspektiv kunne ein kjøpa ei krukke kveite for 6-10 HS, og ifylgje Duncan-Jones kunne 5 *modii* per månad gi kring 3000-3500 kcal per dag. I hæren fekk ein alt ifrå 3-5 *modii* kveite som mat. Cato gir òg god innsikt i kva han gav sine slavar. Til dømes fekk ein slave fri frå lenkjer 4-4 ½ *modii* kveite. Eit estimat kan då vera at for å brødfø seg ein månad trengte mellom 18-50 HS. Eit medlemskap i denne foreininga kravde difor 2-5 månadars matutgifter i medlemsavgift. Duncan-Jones 1974 Kap. 4 – Prices in Italy

<sup>78</sup> CIL XIV 2122

<sup>79</sup> I Nijf 2002 308 blir det synt til ei kvantitativ undersøking av magistrata i *collegia fabri, centonarii* og *dendrophori* der det blir synt til at so mange som 2/3 av magistrata vart valde av frie, ein tredjedel av fyrste generasjonar frifødte.

<sup>80</sup> Ibid. Sjå til dømes PMich V 243

<sup>81</sup> Øvste magistrat i foreiningar

<sup>82</sup> Inskripsjonane er henta frå Broekaert 2011 227ff.

kunne vera vertikal. I ei skipsforeiningar kunne ha både dei vanlegare arbeidarane og skipseigarane i same *collegium*.<sup>83</sup>

Ulike *collegia* har truleg hatt ulike medlemsgrupper, og ofte tok dei namn etter dette medlemsmassa eller arbeidet medlemmane utførte. Ein hadde *collegium* for *fabri* (snekkarane), *pistores* (møllarane) og *aurifex* (gullsmedane), for å nemna nokre.<sup>84</sup> Dei religiøse *collegia* hadde medlemmer med same religiøse interesser. Hjø gravferdsforeiningar, ser ein at mange slike foreiningar hadde medlemmer frå same yrket, men som ikkje må ha det, og ein finn døme på andre konstallasjonar som òg samla seg for å sikra ein felles gravplass.<sup>85</sup> I dei sosiale foreiningane er det folk med felles interesser, som til dømes sport, som samlast.<sup>86</sup> Det er òg høgst sannsynleg at folk møttest for å sosialisera, som me har sett fleire har hevda over.

Det er inga regulering som seier at slavar, frigitte eller kvinner ikkje kunne vera deltakande i foreiningar, og ein har epigrafikk som syner at dette har hendt ved høve. Det er derimot ikkje truleg at desse har utgjort ei stor del av foreiningsmedlemmane, dette er i alle høve ikkje mitt inntrykk av kjeldematerialet. Kven som kan ha vore medlemmer av foreiningar vil bli vidare diskutert i kapittel 6.1 som ser på ei foreining i Lanuvium.

### 2.2.1.3 Struktur og reglar

*Collegia* sin interne struktur var truleg inspirert frå samtidas samfunnsoppbygging, og ei foreining kan på mange måtar sjåast på som eit samfunn i samfunnet. Alle medlemmane av eit *collegium* var vanlegvis namngitt *populus*, *ordo* eller *numerus*. Desse kan delast opp i to hovudgrupper: magistratane og *plebs*, resten. Ein hadde leiarar som ofte vart kalla *magistri*, *magistri quinquennales* eller *quinquennales*, sjølv om titlane varierte.<sup>87</sup> Dei to siste titlane

---

<sup>83</sup> Dette kan truleg ha vore høve i *collegium naviculariorum*, skipseigarforeininga. Der er verd å merka seg at denne foreininga har det vore ein del debatt om, særskilt med omsyn til om dei var oppretta og styrt av staten for å sikra kornimporten til Roma. Det er av og til omtala som eit *corpora* og ikkje eit *collegium*. For akkurat dette eksempelet meiner eg ikkje dette har relevans, men det er greitt å vera klår over diskusjonen.

<sup>84</sup> CIL XIII 8344; CIL XII 8255; CIL XIII 5154

<sup>85</sup> Her har ein til dømes døme på fleire familieforeiningar som har sin eigen gravplass. Sjå for eksempel CIL VI 10260, CIL VI 10261 og CIL VI 10262 med fleire.

<sup>86</sup> Ein finn til dømes foreininga for «the sport lovers» som skal ha reist eit merke over Titus Iulius Prophetēs. Nigdelis II.12, i Ascough og Kloppenborg 2011

<sup>87</sup> Royden 1988 14 som syner til: *magister* (CIL V 3411; 3439; og IX 5754), *magister quinquennalis* (CIL VI 321, 996; XI 5816; XIV 370; 371) og *quinquennalis* (CIL IX 2683; XI 2702; XIV 246; 250; 251)

spegla i byrjinga embetets varigheit, fem år.<sup>88</sup> Vidare kunne dei utan høgare embete, *plebs*, vera delt opp i undergrupper, *decuria* eller *centuriae*, som var leia av ein *decurio*, eit system modellert etter den romerske hæren. Medlemmane kunne ha sitt eige råd, *ordo decurionum*, likt slik det var i byar. Og det var truleg her magistrata vart vald. Vidare var det lågare magistrat som var til for å bistå dei høgare magistrata.<sup>89</sup>

I tillegg til *alba*, medlemslister, som me har sett på over, hadde òg *collegium* lister over dei ulike magistrata.<sup>90</sup> Desse listene, *fasti*, er med på å skilja dei vanlege medlemmane frå dei som hadde ein spesiell posisjon.<sup>91</sup> Royden meiner at desse listene truleg ikkje vart like aktivt nytta, og når ein nytta dei var det for å framheva og gi heider til nokre få medlemmer.<sup>92</sup> Det eksisterer òg berre ein *fasti* som har overlevd, noko som kan tyda på at dei var mindre vanlege enn *alba*.<sup>93</sup>

Vidare veit ein at det å vera magistrat, som nemnd over, var dyrt, noko som truleg regulerte kven som kunne inneha desse CIL VI 33995 syner at innehavarane av magistrat måtte skaffa mat og gåver under fellesmåltid.<sup>94</sup> Dette har truleg ført til ei naturleg deling i *collegia*, med parallell til offentlege magistrata der det vart knytt store kostnader til personleg økonomi. Eit døme er at edilar ofte betalte *ludi* av eige lomme.

## 2.2.2 Gravferdsaspektet

Gravferdsaspektet, som i byrjinga var det einaste ein trudde *collegia* dreiv med<sup>95</sup>, er etter mitt syn berre ein del av *collegia*-aspektet. Ein ser at dei fleste foreiningane har eit element av gravferdsgjennomføring.<sup>96</sup>

Tidleg forskning, som Mommsen og Waltzing, meinte at gravferdsforeiningane oppstod som ein måte for arbeidarar å spleisa på kvarandre sine gravferder og vedlikehald av

---

<sup>88</sup> Det er ikkje sikkert at ein faktisk sat i berre fem år, sjølv om tittelen seier dette. Det er mogleg at ein spegla tittelen frå samfunnet, men at lengda ikkje vart regulert på same måte.

<sup>89</sup> Royden 1988 13-15

<sup>90</sup> Om desse listene var over faktiske magistrat, eller over personar som var tilstades på viktige hendingar er usikkert. Uansett gjev dei ein peikepinn på talet av viktige personar, kontra dei som er lista i *alba*.

<sup>91</sup> Dette vart òg gjort gjennom *alba* der ein ofte fyrst lista magistrat og patronar før ein lista dei vanlege medlemmane. Dømer på dette er CIL XIV 246; 247

<sup>92</sup> Royden 1988 17-18

<sup>93</sup> CIL VI.10299

<sup>94</sup> CIL VI.33995 Noko av det same finn ein òg i CIL XIV 2112

<sup>95</sup> Sjø til dømes Waltzing 1895-1900; Mommsen 1843

<sup>96</sup> Ofte omtala som *collegium funeraticium*

gravmonument, og at det difor var eit økonomisk aspekt ved dette. Rostovtzeff skriv at ei av foreiningane sine oppgåver var «to secure their members a decent funeral».<sup>97</sup> Dette semjer eg i. Vidare meiner fleire, som Hopkins, at det var kostnadane til ei personleg gravferd og minnesmerke som gjorde det attraktivt å delta i slike foreiningar.<sup>98</sup> Å ikkje få ei god gravferd kunne føra med seg problem i etterlivet for den døde, og problem for den døde sin familie.<sup>99</sup>

At ein må ha ei god gravferd for at etterlivet skal bli bra er eit viktig argument her. Trua på eit godt etterliv var sterk, og for å få dette måtte ein oppfylle visse kriterium. Nokre av desse kriteria var kostbare. Duncan-Jones, som har arbeida med økonomi i Det romerske imperiet, har sett på gravleggingskostnadane. Dei 91 kjende kostnadane gir oss eit haldepunkt på kva det kan ha kosta å gravlegga nokon.<sup>100</sup>

Sesterius (HS)	Treff
500 000 – 100 000	10 (11%)
99 000 – 50 000	7 (7,7 %)
49 000 – 20 000	13 (14,3 %)
19 000 – 10 000	17 (18,7 %)
9 000 – 5 000	13 (14,3 %)
Under 4 000	31 (34,0 %)
Sum	91 (100 %)

Som ein ser er det stor spreing i kjeldematerialet. Opptil 500.000 sesterius for den dyraste gravferda, ned til under 4000 HS for den rimelegaste. For å setja summene i kontekst: 500 sesterius (HS) kunne brødfø ein nøktern bondefamilie eit heilt år.<sup>101</sup> Vidare kan ein anta at det var dyrare å gravleggast rett utanfor Roma grunna plassmangel og at prisnivået generelt var høgare. Mange hadde ikkje råd til å gravleggast i Roma, og kroppane deira vart kasta i groper, *puticuli*, utanfor bygrensa.<sup>102</sup> Om ein ynskja eit godt ettermæle, var dette noko ein måtte

<sup>97</sup> Rostovtzeff 1975 287

<sup>98</sup> Hopkins 1983 211-14

<sup>99</sup> Hope 2008 238

<sup>100</sup> Duncan-Jones 1974 128

<sup>101</sup> Hopkins 1983 202 fn. 2

<sup>102</sup> Ordet *puticuli* meinter Varro vart assosiert med *putscere*, å rotna. Varro, *Ling.* 5.25

Det kan òg ha kome frå *putor* – stank. Dette vitnar om at det var svært lite ærefullt å bli kasta i ei slik *puticuli*. For meir om dette sjå til dømes Hopkins 1983 Kap. 4 – Death in Rome

unggå. Ei dårleg gravferd kunne òg få konsekvensar for den attlevande familien ved at den daude kom attende og heimsøkte slektningar.<sup>103</sup>

Som ein ser ligg nesten 50 prosent av kjeldematerialet under 10 000 sesterius (48,3 prosent), og 31 treff (34 prosent) under 4000 sesterius. Til samanlikning vart det sett av 300 HS til medlemmane i foreininga av Diana og Antinous si gravferd.<sup>104</sup> Eg meiner òg me kan anta at det var forskjell på gravferder. Renommerte og rike personar har truleg nytta meir på si gravferd, og vanlege personar har nytta mindre. Eg stør difor Hopkins som i «Death in Rome» skriv:

«My general impression is that rich Romans spent huge amount of money, relative to the wealth available in their society, in order to create an enduring and ostentatious shelter for their dead.»<sup>105</sup>

Eg er derimot ikkje sikker på at ein kan vera so bastant som enkelte, at det var kostnadane som gjorde at ein trengte gravferdsaspektet. For som me har sett var det relativt dyrt å bli medlem i nokre foreiningar. Om ein ikkje hadde råd til å betala si eiga gravferd, var det ikkje sikkert ein hadde råd til å bli med i slik foreiningar. Dessutan må ein, om ein ser vekk frå gåver frå patronar, sjå på systemet som eit kollektivt spleiselag. Alle måtte ha råd til å bidra når andre døde, noko som ikkje gjorde det billigare for den einskilde, om ein betalte like mykje.<sup>106</sup> Eg vil difor nyansera bilete med å sjå på kva ein gravplass kunne gje den einskilde i høve status og langsiktig tryggleik.

Gjennom ei gravplass i eit *collegium* fekk ein status. Det synte at ein hadde vore noko i livet, eit medlem av ein foreining som hadde råd til å vedlikehalda ein gravplass. Hadde ein vore magistrat eller liknande, ville dette truleg ha stått ved sida av namnet, noko som ytterlegare auka statusen.<sup>107</sup> Vidare gir det òg den gravlagde ei sikkerheit om at ettermælet hans vil bli

---

<sup>103</sup> Hopkins 1983 233-35

<sup>104</sup> «Likewise, it was agreed that whoever from our body has died with his accounts settled, 300 sesterces from the fund will accompany him [...]». Bendlin 2011 k.1, l. 23-25 Her står «k» for kollonne, og «l» for linje i inskripsjonen attgitt i Bendlin. Sjå kapittel 6.1 for ei analyse av denne kjelda.

<sup>105</sup> Hopkins 1983 206

<sup>106</sup> Det er vanskeleg å avgjera kor mykje av foreininga sine midlar som var inntekter og kva som var gåver og stønad frå patronar. Dette vil eg tru avheng av kva type *collegia* det var, samt kor mange medlemmer dei hadde. Ein veit at nokre *collegia* fekk store pengesummar av sine rike velgjerarar, og innmeldingsavgifta kan då ha vore ein måte å sikra ein viss økonomisk standard på medlemmane.

<sup>107</sup> Denne argumentasjonen er inspirert av Verboven 2007

tatt vare på.<sup>108</sup> Det fins, den dag i dag, liknande foreiningar. I Nederland har dei det ein kallar *begrafenisvereniging*, direkte omsett til gravferdsforeining. Her kan ein bli medlem når ein fyller 18 år, og ein betalar ei årleg eller månadleg avgift som går til å dekkja utgifter knytt til gravferda.<sup>109</sup>

Eg vil påstå at grunnen til at ein vart med i gravferdsforeiningar ikkje berre var eit økonomisk val. I nokre høve, der det var ei foreining av fattigare arbeidarar, var det truleg slik at ein vart medlem for å dela på byrdane. I andre høve, truleg blant dei litt meir velståande, var medlemsskap i eit gravferdsforeining truleg ein måte å bevare sitt ettermæle.

### 2.2.3 Det sosiale aspektet

Sosiale aspekt er ein viktig del av foreiningane noko òg MacMullen<sup>110</sup> har framheva, og fleire forskarar snakkar om at mat var eit viktig aspekt å samlast kring, og at ein gjennom ei foreining både kunne vera sosial og mogleg få stønad frå patronar til mat og bankettar.<sup>111</sup> Særskilt er bankettar tydeleg representert i kjeldematerialet<sup>112</sup>, både i inskripsjonar og i litteratur, der ein kan få eit innblikk i kven som betalte for gildet<sup>113</sup> og kva dei åt.<sup>114</sup> Truleg var det utbreidd med slike bankettar. I Varro sin *De re rustica*, om landbruket, skriv Varro:

««Sixty» I repeated. «But to reach such a haul as that you will need a public banquet or somebody's triumph, such as that of Metellus Scipio at that time, or the club dinners which are now so countless that they make the price of provisions go soaring.»<sup>115</sup>

Som ein ser av dette utdraget gjer dei tallause foreiningsmiddagar og bankettane, at prisane på provisjonar gjekk i taket. Ein kan difor med rimelegheit anta at det var ein god del slike

---

<sup>108</sup> Det var strengt kven som fekk nytta gravene til foreiningane. Ein har fleire døme på inskripsjonar som skildrar bøter ein måtte betala om ein gravla nokon i ei foreiningsgrav utan løyve.

<sup>109</sup> Eit døme på ei slik gravferdsforeining er *Begrafeniscereniging Onswedde* som ligg i Onstwedde som har eksisert sidan 1927, og som fungerer ved at medlemmane betalar inn til ei felleskasse, og ved dødsfall betalar felleskassa ut ein gitt sum som skal dekkja utgifter i tilknytning til gravferda. *Begrafeniscereniging Onswedde*

<sup>110</sup> MacMullen 1974 77

<sup>111</sup> Sjå til dømes Alföldy 1985 134-35; Hopkins 1983 214-15

<sup>112</sup> Til dømes finn ein fleire relieff som syner slike bankettar. DAI ROME 84 VW 935 syner to grupper menneskje som et under ein bankett med to personar som serverer. DAI ROME 81.2247 syner ei gruppe menneskje som eit kring eit bord. DAI ROME 84. 3100 syner eit alter med folk som et. Relieffa er henta frå Dunbabin 2003 80; 77; 75

<sup>113</sup> Dette var ofte patronar. Kjeldematerialet syner at ein har gitt både mat, vin og ved høve bestikk og anna naudsynt til foreiningar og religiøse samanslutnader som Augustales. Dette er godt skildra i *ibid.* kap. 3

<sup>114</sup> Eit døme er at det vart ete importert frukt på ein bankett for eit handelsmanns-*collegium* i Roma. CIL VI 33885 = ILS 7214

<sup>115</sup> Varro. *Rust.* 3.2.16



middagar, og i so stor grad at dei moglegvis påverka råvareprisane. Eit interessant aspekt blir då kven som betalte for desse middagane, for ein må kunne anta at råvareprisane var dei same for *collegia* og andre. For som Varro vidare skriv:

«If you can't look for this sum in all other years, your aviary, I hope, will not go bankrupt on you.»<sup>116</sup>

Ein skal ikkje ta dette heilt seriøst, at han kunne gå konkurs grunna desse prisane, men det må tydelegvis ha utgjort ei større utgift. Eg vil difor knyta dette opp mot «patron-cliens»-høve og det er truleg at rike patronar kan ha vore dei som betalte for slike dyre foreiningsmiddagar. Dette gjorde at prisane gjekk opp, det er truleg at *collegia* vart avhengig av rike patronar for å arrangera slike middagar av di det var blitt so dyrt.

Fleire av dei store og rikare *collegia* hadde eigne møteplassar, enten åleine eller delt med liknande foreiningar. Her kunne ein samlast til lag, halda møter og andre foreiningsaktivitetar. Slike samlingshus finn ein dømer på i for eksempel Ostia.<sup>117</sup>

Eg vil argumentera for at det ikkje er føremålstenleg å snakka om reine sosiale foreiningar, av di det er svært lite prov for dette i det kjeldematerialet eg har granska. Eg vil vidare påstå at det var eit sosialt aspekt i nært alle *collegia*, men at òg dei fleste foreiningar hadde minst eit eller anna aspekt, ofte religion, som me skal diskutera no.

#### **2.2.4 Det religiøse aspektet**

Mange foreiningar har hatt religion som hovudfokus, og dette aspektet er tydeleg representert i kjeldematerialet. Religion gjennomsyra samfunnet og det gjennomsyra foreiningar. Alle foreiningar hadde truleg eit religiøst aspekt, om det var offer, middagar eller tilbeding av ein guddom. Det er derimot nokre foreiningar som klårt hadde religion som hovudvirke.

Dei mest kjende religiøse *collegia* er dei fire store religiøse: *quattuor amplissima collegia*,<sup>118</sup> som var *pontifices*, *augures*, *quindecemviri* og *epulones*. Slike foreiningar er ikkje relevante for oppgåva si problemstilling. Desse var i motsetnad til mindre grupper og kultar

---

<sup>116</sup> Ibid.

<sup>117</sup> Stöger 2009 108:2

<sup>118</sup> Aug. *Anc* 9.1

profesjonelle, og hang ilag med det romerske styresettet. *Pontifex maximus*, som leia pontifikalkollegiet, var til dømes frå principatet av keisaren.

Når det kjem til dei mindre og meir private *collegia*, finn ein svært mange foreiningar eller kultar som dyrkar sin guddom. Som me skal sjå på seinare var det til dømes ei foreining som tilbad Diana og Antinous. I vedtektene deira har ein til dømes faste middagar på dei to guddommane sine bursdagar, og dei er knytt til Antinoustempelet i Lanuvium. Fleire av foreiningane har namn etter kva guddom dei tilber. Ein distinksjon som er vanskeleg å gjera er kvar grensa mellom foreining og kult eller sekt går. I ein kult eller sekt, likt ei foreining, har ein bestemt medlemsmasse som samlast med eit felles formål. Dei blir òg, meg kjend, handsama kring likt av dei romerske lovane. Oppgåva kjem difor ikkje til å setja eit skott mellom dei som er ei religiøs foreining og dei som blir sett på som ein kult. Dette er særskilt relevant med omsyn til dei jødiske og kristne i tidleg keisartid.

### 2.2.5 Arbeidsaspektet

Foreiningar der medlemmane kjem frå ei spesifikk arbeidsgruppe har ofte blitt kalla *Professional associations* på engelsk, og får ofte namn etter kva arbeidarane gjer. Ein finn spor frå slike foreiningar i store delar av den romerske verda. Av dei store og velkjende arbeidsforeiningane er det tre som må trekkast fram: *collegia fabri*<sup>119</sup>, *dendrophori*<sup>120</sup> og *centonarii*.<sup>121</sup> Ein har funne spor av desse i brorparten av riket, og er godt representert i kjeldematerialet.<sup>122</sup> Desse vart moglegvis sett på som «eldgamle» og difor unntatt dei Juliske lovene.<sup>123</sup> Detter er derimot ikkje sikkert, særskilt med omsyn til *collegium fabrorum*, handverkarforeininga. Her har ein fleire høve, deriblant der denne blir diskutert i senatet<sup>124</sup> og at Plinius ikkje får oppretta eit brannmannskorps (*collegium fabrorum*) i sin provins.<sup>125</sup>

---

<sup>119</sup> Denne foreininga er ofte omsett med snekkarar, men har truleg hatt ei noko vidare tyding, truleg alle som bygde. I *Dig. (W)* 50.16.235 står det «We do not describe as "carpenters" [fabri tigonarii'] only those who cut wood but everyone who is a builder.»

<sup>120</sup> Ein er usikker på kva desse gjorde, men det kan ha drive med treprodukt, trehogst eller treforedling.

<sup>121</sup> Dette *collegia*, som ein finn att når ein med anna snakkar om brannmenn, var truleg foreiningar for kle/teppeprodusentar eller for dei som handla med slike produkt. Ei forklaring på kvifor dei har blitt knytt til brannmenn er at ein nytta tepper til å sløkkja brannar, og at teppelagarane difor vart nytta som ein form for brannkorps. Det er diverre ikkje mogleg å konkludera med bakgrunn i det eksisterande kjeldematerialet. Det heng òg saman med den velkjende brevvekslinga mellom Trajan og Plinius den yngre i *Plin. Ep.* 10.33-34

<sup>122</sup> I ei undersøking, sjå Nijf 2002 fn. 31, kjem det fram at ¼ av alle inskripsjonar i vest (kring 2000) som refererer til *collegia* inneheld *fabri*, *centonarii* eller *dendrophori*.

<sup>123</sup> *Digesta*, som vil bli diskutert seinare.

<sup>124</sup> *Plin. Paneg.* 54.4

<sup>125</sup> *Plin. Ep.* 10.34

Under kapittelet om Cæsar skal me òg sjå på dei foreiningar Plutark meiner den legendariske kong Numa skal ha oppretta i si regjeringstid. Numa skal ha delt befolkninga opp i grupper basert på deira yrker, som musikarane, gullsmedane, snekkerane og pottelagarane. Som ein skal sjå av diskusjonen der, meiner eg at dette mest truleg ikkje syner Numa sine handlingar, men meir speglar det Plutark kan ha tenkt om samfunnet.<sup>126</sup>

Grunnane til å etablere slike *collegia* er truleg mangslungne. Det eksisterer teoriar om at *collegia* fungerte likt som laug i mellomalderen, det vil seia at dei fremja medlemmane sine arbeidsinteresser, fordelte kontraktar, med meir, og at dette var ein grunn til å bli med.<sup>127</sup> Mange med meg meiner dette er usannsynleg og manglar empiri.<sup>128</sup> Vidare finn ein fleire kjelder på at medlemmane av utrygge yrker, som bygningsarbeid, gjekk saman for å kollektivt finansiera kvarandre sine gravferder.<sup>129</sup> Det kan òg ha vore for sosiale grunnar.

### 2.2.6 Det økonomiske aspektet

Eg vil påstå at det er ei noko uavklart grense mellom det som blir omtala som *corpora* og det som blir omtala som *collegia* i kjeldematerialet. Dette kan vera av di dei er å sjåast på som synonym, men det er òg ting som tyder på at dei kan ha vore ulike. Særskilt syns det å vera ein forskjell i *Dig.* 3.4.1, som vil bli diskutert seinare.

I *Digesta* og senatsvedtak finn ein att eit aspekt som eg meiner me må sjå i relasjon til gravferdsaspektet over. Fleire av tekstane skildrar eit *collegium tenuiorum*, ei foreining for dei lågare klassane eller dei fattige. Dette er ei av dei få foreiningane som har eksplisitt løyve i *Digesta*. Akkurat kva denne foreiningstypen sitt virke er, er uvisst. Det står ikkje skildra i verken tekstar eller lover. Det einaste eg har funne er at det fleire plassar står at denne foreiningstypen har lov til å samla inn ein liten sum pengar, so framt dei møtast maksimalt ein gong i månaden, og at det mest truleg var ein foreininga for fattige.<sup>130</sup>

Kva denne vetle summen skulle nyttast til står ikkje. Eg meiner det er truleg at denne summen skulle gå til ei av to ting: Enten skulle den gå til eit gravferdsfond, som me har sett på under gravferdsaspektet. Eller so skulle det gå til religiøse festar, der ein truleg òg fekk pengar til

---

<sup>126</sup> Ein fylldigare diskusjon av dette er i kapittel 3.7

<sup>127</sup> Dette synet er til dømes fronta av Jerrard 1997

<sup>128</sup> For eksempel MacMullen 1974 17,19; Nijf 2002 311; Finley 1973 138; Meyer, Mæhle, og Bekker-Nielsen 2002 227

<sup>129</sup> Som diskutert over hadde mange av foreiningane eit gravferdsaspekt.

<sup>130</sup> Til dømes *Dig.* 47.22.1

mat av ein eller fleire patronar. Som skildra over, i det religiøse aspektet, var religion essensielt i det romerske samfunnet. Sjølv sagt vil slike religiøse markeringar òg vera av sosial art.

## 2.3 Ei eksempelforeining

Over har eg definert ein del aspekt som foreiningar kunne ha. For å syna dette i praksis skal me no kort sjå på ei foreiningar for innvandrar og omreisande handelsfolk. Dette er for å sjå på kva foreiningsaspekt denne foreininga kan ha hatt, og ikkje hatt, samstundes som me får sett på ei spesifikk foreining.

### 2.3.1 «The Tyrian *stationarii* at Puteoli»

Denne foreininga blir diskutert i Verboven sin artikkel «Resident aliens and translocal merchant *collegia* in the Roman Empire»,<sup>131</sup> som delvis baserer seg på Sosin sin artikkel «Tyrian *stationarii* at Puteoli».<sup>132</sup>

Denne inskripsjonen skildrar eit *statio*,<sup>133</sup> truleg ei foreining for handelsfolk, som held til i Puteoli (no kjend som Pozzuoli) nær Napoli. Deira heim plass er Tyre, ein hamneby i dagens Libanon.<sup>134</sup> Eg meiner denne *statio* har store likskapstrekk med foreiningar av di den har mange av foreiningsaspekta me har sett over.

Dateringa på denne kjelda er 174 evt.<sup>135</sup> Inskripsjonen er både ei attgjeving av brevet som vart sendt frå Puteoli til Tyre, korleis brevet vart mottatt, avgjersla som vart fatta og kvifor ein har laga inskripsjonen.

---

<sup>131</sup> Verboven 2011

<sup>132</sup> Sosin 1999. Det er i Sosin eg finn både originalteksten og omsetjinga til engelsk, og eg kjem til å referera til Sosin når eg ser på inskripsjonen.

<sup>133</sup> *Statio*, eller *stationarii* som dei òg blir omtala som, er her truleg å forstå som ein foreining av handelsfolk eller utflyttarar ved ein handelspost. *Statio* blir omsett med «A standing still» eller «A place of abode» og i handelstyding «[A] roadsted» eller «[An] anchorage». Det kan òg ha ei militær tyding, henta frå artikkel om *Statio* i Cawley 2013.

I Oxford Latin Dictionary er det definert som:

«2) a) A place where one pauses for a rest, halting place. b) a staging-post on a road. c) The position normally of properly occupied by a thing; 3) A place for ships to ride at anchor, roadsted, anchorage; 4) An armed post, picket or sim. b) a military garrison (established for policing purposes or sim.); 6) A body of men manning a military post or the like; a personal, palace, etc., guard. 8) a place for business, office.» Oxford Latin Dictionary 1949 1814 (*statio*)

<sup>134</sup> Sosin 1999 275

<sup>135</sup> Verboven 2011 336

Dei religiøse festane som har vore og som skal koma, har gjort det svært dyrt for denne foreininga.<sup>136</sup> Til dømes skal foreininga ha måtte dekkja kostnader til eit okseoffer.<sup>137</sup> Her ser ein tydeleg det religiøse aspektet. Religion skal ha vore viktig for denne foreininga, og dei skal ha tilbedt både dei lokale gudane i Tyre og keisaren.<sup>138</sup>

Utan direkte prov for dette, argumenter Verboven òg godt for at dei mest truleg har praktisert gravferder av di dei skal ha eigd større eigendomar i Puteoli. Dei skal mellom anna ha hatt eit eige kjøkken og ein form for butikk tilhøyrande foreininga.<sup>139</sup> Dette skal ha gjort at det var godt tilrettelagt for å ha ein felles gravplass for medlemmer.

Vidare vil eg argumentera for at ein av grunnane til at slike *collegia* vart oppretta var for det sosiale aspektet. Ein er innflyttar på ein ukjend plass, men held framleis kontakt med sin opphavsplass. Då var det truleg viktig å ha ei gruppe menneskje i same situasjon og frå same opphav, som ein kunne relatera til. Dette er etter mitt syn eit klårt sosialt aspekt. Det er òg funne eit kjøkken tilhøyrande foreininga, som underbygger denne påstanden.<sup>140</sup>

Det er òg eit arbeidsaspekt, av di dette er ei foreining for skipseigarar og handelsmenn. Det er folk frå same yrke som er i denne foreininga. Vidare veit ein at foreininga har hatt eit økonomisk aspekt, av di medlemmane skal betala inn til felleskassa. Grunna at dei hadde blitt færre i foreininga var det mindre pengar i foreiningskassa<sup>141</sup>, og dei må faktisk be om pengar frå sin heimsplass for å ha råd til å gjennomføra religiøse ritar.<sup>142</sup>

Ved denne korte analysen ser ein at denne foreininga ikkje kan ha vore til for ein særskilt grunn, men hatt fleire foreiningsaspekt, som eg har argumentert for. Dette meiner eg er representativt for fleire foreiningar, at dei ikkje berre har hatt eit aspekt, men truleg fleire.

---

<sup>136</sup> Sosin 1999 278 «And in paying for sacrifices and the rites of our paternal gods that are established for worship her in temples we do not have the means to furnish the *misthos* on the statio [...]»

<sup>137</sup> Ibid. «Especially since the payments for the bull sacrifice at the games at Puteoli are charged to us in addition»

<sup>138</sup> Verboven 2011 343

<sup>139</sup> Ibid. 344

<sup>140</sup> Ibid.

<sup>141</sup> Sosin 1999 278. «[...] who were many and wealthy, but now our number has dwindled to a few [...]»

<sup>142</sup> Ibid. . Den fyrste delen av inskripsjonen er brevet som er sendt frå Puteoli til Tyre. Dei vender seg til «the archons, boulê and people of Tyre [...]».Her ber det puteoliske statio om at Tyre, som dei omtalar som moderbyen, må senda 250 denarius slik at dei har råd til å betala *misthos*.

## 2.4 Oppsummering

Dette kapitlet har hatt som formål å syna dei ulike aspekta eg meiner *collegia* kan ha hatt. Det er truleg at foreiningar har hatt fleire av desse aspekta samstundes. Grunna oppgåva sin kvalitative art skal eg ikkje gå inn og analysa mange foreiningar og sjå på kva aspekt dei har, men dei observasjonane gjort i dette kapitlet er viktige når me seinare skal sjå på regulering av foreiningar. Der ser ein at ikkje alle foreiningsaspekt blir sett på som gyldig for å kunna ha ei lovleg foreining. Truleg var mellom anna det sosiale aspektet noko som ikkje var akseptert ved lov.

### Kapittel tre

## 3. Haldningar til *collegia* i seinrepublikken

Dette kapitlet tar sikte på å syna korleis *collegia* vart sett på av senatet og andre maktpersonar i seinrepublikken. Kapitlet byrjar med eit *senatus consultum*, eit senatsvedtak, frå 186 fvt. og sluttar når republikken blir til riket.<sup>143</sup> Som me skal sjå har det vore ulike syn på foreiningar, og ulik handtering av dei i denne perioden.

### 3.1 Den lovgjevande makta

Dette avsnittet gjer raskt greie for dei relevante legislative utformarar og effektuerer som treng for å handsama kjeldene i denne oppgåva.

#### 3.1.1 Senatet

Senatet hadde ei viktig styrande rolle i Roma, særskilt i republikken. Utover i principatet får keisarane større makt, og senatet får ei mindre synleg og viktig rolle. Oppgåva vil handsama fleire *senatus consultum*. Eit *senatus consultum* er eit fråsegn frå det romerske senatet til magistrata. I republikken hadde ikkje dette noko lovgjevande makt, men var *de facto* bindande. Om det vart lagt ned veto mot senatet mista det sin bindande kraft, men var framleis viktig som eit *senatus auctoritas*. Under Hadrian fekk senatsvedtak automatisk lovgjevande kraft. Før dette hadde senatsvedtak blitt tatt med i pretorane sine årlege edikt.

---

<sup>143</sup> Det er eit tilfelle, *senatus consultum de Bacchanalibus* (186 fvt.), som fell utanfor den vanlege definisjonen av seinrepublikken. Grunnen til at dette blir tatt med her er av di det passar strukturen i oppgåva.

### 3.1.2 Folketribun

Folketribunen, *tribuni plebis*, hadde eksistert sidan byrjinga av det femte hundreåret før vår tidsrekning. Dei kom som eit resultat av eit opprør blant plebeiarane, der eit av krava for ro var at dei skulle få eigne tribunar som ikkje patrisiarane, eliten, kunne veljast til.<sup>144</sup>

Folketribunen skulle beskytta folket, og fekk ei opphøgja rolle, og omtala av mellom anna Dionysios frå Halikarnassos som *sacrosanct*, ukrenkeleg.<sup>145</sup>

Folketribunane leia folkeforsamlinga (*consilia plebis*). Denne forsamlinga kunne fatta vedtak og lover som, etter *lex hortensia* (287 fvt.), hadde effekt på alle, ikkje berre på plebeiarane.<sup>146</sup> Det var òg slik at folketribunen kunne utøva veto på senatsvedtak. Som me skal sjå seinare nytta Claudius si makt som folketribun til å gjera foreiningar lovlege att.

### 3.2 *Senatus consultum de Bacchanalibus* (186 fvt.)

Denne kjelda er den fyrste meg kjend som syner at senatet tar grep mot ei foreining.<sup>147</sup> Her syner senatet kva dei meiner om ei gruppe menneskje som samlast for å tilbe Bacchus<sup>148</sup> på ein *bacchanalia*, ein fest til ære for Bacchus. Denne festen skal ha vore utsvevande og vinfylt, og blanda menn og kvinner, noko som vart sett på som umoralsk. Me skal no sjå på utdrag frå dette *senatus consultum*:<sup>149</sup>

«No one of them is to possess a place where the festivals of Bacchus are celebrated: if there are any who claim that it is necessary for them to have such a place, they are to come to Rome to the prætor urbanus, and the senate is to decide on those matters, when their claims have been heard, provided that not less than 100 senators are present when the affair is discussed.»<sup>150</sup>

---

<sup>144</sup> Liv. *Ab urb.* 2.33

<sup>145</sup> Dion. Hal. *Ant. Rom.* 6.89.4; Liv. *Ab urb.* 2.33

<sup>146</sup> Lintott 1999 122

<sup>147</sup> Basilio Perri diskuterer i sin artikkel *The addressees of the so called Senatus Consultum de Bacchanalibus* at dette ikkje er senatsvedtaket som det er referert til, men eit edikt ustda av konsulane Quintus Marcius og Spurius Postumius som har konsultert senatet, fått eit svar, og so syner dette og set ut i livet det senatet anbefalar gjennom eit edikt. Eg har ikkje funne andre kjelder som stør denne forklaringa, og om dette meir rettvist skal omtalast som eit edikt eller eit *senatus consultum* meiner eg ikkje vil ha utslag for den *de facto* effekt det skal ha hatt. Livius skildrar òg korleis saksgangen føregjekk, der det med Livius sine ord er senatet som vedtar og konsulane som utfører Liv. *Ab urb.* 39.18.7; Perri 2013

<sup>148</sup> Bacchus, Dionysus på gresk, var gud for innhausting av vin, vin, vinlagring, rituell galskap, fertilitet og teater i gresk mytologi. Han var ein populær guddom.

<sup>149</sup> For den fullstendige teksten, sjå appendixet.

<sup>150</sup> Omsatt og publisert i Thatcher 1907 76-77

Og vidare står det at:

«No man is to be a Bacchantian, neither a roman citizen, nor one of the Latin name, nor any of our allies unless they come to the prætor urbanus, and he in accordance with the opinion of the senate expressed when not less than 100 senators are present at the discussion, shall have given leave.»<sup>151</sup>

Senatet forbyr her «them» å eiga eller ha ein plass der ein kan gjennomføra ein *bacchanalia*, truleg eit effektivt verkemiddel for å hindra slike religiøse festar. Kven «them» er står ikkje definert. Dette refererer truleg til «those in alliance with us» som er dei dette *senatus consultum* skal gi reglar til.<sup>152</sup> Dette må då truleg vera mynta på landeigarar, med formål å hindra dei at slike festar vart gjennomført på deira land. Som ein ser er det mogleg å leggja fram saka for senatet om ein ynskjer eit unntak frå forbodet.

Vidare ser ein òg at i tillegg til forbodet mot å ha ein plass der det skal haldast ein *bacchanalia*, er det òg forbode å vera ein «Bacchantian», ein Bacchustilbedar. Dette forbodet er generelt, og gjeld alle, om dei er romerske borgarar, har eit latinsk namn eller allierte. Det er altso eit forbod både mot å ha ein slik *bacchanalia* på sitt land, og forbod mot å vera ein tilbedar av Bacchus. Som det står er det her òg mogleg å få lagt fram si sak for senatet.

Om ein ynskjer unntak frå enten retten til å ha ein pass å arrangera *bacchanalia*, eller å vera ein Bacchustilbedar, må ein reisa til Roma, og ta saka opp med *praetor urbanus*, som då skulle taka saka vidare til senatet. Her skulle saka leggjast fram, og som det står må det ha vore minst 100 senatorar i senatet under diskusjonen for at ein skulle kunne få dispensasjon frå dette *senatus consultum*. Det kan sjølvstø argumenterast for at dette er eit demokratisk prinsipp om representasjon som kan tippa vektskåla båe vegar, men med omsyn til at det er senatet som forbyr dette, vil eg tru det meir er ei sikkerheitsmekanisme som gjorde at det ikkje kunne leggjast fram for senatet og vedtakast av eit positivt mindretal.

Senatet skal so ha vedtatt vidare:

«No one in a company of more than five persons altogether, men and women, shall observe the sacred rites, nor in that company shall there be present more than two men

---

<sup>151</sup> Ibid.

<sup>152</sup> Det står: «Regarding the Bacchanalia, it was resolved to give the following directions to those who are in alliance with us». Ibid.



or three women, unless in accordance with the opinion of the praetor urbanus and the senate as written above.»<sup>153</sup>

Vidare ser me det eg vil argumentera for liknande samlingar både her og i andre lover og vedtak. Fleire folk på same plass gir moglegheit for bråk og uynskte haldningar. Senatet legg difor avgrensingar på kor mange som kan delta på dei heilage seremoniane, nemleg fem stykk. Det er òg satt ei grense på kor mange menn og kvinner som kan delta samstundes. Det kan maksimalt vera to menn og tre kvinner i eit fylgje på fem. Kva grunnar senatet kan ha hatt til å setja ei avgrensing basert på kjønn i tillegg til persontal, verkar for meg uklårt. Det kan ha med det moralske aspektet som Livius tar opp, men kva resultatet av denne reguleringa ville vore er uklårt. Det som derimot er klårt er:

«See that you declare it in the assembly (*contio*) for not less than three market days; that you may know the opinion of the senate this was their judgment : if there are any who have acted contrary to what was written above, they have decided that a proceeding for a capital offense should be instituted against them.»<sup>154</sup>

Straffeutmålingsmomentet er viktig. Dette er ei av dei få kjeldene eg har sett som seier konkret kva straffa for å vera med i ei ulovleg foreining er. Me får skildra at brot mot senatsvedtaket er eit straffbar handling som vil gi dødsstraff. Sjølv om terskelen får å nytta dødsstraff var vesentleg lågare i Den romerske republikken enn me er vand med frå notida, eksisterer det ingen strengare straff enn døden. So sjølv om ein i perspektiv kan argumentera for at det var lovbrot som var grovare enn dette, er det mogleg at brot mot senatsvedtaket kunne straffast med døden. Livius skriv om bruken av dødsstraff mot dei som deltok i desse bacchuskultane. Det står mellom anna at dei som vart straffa med døden var «Upon those who had permitted themselves to be defiled by debauchery or murder, who had polluted themselves by false testimony, forged seals or other frauds, they inflicted capital punishment» og at «more were killed than were thrown in prison».<sup>155</sup> Det er verd å merka seg at kvinnene som vart dømd ikkje fekk straff i regi av det romerske rettssystemet, men vart straffa av den mannen som hadde ansvar for ho. Dett er kjend som *patria potestas*.<sup>156</sup>

---

<sup>153</sup> Ibid.

<sup>154</sup> Ibid.

<sup>155</sup> Liv. *Ab urb.* 39.18.3-7

<sup>156</sup> Ibid. 39.18.6

Slik eg les teksten hadde ein 10 dagar til å oppløysa Bacchustilbedinga etter senatet sitt vedtak. Det kan difor ha vore slik at om ein fylgde senatet sine pålegg innan denne fristen, ville ein ikkje bli straffa.<sup>157</sup>

Skildringa frå Livius gjer at me med relativ stor tryggleik kan seia at *senatus consultum de Bacchanalibus* ikkje berre var ei *pro forma* senatsvedtak, men hadde *de facto* verknad og fekk konsekvensar. Og det fekk truleg konsekvensar for mange. Livius skildrar at det er so mange som 7000 menneskje skal ha vore involvert i denne Bacchus-kulten. Det er difor rimeleg å anta at fleire av desse kan ha vorte straffa som fylgje av senatsvedtaket.<sup>158</sup>

Eg meiner at grunnen til at senatet la ned forbod mot foreininga er todelt. For det fyrste trur eg det vart slått ned på den utagerande og upassande måten *bacchanalibus* gjekk føre seg. Livius skildrar prosessen som senatet gjennomgjekk før dei fatta eit vedtak. Han skildrar korleis vinen påverka dei, og korleis det om natta var samkvem mellom menn og kvinner, unge og gamle, og korleis dette braut med alle former for moderasjon og etikk.<sup>159</sup>

Vidare vil eg argumentera for konspirasjon og opprør som ei medverkande faktor av di det var eit latent potensiale i storleiken til denne gruppa. Livius skriv sjølv at:

«The conspiracy thus far has no strength, but it has an immense source of strength in that they grow more numerous day by day.»<sup>160</sup>

Det kan difor vera ein underliggande grunn at ein frykta kva denne konspirasjonen kunne utgjera av truslar om denne *bacchanalia* fekk veksa seg større.

Oppsummert meiner eg at det religiøse momentet med Bacchus-dyrking ikkje er viktig av di Bacchus-kultar ikkje gjekk imot det alt etablerte pluralistiske gudesynet. Dette var ikkje ein reaksjon mot trua og dyrkinga av Bacchus, det var ein reaksjon på måten det føregjekk. Måten

---

<sup>157</sup> Thatcher 1907 76-77 «See to it that the revelries of Bacchus, if there be any, except in case there be concerned in the matter something sacred, as was written aboce, be disbanded with ten days afther this letter shal be delivered to you».

<sup>158</sup> Liv. *Ab urb.* 39.17.5

<sup>159</sup> «When wine had inflamed their minds, and night and the mingling of males with females, youth with age, ha destroyed every sentiment of modesty, all varieties of corruption first began to be practised, since each one had at hand the pleasure answering to that to which his nature was more inclined.» *ibid.* 39.8

<sup>160</sup> «As regards their number, if I shall say that there are many thousands of them, it cannot but be that you are terrified, unless I shall at once add to that who and of that sort they are. First, then, a great part of them are women, and they are the source of the mischief; then there are men very like the women, debauched and debauchers, fanatical, with senses filled by wakefulness, wine, noise and shouts at night. The conspiracy thus far has no strength, but it has an immense source of strength in that they grow more numerous day by day.» *ibid.* 39.15

det føregjekk på at det var mange som samla seg, drakk og var utagerande. Eit medverkande moment kan ha vore orgiane, som vart sett på som moralsk upassande. I tillegg ser ein at det er ei frykt for at storleiken kunne bli eit problem av di det var mange som kom til foreininga. Han kallar òg foreininga for ein konspirasjon og det er nok truleg at senatet såg på dette som ein mogleg trussel.

Konklusjonen om at Bacchus-tilbedarane utgjorde ein trussel mot det eksisterande har òg Takács kome til, og skriv at «The senatorial decree against Bacchic worship seems to show that any possible threat to the traditional status quo and ideology could force a reaction from the body of the ruling elite at any time».<sup>161</sup>

Me skal no gjera eit hopp i tid, over 100 hundre år fram, til eit nytt senatsvedtak fatta i 64 fvt. I perioden mellom desse to senatsvedtaka har den romerske republikken blitt større, gjennomgått borgarkrig og gjennomgått fleire store endringar. Det var òg forbundsfellekrigen, der mellom anna borgarskapsrettar, samling av Italia og ei form for sosial rettferds-reform var store endringar. Cæsar styrker òg sin posisjon mot slutten av denne perioden, og vart året etter det *senatus consultum* me no skal sjå på vald til *pontifex maximus*.<sup>162</sup>

Me skal no sjå at senatet slår ned på foreiningar, på bakgrunn av at dei var mot offentlegheitas interesser.

### 3.3 *Senatus consultum (64 fvt.)*

Dette senatsvedtaket kjenner me frå Asconius sin kommentar til Cicero sin *In Pisonem*, mot L. Piso. Asconius skal ha publisert sin kommentar mellom 54-57 evt., men Cicero skal ha halde talen i år 64 fvt. Asconius skriv i «Against L. Piso in the Senate»:

«In the consulship of L. Iulius and C. Marcius, whom Cicero himself mentioned above, the *collegia* which were deemed to be against the public interest were suppressed by senatorial decree.»<sup>163</sup>

---

<sup>161</sup> Takács 2000 303

<sup>162</sup> Rostovtzeff 1975 66-132; Mommsen 1888 267-74

<sup>163</sup> «*L. Iulio C. Marcio consulibus quos et ipse Cicero supra memoravit senatus consulto collegia sublata sunt quae adversus rem publicam cidebantur esse constituta.*» Asc. Pis. 8 (7C side 15) Kjeldenummereinga i min Asconius-versjon er løpande, til dømes 7C som her. Eg vil difor både presentera kvar i Cicero sin tale det er kommentar, samt den løpande nummereinga og sida i teksten.

Som *Asconius* skriv skal det ha blitt erklært frå senatet at alle foreiningar som var mot statens interesser (*adversum rem publicam*), skulle undertrykkast. Det eksisterer ingen definisjon på kva som er *adversum rem publicam*. Dette kan vera for å gi dei som skal utøva lova handlingsrom til å slå til mot dei *collegia* som skapte problem eller uro.

Vidare får me so vita kva konsekvensar dette *senatus consultum* hadde:

«Now the *magistri* of the *collegia* usually gave the games, for the *Compitalia*, just as the *magistri* of the city wards used to do, dressed in the stripe-edged toga – and the games were scrapped with the suppression of the *collegia*.»<sup>164</sup>

Det ser ut til at forbodet mot *collegia* som ikkje tente staten avvikla *collegia compitalicia* som arrangerte *compitalia*. *Compitales* vart arrangert til ære for *laribus vialibus*, gudane for vegen<sup>165</sup> ifylgje Varro.<sup>166</sup> Desse gudane vart feira i vegkryss ved ei ofring, på ein dag som vart bestemt kvart år.<sup>167</sup> *Collegia compitalicia* skal ha vore ei foreining for borgarane.<sup>168</sup> Det verkar truleg at denne foreininga var geografisk definert, og at det var fleire slike i dei ulike bydelane, *vici*.

Av teksten er det vanskeleg å forstå om forbodet mot *collegia compitalicia* førte til at *compitalia* ikkje vart arrangert, som fylgje av at det ikkje var nokon som kunne arrangera det eller om både foreininga og festen vart forbode samstundes. Denne diskusjonen skal ikkje oppgåva gå inn på. Det er vidare diskusjon om kva «*vici*» i dette høve skal tolkast som, og kva rolle dei kan ha hatt.<sup>169</sup>

Det er òg viktig å notera seg at *Asconius*, i ein annan tale Cicero skal ha halde i 65 fvt., òg nemner at *collegia* har blitt forbode. Talen er «On behalf of Cornelius». Han skriv:

«Very often at that time there came into being gatherings of power-mongers without any public sanction, and to the public detriment. For this reason later on *collegia* were suppressed, both by senatorial decree and by several laws, with the exception of a few

---

<sup>164</sup> «*Solebant autem magistri collegiorum ludos facere, sicut magistri vicorum faciebant, Compitalicios praetectati, qui ludi siblatis collegiis discussi sunt.*» *ibid.* In pis. 8 (7C side 15)

<sup>165</sup> I omsetjinga er det nytta «highway»

<sup>166</sup> Varro, *Ling.* 6.25

<sup>167</sup> *Ibid.* Ifylgje Varro var denne dagen satt av ein *praetor*, og fall ikkje langt unna 1. januar.

<sup>168</sup> Donahue 2004 53

<sup>169</sup> Lott 2004 52-54 har ein god gjennomgang av dette.

whose legality was well established and which the public interest required, such as those of the artificers and statue-makers.»<sup>170</sup>

Her ser me att at Asconius kommenterer med den same ordlyden med høve til korleis ein skal definera kva foreiningar som var ulovlege og lovlege. Her blir det skildra at samlingar med folk som ynskje eller tok makt fekk samla seg utan sanksjonar, og at dette gjekk ut over samfunnet. Det kan sjå ut som det er desse foreiningane om vart undertrykt, og kan mogleg forklara kva foreiningar som var mot statens interesser som me har sett i *In. pis.* 8.

Som ein ser blir det gitt unntak til foreiningar der ein har klårleik i deira legalitet, *certe*, og at dei hadde ein nyttefunksjon for staten, *utilitas civitatis*. Til forskjell frå *In. Pis.* 8 er dette ein lov som forbyr alle, med nokre unntak, der me over har sett at ein forbaud alle foreiningar som var *adversus rem publicam*, mot staten. Dette treng ikkje vera noko anna enn ein tekstleg forskjell utan *de facto* endring i praksis eller forståing, og eg vil tru at båe lovene var mynta på dei som skapte uro og problem for dei styrande.

Eg vil difor argumentera for at med so tett tidsmessig plassering (i år 65 og 64 fvt.) og med ein svært liknande ordlyd, må referera til det same senatsvedtak. Liu argumenterer for at innhaldet heller reflekterer *collegia* sin status når Asconius levde, ikkje når Cicero tala.<sup>171</sup> Om dette er høve må kjelda plasserast kring Hadrian og Tiberius si regjeringstid. Dette vil gi eit svar på kva *collegia* Augustus definerer som «long standing and formed for legitimate purpose» som ikkje hadde blitt oppløyst av han.<sup>172</sup>

Kva fleire lover som blir referert til, *pluribus legibus*, veit ein ikkje. Ei forklaring er at dette er lover me ikkje har kjelder til, men som eksisterte. I so høve vil det vera nærliggande å konkludera med at desse lovene må ha hatt nær same juridiske føremål som det senatsvedtaket som her er synt.

Til slutt får me verdifull innsikt i kva som kan ha vore *collegia utilitas civitas*. Han gir oss ikkje ei uttømmende liste, men det blir skildra at mellom anna dei dyktige handverkarane og statuelagarane ville falla inn under denne kategorien. Dette er foreiningar som eg vil

---

<sup>170</sup> «Frequenter tum etiam coetus factiosorum hominum sine publica auctoritate malo publico fiebant: propter quod postea collegia et S. C. et pluribus legibus sunt sublata praetor pauca atque certa quae utilitas civitatis desiderasset, sicut fabrorum fictorumque.» Asc. Corn. (75C s. 151)

<sup>171</sup> Liu 2005 297; Asconius skal ha levd 8 fvt.-76 evt.

<sup>172</sup> Suet. Aug 32

argumentera hadde ein relevans for statlige høver, som tempelbygging og utsmykking av desse, og liknande oppgåver. Dei fyller eit *utilitas civitas*.

### 3.4 *Lex Clodia de Sodalitatibus* (58 fvt.)

Det er interessant å merka seg at *collegia* spelte ei viktig rolle i maktkampen mellom Clodius og Cicero. Dio skildrar korleis Clodius skal få Cicero styrta gjennom å appellera til Cicero sine uvener, som han meiner Cicero har skapt mange av gjennom han si politiske og juridiske karriere.<sup>173</sup> I opptakta til *Lex Clodia de Sodalitatibus* blir det skildra at «Before long they [Cicero og Clodius] were implacable enemies, and this turning-point in their relationship had fateful consequence [...]».<sup>174</sup>

I maktkampen står Clodius på folket si side, i alle høve for å vinna deira gunst og nytta dei som verkemiddel. Gjennom si politiske karriere appellerte han fleire gonger til plebeiarane, og flytta over frå patrisiar- til plebeiargruppa (*gens*) i 59. evt, med hjelp frå Cæsar, som då var konsul.<sup>175</sup> Dette var svært uvanleg, truleg nærast utenkeleg, at ein patriser gjekk over til plebeiarane. Dette var eit trekk Clodius gjorde slik at han mellom anna kunne bli vald til folketribun. Dette vart han òg, like etter hans overgang til plebeiarane, i 58, og det var i dette embetet han hadde makt til å innføra dei endringar han gjorde, òg mot Cicero.<sup>176</sup> Plutark skildrar det som «and [Clodius] having been chosen tribune, at once began to attack Cicero, arraying and stirring up against him all things and all men alike».<sup>177</sup>

Feiden mellom dei to fører til at Cicero flyktar frå Roma i 58 fvt. og Clodius bannlyser han. Grunnen til at Cicero flyktar er at Claudius har vedtatt ein lov, *Leges Clodiae*, som seier at alle som har avretta nokon utan rettssak kunne sendast i eksil. Dette hadde Cicero gjort.<sup>178</sup>

Med embete som folketribun, som folkets beskyttar mot patrisiarane, hadde Clodius makta til å gjennomføra tiltak han ikkje utan embetet ville hatt moglegheita til. Me skal no sjå på det Clodius fekk vedtatt med omsyn til lovgjevning som regulerer *collegia*.

I Cassius Dio 38.13 står det:

---

<sup>173</sup> Dio Cass. *Hist* 38.12-13

<sup>174</sup> Rundell 1979 304

<sup>175</sup> Millar 1998 134-35

<sup>176</sup> Clōdius Pulcher, Publius i Oxford Dictionary of the Classical World 2007 og Dio Cass. *Hist* 38.12

<sup>177</sup> Plut. *Cic.* 30

<sup>178</sup> Dio Cass. *Hist* 38.14

«Clodius, therefore, hoped on this account that if he should first win over the senate and the knights and the populace he could quickly crush him. So he straightway went to distributing free corn; for when Gabinius and Piso had now become consuls, he had introduced his motion that it should be doled out to the needy; and he revived the associations called *collegia* in the native language, which had existed of old but had been abolished for some time.»<sup>179</sup>

Den fyrste delen av det han gjer er ikkje kontroversiell, vil eg tru. Å gi mat til dei fattige, dei som treng det, skal ha vore relativt vanleg, og det vart ofte arrangert festar der fattige fekk mat. Dette er sjølvstgjort som eit popularitetsverkemiddel med siktemål å skaffa seg god støtte i dei lågare samfunnsklassane. For som me skal sjå vil desse etter kvart danna gjengar som svor ære til Clodius.

Det andre Cassius Dio skriv at Clodius gjer er uvanleg. Clodius skal ha gjenoppliva foreiningane (*collegia*) som Dio skriv at hadde eksistert, men no hadde vore avskaffa ei stund. Det skal merkast at Dio skriv på gresk, og difor truleg må spesifisera at dette er *collegia* på latin det er snakk om. Om dette er gjort for å skilja *collegia* frå *hetaeriae* er ei moglegheit.<sup>180</sup> Det ein referere til i høve at dei har vore forbode ei stund, er truleg senatsvedtaket frå 64 fvt. som me har sett på over, der senatet forbaud alle foreiningar som var *sunt quae adversus rem publicam*, dei som gjekk imot dei statlege interessene.<sup>181</sup>

Kvifor gjenoppliva Claudius noko som, ifylgje Cicero, var mot statens interesser? Spørsmålet ein då må stilla er jo kva statens interesser var, og kva var Claudius sine interesser? Min teori er at staten, som statar flest, ville ha kontroll. Som me har sett tidlegare vart det slått ned på dei som laga uro og bråk. Clodius, som hadde gjort karriere på å ha støtte hjå *plebeii*, folket, såg truleg nytte i desse foreiningane. Han stod på folket si side, og sikra seg støtte og nytta foreiningane til sin fordel.

Me finn dømer på det som truleg er Clodius som bruker det nyleg vedtekne oppmjukinga av lova til å danna det som kan skildrast som ein eigen gjeng, som fylgjer med han, og gjer hans

---

<sup>179</sup> Ibid. 38.13

<sup>180</sup> Som me har sett, og skal sjå vidare, er det noko ulik ordbruk kring *collegia*. Særskilt er ei passasje i Plin. *Ep.* 10.34 definerande der ein ser at Keisar Trajan nyttar ulike ord for å skildra foreiningar der eg argumentere for at dei ulike orda blir nytta grunna deira konnotasjonar. Der meiner eg at *collegia* er eit meir nøytralt men *hetaeriae*, som kjem frå gresk og det difor ville vore naturleg at Dio nytta, har eit meir negativt assosiasjon.

<sup>181</sup> Som sett og diskutert i kap 3.3

vilje. Det står mellom anna: «But Clodius met him [Cicero] everywhere in the streets, with a band of bold and insolent men about him.»<sup>182</sup> Og «they pelted him [Cicero] with mud and stones.»<sup>183</sup>

Cicero sjølv har skrive korleis Clodius sine lover fekk innverknad, og kva som hendte. I *In Pisonem* skriv han:

«Not only the guilds which the senate had abolished were restored but countless new ones were established of all the dregs of the city and even of slaves.»<sup>184</sup>

Om me skal lita på Cicero kom det altso til eit utal med nye foreiningar som fylgje av Clodius sine lover. Om me skal tru Cicero på at det vart etablert tallause nye *collegia* veit eg ikkje. Cicero, som eg har argumentert før, har hatt eigne motiv for å syna Clodius frå si verste side. Eg meiner det derimot er truleg at det kom fleire foreiningar til som fylgje av *Lex Clodia de Sodalitatibus*. Clodius appellerte til folket, og folket samla seg i foreiningar.

Cicero reagerte òg på at slavar fekk vera medlemmer i foreiningar. I *Cic. Red. Sen.* står det at han reagerte: «when I saw that slaves were being enlisted by name under some pretence of forming guilds.»<sup>185</sup>

Dette konstaterer at Clodius må ha opnar for eller tillat at slavar fekk høve til å vera med i foreiningar. Om dette er slavar som har fått lov av sin herre eller latt slavar få delta utan at deira mesterar tillèt dette er uklårt. Seinare, som me skal diskutera i *Digesta*, veit ein at dette har vore strengt regulert, og at eigaren av slaven måtte tillata medlemskapet.<sup>186</sup> Om dei som eigde slaven ikkje likte Clodius, som ikkje er utenkeleg, ville dei sjølvsgagt ikkje tillate at deira slavar fekk delta i foreiningane. I kva grad dette slavar deltok i foreiningane under Clodius er usikkert.

Som me har sett har Clodius gjennomført foreiningar senatet i 64 hadde gjort ulovlege grunna at dei hadde laga bråk, oppstyr og var imot statens interesser. Clodius har mellom anna nytta

---

<sup>182</sup> Plut. *Cic.* 30.5

<sup>183</sup> Ibid.

<sup>184</sup> «*conlegia non ea solum quae senatus sustulerat restituta, sed innumerabilia quaedam nova ex omni faece urbis ac servitio concitata*» Cic. *Pis* 4.9

<sup>185</sup> Cic. *Red. Sen.* 13.33

<sup>186</sup> *Dig.* (W) 47.22.3.2



desse foreiningane som sin eigen mobb i maktkampen med Cicero. Som me no skal sjå tok senatet affære mot desse foreiningane.

### 3.5 *Lex Licinia* (56 fvt.)

I år 56 fvt., etter at Clodius hadde gjenoppliva fôreiningane, vart det store tumultar i Roma. Truleg vart det, som Cicero skildrar, oppretta mange nye foreiningar, og desse skal ha laga bråk og nytta vald. Dette skildrar mellom anna Cicero i sine brev.<sup>187</sup> I detalj får me skildra korleis Pompeius sin tale blir avbrota av ein gjeng med tilhengarar av Clodius, som «raised a clamour, and all through the speech he was interrupted not merely by shouting but by booing and abuse».<sup>188</sup> Spetakkelet endar med at Clodius blir kasta ned frå *rostra*, talarstolen i forum romanum, og flyktar. Dette gjer Cicero òg, «in fear of what might happen in the free-for-all.»<sup>189</sup> Skildringa til Cicero av kva som hende skal ein ikkje utan vidare akseptera. Ein veit at han har vore negativ til *collegia* og til Clodius, samt at han har vore deltakande i politikken. Skildringa i seg sjølv legg derimot ikkje grunn for vidare konklusjonar, og dannar berre bakteppet til det senatet no vedtar.

For etter to år med frislepp av foreiningar under Clodius, der mellom anna Cicero har vore svært negativ til konsekvensane dette har ført med seg, tar senatet grep.

The same day the Senate passed a decree to the effect that the political clubs and caucuses should be dissolved and a bill put through providing that persons not complying with this ordinance be liable to the same penalty as those guilty of breach of peace.<sup>190</sup>

Senatet vedtar eit *senatus consultum*, der dei vedtar å oppløysa alle politiske klubbar (*sodalitates*) og politiske møter (*decuriaticque*). Definisjonsspørsmålet som me ofte kjem borti er jo å avgjera kva dei i romersk lov definerte som *sodalitates*. Ligt meiner at dei «merely prohibited all those political clubs (*sodalitates*) that had been founded with the aim of influencing the electoral process by means of bribery and violence».<sup>191</sup> Dette er ein konklusjon eg stôr. Som me veit, og som diskutert over, gjenoppliva Clodius foreiningane

---

<sup>187</sup> Cic. *Q. Fr.* 2.3

<sup>188</sup> Ibid. 2.3.2

<sup>189</sup> Ibid.

<sup>190</sup> «Eodem die senatus consultum factum est ut sodalitates decuriaticque discederent lexque de iis ferretur, ut qui non discessissent ea poena quae est de vi tenerentur.» ibid. 2.3.5

<sup>191</sup> Ligt 2000 243

som hadde vore ulovleg ei tid. Cicero meinte at dette var for på få politisk støtte frå folket, som eit populistisk tiltak, på same måte som med gratis mat. I tillegg kunne Clodius nytta foreiningane som ein personleg gjeng, som han kunne bruka til å terrorisera politiske motstandarar. At forbodet òg då kjem i kjølvatnet av eit opprør i *forum romanum* under ein politisk tale, er med på å underbygga at *senatus consultum* kom for å få bukt med desse.

Eit moment som er verd å notera seg er straffenivået som blir skissert i lovforslaget. Straffa skal vera lik som det ein ville få for å forstyrre freden. Som me vil sjå er denne relativ lik den formuleringa me skal diskutera i *Dig. 47.22.2*, der det skal straffast likt som for «occupying public places or temples with armed men».<sup>192</sup> Eg vil argumentera for at desse har klåre likskapar, og at *lex licinia* difor kan ha vore utgangspunktet for den formuleringa me finn i *Digesta*. I so høve vil det vera naturleg at straffa skissert i dette senatsvedtaket vart gjeldande òg utover i keisartida, og at dette kanskje vart den generelle straffa for brotsverk mot lovene som regulerte foreiningar og retten til å samlast.

Etter at ein med *lex licinia* hadde reversert Clodius sin lover som tillèt foreiningar, skal me no nokre år vidare i tid, til Cæsar. I dei åra mellom *lex licinia* og Cæsar får eineveldig makt, er det ein kamp mellom Cæsar og Pompeius for å vinna folkets gunst, ein kamp Cæsar vann. Han skal til dømes ha «[...] missed no opportunity and spared no effort to show the Roman *plebs* that he was their friend and protector» og det blir skildra at «Cæsar created an image of himself as a friend of the people, while Pompey was depicted not merely as their enemy but as their enslaver».<sup>193</sup> Sjølv om Cæsar forsøkte å vera folkeven, tok han, som me skal sjå no, grep mot nokre foreiningar etter at han kom til makta.

### 3.6 Cæsar (r. 49-44 fvt)

Med Cesar og byrjinga på slutten av republikken kom det eg vil tru er den regjerande si frykta for folket og for opprør. Ein mista den demokratiske legitimiteten som konsular og tribunar i større grad hadde hatt tidlegare, og vart eineveldige diktatorar. Cæsar vart utnemnd til diktator i 49 fvt, og hadde få dette tidspunktet diktatorisk, eineveldig makt. Frå Cæsar er det eineveldige styrar

---

<sup>192</sup> *Dig. (W) 47.22.2*

<sup>193</sup> Yavetz 1969 51,53

Den fyrste kjelda me skal sjå på kjem frå Suetonius. I hans *De vita Caesarum* (121 evt.) skildra han liva til keisarane, frå Julius til Domitian. I *Divus Iulius*, Den guddommelege Julius, står det:

«He [Cæsar] dissolved all guilds, except those of ancient foundation.»<sup>194</sup>

Kva som var av gammalt grunnlag, *antiquitus constituta*, er diverre ikkje utdjupa. Ei heller kva *collegia* som ville blitt oppfatta som gamle. Med handlingsrommet i definisjonsmakta kunne Cæsar definera kva som var *collegia antiqua*, og kva som ikkje var det. På denne måten kunne ein forby dei *collegia* ein ikkje ynskja frå å samlast ved å erklæra at dei ikkje var av gammalt opphav.

Ei moglegheit er at dei *collegia* han skildrar som gamle er dei Plinius den eldre refererer til i hans *Historia Naturalis*. Her skriv han at de skal ha vore ei rangert liste heilt attende frå Numa (715-673 fvt.), den legendariske andre kongen av Roma. På denne lista finne me både *collegium aerarium fabrum*, bronsearbeidarane, på plass nummer tre, og *collegium figulorum*, pottelagarane, på sjuandeplass.<sup>195</sup> På fyrste- og andre plass finn me prestekollegiet og augurkollegiet.<sup>196</sup> I Plutark sin Numa finn me at kongen:

«[...] distributed them [the entire body of the people], accordingly, by arts and trades, into musicians, goldsmiths, carpenters, dyers, leatherworkers, curriers, braziers, and potters. The remaining trades he grouped together, and made one body out of all who belonged to them.»<sup>197</sup>

Ifylgje Plutark skal altso Numa ha oppdelt populasjonen i ulike foreiningar etter deira yrke, og til slutt laga ei fellesforeiningar for dei som ikkje passa inn i dei grupperingane han hadde laga. Eg vil nytta denne kjelda for å syna Plutark si forståing av foreiningar. Numa, den legendariske kongen, har igjen relevans for oppgåva, men denne kjelda syner at det, på Plutark si tid, var ei forståing av at foreiningane hadde eit svært gammalt opphav, då har det ingen relevans om Numa har eksistert eller ikkje, og om han eventuelt då har regulert foreiningar.

---

<sup>194</sup> «*Cuncta collegia praeter antiquitus constituta distraxit.*» Suet. *Iul* 42.3

<sup>195</sup> Liu 2013; Plin. *Nat.* 34.1; 35.1.59

<sup>196</sup> Plin. *Nat.* 34.1 fn. 7

<sup>197</sup> Plut. *Num.* 17.2

Kvifor Plutark trur at denne oppdeling av foreiningane skal ha hendt under Numa er usikkert. Ei moglegheit er at denne forståinga kan ha blitt skapt av *collegia* sjølv i tidleg keisartid, for å setja seg sjølv i eit betre lys.<sup>198</sup>

Korleis Cæsar oppløyste (*distraxit*) alle foreiningane som ikkje var av gammalt grunnlag veit me heller ikkje. Om dei *pro forma* vart oppløyst, men *de facto* fekk fortsetja å eksistera, er vanskeleg å seia. Eg har ikkje funne at nokre *collegia* skal ha blitt lagt ned med makt. Dette gjer det vanskeleg å stadfesta om dette fekk reell effekt, eller om det berre var på papiret. Det er mogleg at dette gav Cæsar moglegheita til å slå ned på foreiningar om han ynskja dette, men at dette vart nytta når det var naudsynt for å sikra ro og orden.

Eit døme på korleis Cæsar såg på foreiningar utanfor Roma finn me i *lex Coloniae Genetivae*. Lova er truleg frå når Cæsar erobra området (49-45 fvt.) og etablerte kolonien. *Colonia Genetiva Iulia Urbanorum Urso*, som kolonien truleg har heitt, låg i Spania, i Osuna utanfor Sevilla.<sup>199</sup> I inskripsjonen står det klart at dei som ynskjer å busetja seg i Genitiva ikkje skal ha samlingar, møter eller konspirera i kolonien.<sup>200</sup> Lova har visse likskapar med *Lex Irmitana*, som me skal sjå på seinare.

De Ligt hevdar i sin artikkel om «Governmental attitudes towards markets and *collegia*» at *collegium fabrorum*, handverkarforeininga, var ein av dei som framleis var lovlege etter dei juliske lovene. Vidare hevdar han at dette moglegvis var av di medlemmane tradisjonelt var involvert i bransløgging.<sup>201</sup> Dette kan ha vore noko som vart sett på som i statens interesse.

Som me har sett skal Cæsar ha oppløyst foreiningar som ikkje var av gammalt opphav. Kor mange foreiningar som vart oppløyst veit ein ikkje. Det er ikkje sikkert at Cæsar handheva ei generel oppløysing, men at han nytta dette som ei måte å oppløysa foreiningar skapte problem og uro.

Frå seinrepublikken skal me no over til keisartida. No går ein over til ein eineveldig keisar, noko som eg meiner er reflektert i ei auka frykt for opprør i folket. Haldningane til foreiningar

---

<sup>198</sup> Gabba 1984 85

<sup>199</sup> Ellart 2013b

<sup>200</sup> «Whoever shall be a colonist of the Colonia Genetiva, which is founded by order of C. Caesar, dictator, [is] not [---] any gathering or meeting or conspiracy [---] in that colony.» Liu 2005 289

<sup>201</sup> Ligt 2000 244

i keisartida er som ein raud tråd svært kritiske, og fleire av keisarane slår hardt ned på foreiningar.

## Kapittel fire

### 4. Haldningar til *collegia* i keisartida

Dette kapittelet skal utforska korleis keisarane, senatet og guvernørar kan ha tatt grep mot ulike foreiningane. Var reguleringa aktiv og hyppig brukt, eller var dei, med Moeller sine ord, som «a shield instead of a sword and was, therefore, applied mainly when it was necessary to protect the state from harm»?<sup>202</sup>

#### 4.1 Det juridiske Romerriket

I keisartida fekk keisaren sitt ord mykje makt, òg juridisk. Det blir hevda at «In the second and third centuries the jurist were claiming that the emperor's pronouncements had the force of law».<sup>203</sup> Om *de facto* keisarens ord var lov skal ikkje denne oppgåva diskutera, men ein veit at det er keisarane som har nær all makt. Maktkonsentrasjonen byrja med Cæsar, som tok riket med makt, og konsolideringa fortsette under Augustus.

I år 23 fvt. under Augustus fekk keisarane tribunsk makt, og i år 14 fvt. vart det gjennomført ei endring der folket mista retten til å velja magistrat. Val vart i hovudsak flytta til senatet, og nokre val vart gjort av tribene, men Tacitus skriv at det var keisaren som frå no hadde makta.<sup>204</sup> Folket skal, ifylgje Tacitus, ikkje ha protestert nemneverdig på at dei no mista sitt demokratiske fotfeste. I *Tac. Ann.* 1.15 står det: «Nor did the people complain of having the right taken from them, except in mere idle talk [...]»<sup>205</sup> Vidare vart òg Augustus i år 11 fvt. øvste religiøse leiar, *pontifex maximus*, og hadde då samla politisk, religiøs og militær makt i ein person.

Sjølv om Tacitus skriv at endringar i medrøysteretten gjekk fint føre seg, handla ikkje alltid folket slik keisaren ynskja. Fleire keisarar nyttar militæret til å slå ned på byrjande opprør

---

<sup>202</sup> Moeller 1976 85

<sup>203</sup> Wachter 1987 441

<sup>204</sup> *Tac. Ann.* 1.15

<sup>205</sup> *Ibid.* Dette er det òg semje om i forskingslitteraturen. Til dømes i Yavetz 1969 9: «There can be no doubting the truth of Tacitus' statement that the people did not protest when deprived of the right to elect the magistrates in the Campus Martius [...]»

eller å halda folket i sjakk.<sup>206</sup> Opprør var noko keisarane var redde for. Frykta for at folket skulle organisera seg, samla krefter og idear, syner seg i *collegia*-lovene, som me skal sjå på seinare.

Etter at fleire keisarar hadde konsolidert makta gløynde folket raskt at dei ein gong hadde hatt meir å seia. Når Caligula i 39 evt. gjorde eit forsøk på att gjera *comitia centuriata* og *comitia tribunata* til valforsamling vart han møtt med eit passivt folk, og Caligula konstaterte med at var svært vanskeleg å reversera ei slik handling.<sup>207</sup> Keisarane hadde bygd seg opp til å vera eineveldig. Folket si makt vart sterkt redusert.

Det er viktig å vera klår over at sjølv om keisarane hadde all makt på papiret, er det ikkje slik at keisarane hadde like direkte styring og kontroll i riket som heilskap. Provinsane hadde sine egne guvernørar, og delvis autonomi. Som me skal sjå har det truleg vore forskjell på handhevinga i Roma og i provinsane, som i Spania.

Dette kapittelet skal sjå på kva haldningar til *collegia* dei ulike keisarane skal ha hatt

## 4.2 Det Julo-claudiske dynastiet (27 fvt.- 68 evt.)

Det Julo-caludiske dynastiet er ein periode med relativt ro og ekspansjon i Det romerske imperiet. I perioden etter Cæsar sin død, fram til 27 fvt., var det derimot mykje uro og borgarkrigar. Med manglande kontroll og fleire fraksjonar oppstod det eit maktvakuum der det ser ut til at foreiningar kan ha blitt fleire og meir synlege, og truleg òg skapt uro.

### 4.2.1 Augustus (r. 27 fvt. -14 evt.)

At *collegia* som hadde oppstått under borgarkrigen skapte problem for Augustus er ganske sikkert. I Suetonius sin *Divus Augustus* står det at Augustus arbeidde for å få satt Cæsar sine lover ut i livet i eit forsøk på å vinna att fred i riket etter uroa.<sup>208</sup> Det står:

«[...] Numerous leagues, too, were formed for the commission of crimes of every kind, assuming the title of some new guilds.»<sup>209</sup>

---

<sup>206</sup> Yavetz 1969 10-ff.. Etter drapet på Caligula vart hæren nytta for å halda folket i sjakk. (Dio Cass. *Hist* 59.30.3), i Puteoli sat ein, under Nero, inn pretorianergarden for å få ro (Plin. *Ep.* 13.14.3) og Tiberius sat inn hæren mot bråk under ei gravferd i Pollentia (Suet. *Tib.* 37)

<sup>207</sup> Yavetz 1969 103-04

<sup>208</sup> Suet. *Aug* 32

<sup>209</sup> Ibid. «[...] *et plurimae factiones titulo collegi noui ad nullius non facinoris societatem coibant.*»

Her ser me at det er fleire grupper som må ha etablert seg i perioden etter Cæsar sin død. Desse skal ifylgje Suetonius ha drive med alle typar av kriminalitet, og tatt namn som foreiningar. Desse må ha skapt problem for Augustus som sjølv sagt ikkje har ynskja den kriminaliteten som truleg kan ha oppstått i overgangsperioden mellom Cæsar og Augustus. Og som me skal sjå tar Augustus grep. Vidare i Suetonius står det:

«Therefore to put a stop to brigandage, he stationed guards of soldiers wherever it seemed advisable, inspected the workhouses, and disbanded all guilds, except such as were long standing and formed for legitimate purpose.»<sup>210</sup>

Her får me skildra at Augustus set ut soldatar til å stå vakt på plassar der dette var lurt for å hindra plyndringar eller ran, som dei nye gruppene me har sett over truleg har drive med. Vidare inspiserer Augustus arbeidshusa og Augustus gjorde som sin far, og skal ha oppløyst (*dissolvit*) alle foreiningane som ikkje var gamle (*antiqua*) eller av gyldig grunn (*legitima*).

Her ser ein at gamle foreiningar, *antiqua*, likt som hjå Cæsar, blir nytta som ein definerande juridisk term, som på dette tidspunktet må ha gitt meining. Eg vil argumentera for at denne termen er noko som Augustus tar med seg frå Cæsar, og at det er ei vidareføring av den politikken han førte før borgarkrigen.

Som eg synte i kapittel 3.4 har Liu argumentert med at Asconius sin kommentar på Cicero sin tale *pro Cornelio* reflekterte Asconius si samtid, ikkje Cicero si. I dette avsnittet nemnde Asconius to foreiningar som var av *utilitas civitatis*.<sup>211</sup> Om Liu har rett i si datering har me i so høve meir informasjon om kva foreiningar som Augustus definerer som *antiqua*.

Interessant er det vidare at Augustus legg til det som me ser blir nemnd som *collegia legitima*. Dette kan lesast på to måtar.<sup>212</sup>

Den eine måten å forstå dette på er at *collegia legitima* er ein subkategori av dei ovannemnde *collegia antiqua*. At for at dei ikkje skulle bli oppløyst måtte dei vera både av gammalt opphav

---

<sup>210</sup> Ibid. «igitur grassaturas dispositis per oportuna loca stationibus inhiuit, ergastula recognouit, collegia praeter antiqua et legitima dissoluit.»

<sup>211</sup> «For this reason later on *collegia* were suppressed, both by senatorial decree and by several laws, with the exception of a few whose legality was well established and which the public interest required, such as those of the artificers and statue-makers.»

<sup>212</sup> Dette blir med anna diskutert i Liu 2009 101

og ha eit legitimt formål. Om dette var saka, snevra Augustus inn på lovgjevnaden som Cæsar hadde utsteda. Det må ha gjort at færre *collegia* fekk fortsetja å eksistera.

Den andre forklaringa er at det skal tolkast som at *collegia legitima* er ein sjølvståande kategori, *collegia*, og at det fylgjeleg er *collegia legitima* og *collegia antiqua* som er lovlege. Om dette var høve, opna Augustus opp for at fleire foreiningar fekk lov å eksistera, og særskilt med omsyn til at det i so høve var mogleg for nye foreiningar med rett formål å opprettast utan gamalt opphav. Kven av desse to som er rett er umogleg å seia sikkert, det er for få kjelder til å kunna konkludera. Men eg meiner det å tillata fleire foreiningar, som den andre forklaringa ville opna for, ikkje verkar svært plausibelt, med omsyn til at Augustus sat inn hæren for å få orden på samfunnet. Eg vil difor foreslå ei restriktiv tolking her, der Augustus i alle høve ikkje definerte fleire foreiningar som lovlege enn det Cæsar gjorde.

Det kan òg verka som om Augustus var den fyrste som har gitt ei foreining løyve til å eksistera. Som me såg under Bacchusregulering var der opnar for at ein kunne leggja fram saka si for senatet, men eg har ikkje funne nokre som har fått løyve til å eksistera før dette høvet. Det finn me i CIL VI 2193 = ILS 4966 der *collegio symphonicorum* har fått godkjenning til å samlast (*convocari*).<sup>213</sup> *Collegio symphonicorum*<sup>214</sup> skal ha deltatt på religiøse seremoniar med musikk, og fell truleg i same kategori som fløytespelarane (*tibicines*) og lyrespelarane (*fidicines*).<sup>215</sup> Dette er dei foreiningane me har diskutert over, då som *collegia sacerdotum*, der eg har argumentert for at desse ikkje var *collegia sodalicia*, som var ulovlege, jamfør *Dig.* 47.22.1. Dette kan her sjå ut til å stemma av di dei har fått eit *ius coeundi*, lov til å samlast. Som eg argumenterte over kunne *collegia* få retten til å samlast av di dei hadde ein form for samfunnsoppdrag. Og dette med samfunnsoppdrag finn me jo att i *Suet. Aug.* 32 der han skildrar nokre foreiningar som *legitima*.

Det står vidare i inskripsjonen at *collegio symphonicorum* fekk *ius coeundi* grunna at dei hadde *ludorum causa*, som kan omsetjast med «på grunn av leikar.»<sup>216</sup> *Ludorum* kan her bety ein offentleg fest, leikar eller liknande, og ordet har sterkt slektskap til *ludi*, som me kjenner

---

<sup>213</sup> CIL VI 2193 = ILS 4966 henta frå Cotter 1996 78 Det står:

«*Dis manibus. Collegio symphonicorum qui sacris publicis praestu sunt, quibus senatus c(oire) c(ogi) c(onvocari) permisit e lege iulia ex auctoritate Aug(usti) ludorum causa.*»

<sup>214</sup> Ei samling av musikarar, truleg i eit orkester.

<sup>215</sup> Liu 2009 102, fn.24

<sup>216</sup> I Cotter 1996 78 skildrar ho om det som at «They must accept responsibility for providing public service («*ludorum causa*)»».



som leikar. Dette kan truleg vera same typar leikar eller festar som me ser at foreiningar hadde ansvar for i *senatus consultum* frå 64 fvt. som vart analysert i kapittel 3.3.

#### 4.2.2 Tiberius (r. 14-37 evt)

Tiberius overtok som keisar etter Augustus, i ei tid der principatet var veletablert. Det er ei tid med velstandsvekst og ekspansjon i riket, av fleire definert som *pax romana*.<sup>217</sup> Likevel er han kjend som ein keisar som var omsynslaus mot framande foreiningar i Roma.<sup>218</sup> Dette finn me eit døme på i Suetonius:

«He abolished foreign cults, especially the Egyptian and the Jewish rites, compelling all who were addicted to such superstitions to burn their religious vestments and all their paraphernalia.»<sup>219</sup>

Ordet for kult er *caerimonias*.<sup>220</sup> Me har ikkje sett dette i kjeldematerialet denne oppgåva har handsama tidlegare, men det er framleis eit viktig bidrag til å forstå haldningane og synet på grupperingar i Romerriket. Eg vil påstå at grunnen til dette er at kultar ofte syntes som lukka, dei hadde ofte eigne tilbedingsplassar ute av synet frå offentlegheita, og dei bestod av ei avgrensa gruppe menneskje, ofte med like verdiar og tankar. I dette tilfellet ser ein at det som blir reagert på i hovudsak er religiøs overtyding. Det blir skildra at dei praktiserer overtru, og at alle deira religiøse eigendelar skulle brennast.

Frå tidlegare keisarar og republikken har ein sett ei mildare haldning til jødiske kultar. Med senatsvedtaket på å forby alle foreiningar i 64 fvt. var dei jødiske synagogane unnateke frå dette.<sup>221</sup> Dette unntaket ser det ut til at Tiberius ikkje har vidareført.

Filon frå Alexandria, skildrar i sitt verk, *In flaccum*, korleis jødane vart behandla i Egypt.<sup>222</sup> Me skal her sjå på eit avsnitt frå *In flaccum*, der me får skildra korleis Flaccus, som var den utpeika prefekten av keisaren i Egypt, handsama foreiningar.

Grunnen til at dette er viktig er at Egypt, som me har sett på i avsnittet om dei geografiske avgrensingane, i stor grad var direktestyrt av keisaren i Roma. Den politikken som blir ført av

---

<sup>217</sup> Som omtala tidlegare.

<sup>218</sup> Cotter 1996 79

<sup>219</sup> Suet. *Tib.* 36 «*externas caerimonias, Aegyptios Iudaicosque ritus compescuit, coactis qui superstitione ea tenebantur religiosas uestes cum instrumento omni comburere.*»

<sup>220</sup> Nom. sing. av *caerimonia*

<sup>221</sup> Cotter 1996 77

<sup>222</sup> Fyrste kapittel heiter «Flaccus' persecution of the Jews»

Flaccus vil difor vera ei forlenging av den politikken keisaren har ynskja å føra, og i so høve kunna sjåast på som representativt for Tiberius sin politikk og haldningar. I *In Flaccum* står det:

«He [Flaccus] also prohibited the clubs and associations which were continually feasting together under pretext of sacrifices, whereas in fact they behaved like inebriates, and he dealt severely and vigorously with those who refused to obey him.»<sup>223</sup>.

Philo som skriv om Flaccus er jøde. Dette gjer han tydeleg til kjenne tidlegare i teksten, der han skriv at «he [Flaccus] seemed to attack only a part (of our people)».<sup>224</sup> «Of our people» er her det jødiske folket, som Philo er ein del av. Utan at eg trur dette har endra innhaldet i kjelda vesentleg, er det eit kjeldekritisk moment.

Philo skildrar at Flaccus forbaud «clubs and associations». Det står ikkje noko om dette er alle klubbar og foreiningar, eller berre dei som møttest (feasted together) med ugyldig grunn. Det er ikkje utenkeleg at det er snakk om sistnemnde. Kvifor skulle ein forby og reagere på foreiningar som hadde gyldig grunn og møttest av religiøse grunnar? For som ein ser er det det falske premiss dei møtast under som er det Flaccus reagerer strengt på. Det var ikkje at dei møttest, men at dei under illusjonen av å vera religiøse møttest og oppførte seg som fyllefantar. Eg vil difor argumentera for at ein legitim grunn til å møtast og delta i foreiningar på dette tidspunktet var religion. Dette kan vera det same som det Augustus såg på som legitime foreiningar, *collegia legitima*.<sup>225</sup>

Kva som ligg i at dei oppførte seg som fyllefantar er vanskeleg å seia sikkert. Den mest nærliggande årsaken er jo at dei var fulle, og at dette var til bry og sjenanse. Om fleire møttest ilag, og var fulle er det ikkje utenkeleg at desse ville kunne både laga bråk, men òg moglegvis at det utvikla seg til slåsskampar eller liknande grunna alkoholkonsumet. Det kan òg sjå ut til at dette har hendt ofte, og at til slutt tok Flaccus grep.

---

<sup>223</sup> Phil. *In Flac.* 4

<sup>224</sup> Ibid. 1

<sup>225</sup> Suet. *Aug* 32

Philo skildrar vidare at det blir slått hardt ned på om ein ikkje fylgde Flaccus sine påbod. Kva som er å slå hardt ned på er vanskeleg å seia, men dødsstraff, som me har sett i *senatus consultum de Bacchanalibus*, har tidlegare vorte nytta mot dei som har deltatt i eit *collegium*.

### 4.2.3 Caligula (r. 37-41 evt.)

Det er ikkje mange kjelder til korleis Caligula regulerte *collegia*, og dette verkar det vera semje om i forskingslitteraturen.<sup>226</sup> Cotter skriv at dette: «Thus comes as no surprise, since for the most part, Gaius did not focus his attention on administration.»<sup>227</sup> Grunnen til at det ikkje bør koma som ei overrasking er at Caligula var ein svært lite keisarleg keisar. Han myrda folk som var usamd med han, trua senatet med rettssakar for svik og brukte kornskipa til å bygga ei bru ved villaen sin, som gjorde at Roma svalt. Det heile enda med *tyrannicida*, tyrannmord, i regi av mellom anna senatsmedlemmer og utført av sine eigne vaktar, pretorianargarden.<sup>228</sup>

Det einaste eg har funne er at Claudius, keisaren etter Caligula, skal ha oppløyst klubbane som vart reintrodusert av Caligula.<sup>229</sup> Kvifor Caligula skal ha reintrodusert desse veit ein lite om. Ei samanheng ein kan sjå er at Caligula, likt Clodius, har appellert til folket. Det er difor mogleg at Caligula gjorde dette for å vinna folkets gunst. Ein veit at Caligula gjennomførte fleire endringar til folkets fordel. Til dømes skal han ha «tried also to restore the suffrage to the people by reviving the custom of election».<sup>230</sup> Dette må ha vore eit ynskja om å gi folket meir fridom og ein form for påverknad, samstundes som dette må ha vorte negativt tatt imot av senatet. Som me har sett tidlegare opplevde senatet problem med *collegia* i høve val etter Clodius si gjenoppliving av foreiningane i 58 fvt. Vidare skal Caligula ha fjerna skattar for folket.<sup>231</sup>

Caligula skal ikkje ha vore på godfot med senatet. Han skal ha trua dei med til dømes rettssakar, og gjort narr av deira embete med å forsøkja å gjera sin høgt elska hest Incitatus til konsul og utnemnd han til prest.<sup>232</sup> Dette inntrykket av Caligula blir forsterka av Josephus, som skildrar korleis det var i Roma under Caligula. Han skriv:

---

<sup>226</sup> Med anna Cotter 1996 80

<sup>227</sup> Ibid.

<sup>228</sup> Garzetti 1974 Kap 2: Gaius; Joseph. *AJ.* 19.1.3

<sup>229</sup> Dio Cass. *Hist* 60.6.7

<sup>230</sup> Suet. *Calig.* 16.2

<sup>231</sup> Garzetti 1974 88

<sup>232</sup> Suet. *Calig.* 55; Dio Cass. *Hist* 59.14 & 59.28

«But Rome itself felt the most dismal effects of what he did, while he deemed that not to be any way more honourable than the rest of the cities; but he pulled and hauled its other citizens, but especially the senate, and particularly the nobility, and such as had been dignified by illustrious ancestors.»<sup>233</sup>

Som me ser skildrar Josephus Caligula si handtering og handsaming av ridderklassen og senatorane som spesielt dårleg, og som me såg over var det òg desse som planla og kjende til drapet på han.

Distansen og problema med dei rike og senatet kan sjåast på som eit likskapstrekk mellom Caligula og Clodius. Der Clodius bytta *gens* for å kunna nytta seg av makta til folktribunen, ser ein at Caligula behandla ridderklassen og senatorane dårleg. I Clodius sitt tilfelle veit me at han nytta dei nye foreiningane som ein form for personleg mobb. Kor vidt Caligula gjorde de same, eller kva andre grunnar han skal ha hatt, har eg ikkje funne svar på, men eg trur ikkje dette likskapstrekket er tilfeldig.

Det er tydeleg at Caligula var mindre kritisk til *collegia* samstundes som han var meir positiv til folket og kritisk til senatet. Dette er eit moment eg meiner Caligula og Clodius, som òg har hatt ei meir positiv haldning til *collegia*, har til felles og noko me som vil bli diskutert seinare i oppgåva.

Når me no skal vidare til Claudius skal me sjå at han, likt senatet etter Clodius, tok grep mot dei foreiningane som hadde kome til under Caligula.

#### **4.2.4 Claudius (r. 41-54 evt.)**

Claudius tok over etter at Caligula vart myrda, mellom anna med hjelp av senatet, ridderklassen og pretorianergarden. Claudius var Caligula sin onkel, og vart keisar etter at han skal ha svore tillit til pretorianergarden, som fann han utanfor Roma etter oppstandelsen som følgde etter drapet.<sup>234</sup>

Som synt over hadde truleg Caligula mindre kritiske haldningar til *collegia*. For som Dio skriv skal:

---

<sup>233</sup> Joseph. *AJ.* 19.1.1

<sup>234</sup> *Ibid.* 19.3.1

«He [Claudius] also disbanded the clubs<sup>235</sup>, which had been reintroduced by Gaius.»<sup>236</sup>

Vidare veit me at Claudius tok eit anna grep, som eg vil argumentera for har relasjon til foreiningar. Det står:

«Moreover, seeing that there was no use in forbidding the populace to do certain things unless their daily life should be reformed, he abolished the taverns where they were went to gather and drink [...]»<sup>237</sup>

Som me såg i avsnittet om Tiberius forbaud Flaccus foreiningane av di dei var fyllefantar under påskot av å utøva religion, og at dei moglegvis òg nytta religionspåskotet til å laga politiske klubbar.<sup>238</sup> Noko liknande ser ein her. For etter å ha oppløyst foreiningane som hadde kome til under Caligula, forbaud Claudius vertshusa der foreiningane kunne møtast og drikka. Likt med Flaccus kan dette ha ein relasjon til fyll og fyllebråk. Det bør presiserast at eg finn det lite truleg at det var eit forbod mot alle vertshus, og at dette kan ha vore avgrensa til nokre vertshus der det kan ha vore mange foreiningar som samla seg.

Eg vil vidare føra mykje same argument som Cotter, som fører ei truverdig argumentasjonsrekke om kvar det var naturleg for ei foreining å møtast.<sup>239</sup> Eg vil påstå at dei færreste hadde plass til å ha møter heime. Og grunna at foreiningane mest truleg ikkje var legitime, hadde dei verken moglegheit, ei heller truleg økonomi, til å ha ein eigen møteplass, *scholae*. Kvar møtast ein so? Eg vil hevda at ein naturleg plass å møtast var på kroer og liknande. Her var det mat og drykk, og plass til folk. Og det var ein naturleg plass der folk møttest, so om ein var ein ulovleg foreining ville ein truleg ikkje skilja seg ut i nemneverdig grad. Det å stenga dei vertshusa der foreiningar frekventerte ofte kan altso ha vore eit ledd i å hindra bråk frå foreiningar.

I tillegg til å stenga vertshusa der foreiningane møttes la han so ned eit anna forbod eg meiner kan setjast i relasjon til *dette*. Vidare i kjelda står det at òg «no boiled meat or hot water should be sold».<sup>240</sup>

---

<sup>235</sup> Ordet som er omsatt som «clubs» er *ἑταιρεία*, *hetaeriae*.

<sup>236</sup> Dio Cass. *Hist* 60.6.6

<sup>237</sup> Ibid. 60.6.7

<sup>238</sup> Phil. *In Flac.* 4

<sup>239</sup> Cotter 1996 80

<sup>240</sup> Dio Cass. *Hist* 60.6.7

Dette vil eg hevda er med på å understøtta konklusjonen min om at ein ville hindra at foreiningar hadde ein naturleg og praktisk plass å møtast. Som Cotter argumenter ville stenginga av vertshusa der foreiningane var gjera «it almost impossible for any group to meet publicly for any length of time and escape notice».<sup>241</sup> Eg vil difor føra argumentet at om når vertshusa var stengt, ville det vera naturleg å kjøpa mat og drykk ved utsalsplassar på gata og møtast der. Ved forbod mot dette òg, kan Claudius ha innskrenka moglegheita til å møtast. Det blir til slutt i Dio skildra at Claudius straffa dei som braut desse reglane.<sup>242</sup>

I tillegg til dette skal Claudius, ifylgje Suetonius, ha utvist alle jødane frå Roma grunna at dei «constantly made disturbances at the instigation of Cherstus».<sup>243</sup> Kven denne Cherstus er skal eg ikkje diskutera<sup>244</sup>, men som me har sett tidlegare hadde keisarane eit svært kritisk haldning til opprør og bråk. I Dio er Claudius haldningar ikkje skildra like strengt, og det står at:

«As for the Jews, who had again increased so greatly that by reason of their multitude it would have been hard without raising a tumult to bar them from the city, he did not drive them out, but ordered them, while continuing their traditional mode of life, not to hold meetings.»<sup>245</sup>

Om han då utviste jødane eller innskrenka deira rettar, kan ein ikkje seia sikkert med bakgrunn i desse to tekstane. Men han forbyr dei å halda møter. Kvifor dei ikkje skal få ha møter er ikkje sikkert. Ei forklaring er at han, som Tiberius, såg på deira tilbeding som overtru og difor la band på deira møter. Ei anna forklaring er at dei har laga bråk og opprør, og at ein forbaud dei å ha møter på lik linje med at ein oppløyste foreiningane.

Som me har sett har Claudius hatt ei kritisk haldning til foreiningane som hadde oppstått under Caligula. Desse foreiningane skal han ha forbydd, han skal ha forbaud vertshusa der foreiningar skal ha møttest og han regulerte og forbaud jødiske møter i Roma.

---

<sup>241</sup> Cotter 1996 81

<sup>242</sup> Dio Cass. *Hist* 60.6.7

<sup>243</sup> Suet. *Claud.* 25.4

<sup>244</sup> I fotnote a i *ibid.* star det «Another form of Christus; see Tert. *Apol.* 3 (at the end). It is uncertain whether Suetonius is guilty of an error in chronology or is referring to some Jew of that name. The former seems probable because of the absence of *quodam*. Tacitus, *Ann.* 15.44 uses the correct form, Christus, and states that He was executed in the reign of Tiberius.»

<sup>245</sup> Dio Cass. *Hist* 60.6.6

#### 4.2.5 Nero (r. 54-68 evt)

Under Keisar Nero si regjeringstid skal me sjå på eit tilfelle frå Pompeii. Eg meiner at denne hendinga gir oss betre innsyn i korleis dei styrande reagerte på foreiningar i ei spesifikk sak, og ikkje dei meir generelle haldningane som me har sett til no.

I 59 evt. var det slåsskamp i Pompeii.<sup>246</sup> Slåsskampane byrja ifylgje Tacitus som «a trivial incident [but] led to a serious affray between the inhabitants of the colonies of Nuceria and Pompeii», og opptøyane hendte under eller etter ei gladiatoroppvising.<sup>247</sup> Det som skal ha byrja som ordutveksling gjekk raskt til at «they resorted to abuse, then stones, and finally to steel».<sup>248</sup> Det blir skildra at det var pompeiiianarane som var i fleirtal, grunna at det var i Pompeii gladiatoroppvisinga var. Som fylgje av opprøret skal fleire ha vore fleire skada og nokre daude, òg blant tilskodarar som ikkje var deltakande i opprøret.<sup>249</sup> Tacitus skildrar so konsekvensane av det som hendte i Pompeii:

«The trial of the affair was delegated by the emperor to the senate; by the senate to the consuls. On the case being again laid before the members, the Pompeiians as a community were debarred from holding any similar assembly for ten years, and the associations which they had formed illegally were dissolved. Livineius and the other fomenters of the outbreak were punished with exile.»<sup>250</sup>

Det fyrste Tacitus skildrar er at Nero tildeler saka til senatet, og senatet til konsulane. Dette kan forståast som ei nedgradering av saka, at Nero ikkje syns den er viktig nok og gir den til senatet, som so vidare gir den til konsulane. Dette vil i so høve kunna tolkast slik at Nero ikkje såg dette opprøret som viktig nok til å handtera det sjølv. Ei alternativ tolking er at Nero beordra at senatet etterforska kva som hadde hendt i Pompeii, og at senatet bad konsulane utføra denne etterforskinga på vegne av dei. Dette vil i so høve ikkje vera ei neglisjering, men ei praktisk delegering av kven som skulle utføra undersøkinga. Cotter stør denne forklaringa.<sup>251</sup>

---

<sup>246</sup> Fuhrmann 2012 83-4

<sup>247</sup> Tac. *Ann.* 14.17

<sup>248</sup> Ibid.

<sup>249</sup> Ibid. ; Cotter 1996 81; Fuhrmann 2012 83

<sup>250</sup> «*cuius rei iudicium princeps senatui, senatus consulibus permisit. et rursus re ad patres relata, prohibiti publice in decem annos eius modi coetu Pompeiani collegiaque quae contra leges instituerant dissoluta; Livineius et qui alii seditionem conciverant exilio multati sunt.*» Tac. *Ann.* 14.17

<sup>251</sup> Cotter 1996 81 «Nero demanded a Senate investigation. The consuls were instructed to make their report on the matter».

Ein ser so at straffa som pompeiiarane får er todelt. For det fyrste får ein ikkje høve til å halda liknande samlingar på ti år. Desse samlingane er ikkje samlingar i regi av *collegia*, men truleg gladiatorstemner, som jo var der opptøyane byrja. Eg meiner difor at ein ikkje bør sjå denne handlinga som ei handling mot *collegia per se*, men som ei kollektiv straff av Pompeii som heilskap for det bråket som oppstod. Det kan sjølv sagt òg argumenterast med at dette forbodet vart lagt ned for å hindra framtidig uro ved slike møter. Dette meiner eg er ei moglegheit, men eit spørsmål reiser seg då: Kvifor skal det berre vera ulovleg ei tid, ti år, for so å bli lovleg att, om ein fryktar at slike møter skaper uro? Truleg ville ein ikkje gjort det lovleg att om ein frykta framtidige opprør. Ei moglegheit er at ein nytta dei ti åra både til å slå ned på dei som hadde laga problem og kollektivt straffa Pompeii, og at ein difor meinte at det ikkje ville bli opprør etter at ein hadde oppløyst dei foreiningane som hadde eksistert, men som var ulovlege.

Vidare vart det vedtatt at foreiningane som hadde samla seg mot lova (*contra leges*) vart oppløyst. Dette syner noko viktig, nemleg at ein tar eit oppgjør med foreiningar som ein var klår over var mot lova, men som ein då må ha latt eksistera uansett. Dette kan difor syna at ein moglegvis ikkje reagerte mot foreiningar som var ulovlege fram til dei skapte problem og uro. I so høve kan det tenkjast at ein del av lovgjevnaden mot *collegia* var der for å sikra at ein hadde handlingsrom til å reagera mot uynskte rørsler, og ikkje som eit handheva generelt forbod. Dette kan underbygga ei forklaring på *collegia*-reguleringa som eit skjold som vart nytta for å beskytta seg mot uro og opprør.

Vidare veit me at Nero haldt på ei generell kritisk haldning til kristne, som Suetonius skildrar som ei gruppe med «a new and mischievous superstition»<sup>252</sup>, og Tacitus skildrar som «a disease».<sup>253</sup> Haldningane kan ha fleire grunnar, men eg vil tru at det er mange av dei same grunnane me har sett ein har hatt til jødiske sekter, til dømes hjå Flaccus, og jødane blir mellom anna omtala av Tacitus, som at dei tillèt alt romarane avskydde.<sup>254</sup> Nero gir dei kristne skulda for brannen i Roma i 64 evt., og straffar dei hardt for dette. Kven som hadde skulda for brannen er usikkert, og det er fleire kjelder som skildrar at det er Nero sjølv som gjorde det.<sup>255</sup> Straffa dei kristne fekk etter brannen var hard og dei skal til dømes ha blitt «torn

---

<sup>252</sup> Suet. *Nero*. 16. I Cotter 1996 81 er det omsett med «A new and malevolent fanaticism».

<sup>253</sup> Tac. *Ann.* 15.44

<sup>254</sup> Tac. *Hist.* 5.4

<sup>255</sup> Dette blir mellom anna skildra i Tac. *Ann.* 15.38; Dio Cass. *Hist* 62.16; Suet. *Nero*. 36



to death by dogs; or they were fastened on crosses, and, when daylight failed were burned to serve as lamps by night».<sup>256</sup>

Grunnen til at kristne og jødiske grupper, sekter, er viktige er, som eg har nemnd før, at dei på mange måtar har dei same attributtane som dei som omtalar eller blir omtala som *collegia*. Eg meiner det difor er relevant å sjå på haldningane til jødiske og kristne grupper, sjølv om det i tillegg til dei foreiningsliknande trekka òg er eit religiøst moment. Desse gruppene tilhørde trusretningar, kristen- og jødedom, som ein veit ein har vore kritisk til. Over skildrar Suetonius kristne som ein «mischievous superstition», eit ord me har sett nytta om jødiske grupper før. Eg vil difor argumentera for at haldningar til kristne og jødiske sekter kan gi meir informasjon om haldningar til *collegia*, men at dei truleg har blitt reagert mot òg av religiøse grunnar.

Som me har sett har Nero synt ei klår haldning og handlekraft når det kom til opprøret i Pompeii. Straffa var hard, eit forbod mot gladiatoroppvisingar i ti år, og alle foreiningane som var mot lovene vart oppløyst. Dei ulovlege foreiningane vart oppløyst skal ein ha i mente av di det kan syna at ein var klår over ulovlege foreiningar, men let dei eksistera so lenge det ikkje vart problem.

### **4.3 Dei fire keisarane og det flaviske dynasti (68-96 evt.)**

I mine undersøkingar har eg ikkje funne lover eller reguleringar frå det flaviske dynasti eller under dei fire keisarane. Kva grunnen til dette er har eg ikkje eit klårt svar på. Kor vidt borgarkrigen og den hurtige overgangen mellom keisarar i 68-69 kan ha hatt noko å seia for foreiningar har eg difor ikkje funne kjelder på. Som me såg på i overgangen mellom Cæsar og Augustus, oppstod det truleg foreiningar grunna uroa og manglande kontroll i borgarkrigstida. Kor vidt dette hendte i denne perioden har me, grunna kjeldesituasjonen, ikkje moglegheit til å svara på.

### **4.4 Nervan-antoninske dynasti (98-138 evt.)<sup>257</sup>**

Under Trajan og Hadrian finn me fleire gode og fyldige kjelder til korleis dei har sett på og handsama foreiningar. Frå Trajan har me fleire brevvekslingar med Plinius d.y. som var

---

<sup>256</sup> Tac. *Ann.* 15.44

<sup>257</sup> Det nerva-antoninske dynasti varar eigentleg til Commodus (180-192), men oppgåva handsamar berre Trajan og Hadrian.

provinguvernør under Trajan, og frå Hadrian har me utdrag frå *Digesta*, den romerske lova, som blir datert til hans regjeringstid.

#### 4.4.1 Trajan (r. 98-117 evt.)

Frå keisar Trajan har me fleire kjelder til korleis han såg på foreiningar, og desse skildrar i hovudsak korleis utøvinga av desse haldningane var i provinsane. No skal me sjå på fleire brevutvekslingar mellom Plinius d.y. og Trajan.

Plinius var guvernør i *Bithynia-Pontus* frå 110-112 evt. og brevvekslinga me skal sjå på kan difor daterast til dette tidsrommet. *Bithynia*, som var provinsen Plinius styrte låg i det nordvestlege Vetle-Asia og var ein viktig provins for romarane mellom anna grunna at hovudvegen til austfronten og Syria gjekk gjennom. Det skal òg ha vore ein fruktbar provins, og ha vore ein av dei rikaste i Vetle-Asia.<sup>258</sup>

No skal me fyrst sjå på korleis Plinius og Trajan diskuterte opprettinga av eit brannkorps i Nicomedia.

##### 4.4.1.1 *Plin. Ep. 10.33 og 10.34*

Dette er ei svært kjend, og mykje nytta brevutveksling i *collegia*-forskinga, som handlar om kor vidt Plinius får løyve hjå Trajan til å oppretta eit brannkorps i *Nicomedia*. Før den delen eg skal sjå på, har Plinius skildra korleis brannen som herja i Nicomedia hadde gjort stor skade. Det har mellom anna brent ned to offentlege bygningar, ein pleieheim for eldre menn og Isitempelet. Han skildrar vidare korleis byen ikkje var klar for ein brann av di dei ikkje hadde sløkjeutstyr og eit brannkorps som kunne sløkka den. Plinius skriv so:

«Pray determine, sir, whether you think it well to institute a guild of fire-men, not to exceed one hundred and fifty members. I will take care none but those of that calling shall be admitted into it; and that the privileges granted them shall not be diverted to any other purpose. As they will be so few, it will be easy enough to keep them under proper regulation.»<sup>259</sup>

---

<sup>258</sup> Roberts 2007a

<sup>259</sup> «tu, domine, dispice an instituendum putes collegium fabrorum dumtaxat hominum CL. Ego attendam, ne quis nisi faber recipiatur neve iure concesso in aliud utantur; nec erit difficile custodire tam paucos.» Plin. Ep. 10.33

Plinius vil oppretta eit *collegium fabrorum*, og han tar saka opp med Trajan. Han argumenterer med at det er få folk, maksimalt 150 menn, so få at det skal gå fint å halda dei under kontroll. Han argumenterer òg med at berre dei som føler seg kalla til å sløkja brannar skal få bli med, og at deira privilegium i foreininga ikkje skal bli nytta til noko anna. Det kan verkja som om Plinius forsøker å syna at det ikkje vil bli noko problem med eit *collegium fabrorum* i Nicomedia. Kvifor det?

Som me har sett tidlegare, og som me skal sjå i neste kapittel om *Digesta*, har truleg foreiningar vore regulert det slik at ein må få løyve frå keisaren eller senatet for å oppretta ei lovleg foreining. Det er difor ingen automatikk i at Plinius skal få lov til å innføra eit *collegium fabrorum*. Spørsmålet er om Trajan vil sjå på *collegium fabrorum* som nyttig for provinsen eller ikkje.

Trajan svara Plinius med det som for Plinius må ha vore eit skuffande svar. Han skriv:

«You may very well have had the idea that it should be possible to form a company of firemen at Nicomedia on the model of those existing elsewhere, but we must remember that it is societies like these which have been responsible for the political disturbance in your province, particularly in its towns. If people assemble for a common purpose, whatever name we give them and for whatever reason, they soon turn into a political club. It is a better policy then to province the equipment necessary for dealing with fires, and to instruct property owners to make use of it, calling on the help of the crowds which collect if they find it necessary.»<sup>260</sup>

Som me ser byrjar Trajan fyrst med å syna oss at systemet med eit *collegium fabrorum* har vore praksis på fleire andre plassar. Dette syner at det mest truleg har vore brannmannsforeiningar andre plassar i Plinius sin provins før han her spør Trajan om lov til å oppretta eit nytt. I Loeb nemner ein mellom anna Nicaea som ein mogleg plass der det har vore eit *collegium fabrorum* før.<sup>261</sup> Som me ser av Trajan sitt svar minner han Plinius på at

---

<sup>260</sup>«Tibi quidem secundum exempla complurium in mentem venit posse collegium fabrorum apud Nicomedenses constitui. Sed meminerimus provinciam istam et praecipue eas civitates eius modi factionibus esse vexatas. Quodcumque nomen ex quacumque causa dederimus iis, qui in idem contracti fuerint, hetaeriae eaeque brevi fient. Satius itaque est comparari ea, quae ad coercendos ignes auxilio esse possint, admonerique dominos praediorum, ut et ipsi inhibeant ac, si res poposcerit, accursu populi ad hoc uti.» ibid. 10.34

<sup>261</sup> Ibid. 230, fn. a

slike foreiningane i stor grad har vore til forstyrning både i provinsen generelt, og Nicomedia og andre byar spesielt.

Trajan brukar tre forskjellige ord på foreiningar i dette brevet, som er interessant, og gjennom hans argumentasjon syner han godt hans haldning til foreiningar som dette. I byrjinga av svaret skriv han *collegium fabrorum*, som òg Plinius har nytta for å skildra det. *Collegium*, meiner eg, var eit relativt nøytralt ord, utan store negative konnotasjonar. Dette ordet er det vanlege ordet foreiningar brukar på seg sjølv, og ser ut til å ha vore den vanlege termen. Ved å nytta dette ordet fargar han ikkje budskapet. Vidare fortset han med å skildra dei som *factionibus* i det han seier at det har vore problem med fraksjonar i provinsen og særskilt i byane. *Factionibus*, som tyder fraksjon, politisk fraksjon, folk som gjer noko i lag, har klare negative konnotasjonar. Det er tydeleg at Trajan vil framstilla desse som nokon som ville splitta opp samfunnet og laga opprør. Til slutt nyttar han ordet *hetaeriae*. Ordet er i innhald mykje likt med *collegium*, men blir ofte brukt om politiske klubbar eller dei som samlast for å driva med politikk. Dette ordet for politiske klubbar kjem frå gresk, og i denne oppgåva sitt kjeldemateriale finn me det både i *Dig.* 47.22.4 og i *Plin. Ep.* 10.96. *Hetaeriae* var nok definitivt sett på som *collegia sodalicia* og forbode med lov.

Eit anna moment, som Trajan og Plinius ikkje nemner, er kva som vart nytta til å sløkkja ein brann. Dette kunne blir gjort med økser eller liknande våpen i tillegg til andre verkty.<sup>262</sup> Eit moment som difor må inkluderast er at desse foreiningane, tillegg til det at dei kunne vera politiske klubbar, og ville vore væpna grupper.

Med Trajan sin argumentasjon og konklusjon må me naturleg kunna anta at Trajan meiner desse brannmannsforeiningane i Nicomedia, som han fryktar skal bli *hetaeriae*, skaper meir oppstyr og er ein større trussel mot status quo enn brann. Dette må vera ein kost-nyttevurdering, der frykta for eller trua på at det blir opprør og bråk er større enn konsekvensane ved brann. Som me har sett har det truleg eksistert likande brannmannsforeiningar i denne provinsen før, og det kan verka som om desse tidlegare har skapt problem.

---

<sup>262</sup> I *Dig.* (W) 1.15.3.4 «And equipped with hooks and axes, and he is obliged to admonish all occupiers not to let fires break out through some carelessness.» Ibid. 33.7.12.18 «Most authorities, including Pegasus, say that vinegar too, which is intended to put out fires, is included; likewise, rags, siphons, also poles and ladders, mats, sponges, buckets, and brooms.»

#### 4.4.1.2 Plin. Ep. 10.92 og 10.93

Vidare ut i brevtvekslingane mellom Trajan og Plinius finn me ein ny dialog som er interessant å sjå på i *collegia*-forskinga. Att er det eit brev frå Plinius med spørsmål til Trajan, og der Trajan svarar med kva som er det rette å gjera. Me skal fyrst sjå på Plin. Ep. 10.92, som er brevet frå Plinius til Trajan:

«The free and confederate<sup>263</sup> city of Amisus enjoys, by your indulgence, the privilege of its own laws. A memorial being presented to me there concerning mutual benefit societies, I have enclosed it in this letter that you may consider, Sir, whether, and how far, these meeting are to be permitted or prohibited.»<sup>264</sup>

Brevet frå Plinius til Trajan byrjar med at Plinius syner til at Amisus har fått sin eigen lov, på nåde frå keisaren. Amisus, i dag kjend som Samsun, var ein handelsby ved Svartehavet, som låg i provinsen til Plinius. Amisus er ein sokalla *civitas*. Ein *civitas* er «[a] self-governing municipal unit, irrespective of its civic category».<sup>265</sup> Det er difor truleg at Amisus hadde ein form for sjølvstyre og autonomi. Dette gjorde truleg at dei romerske lovene ikkje hadde same gjennomslagskraft og innverknaden, som den kan ha hatt i andre provinsbyar. Korleis lovene frå Amisus var har eg ikkje funne eksempel på, men som me skal sjå under er det truleg at dei, i alle høve på visse punkt, skilde seg frå dei romerske.

Som me ser står det vidare at Plinius er usikker på kor vidt møter som «mutual benefit societies» (*foederata beneficio*) har er lovlege eller ulovlege. Og han ber keisaren om hjelp til kva han skal gjera med desse foreiningane i Amisus. I sitt brev til Plinius svarar Trajan (Plin. Ep. 10.93):

«With regards to the Amisenians, whose petition you had attached to your letter, if a benefit society be agreeable to the laws which they enjoy under the terms of the treaty, we cannot oppose it; especially if these contributions are employed, not for the

---

<sup>263</sup> Her har Leob annotert at «*civitas foederata* was one whose autonomy was secured to it by formal treaty»

<sup>264</sup> «*Amisenorum civitas et libera et foederata beneficio indulgentiae tuae legibus suis utitur. In hac datum mihi publice libellum ad eranos pertinentem his litteris subieci, ut tu, domine, dispiceres, quid et quatenus aut permittendum aut prohibendum putares.*» Plin. Ep. 10.92

<sup>265</sup> Civitas i The Oxford Classical Dictionary 1946

purpose of riot and faction, but for the support of the indigent. In other cities, however, which are subject to our laws, I would have all societies of this nature prohibited.»<sup>266</sup>

I svaret frå Trajan kjem det fram eit interessant moment. I Plin. *ep.* 10.92 såg me at Amisus hadde fått sine eigne lover og autonomi, etter løyve frå Trajan. Plinius må ha vore usikker på korleis desse skulle handhevast, og dette var truleg grunnen til han tok kontakt med Trajan. Trajan er kontant i sitt svar: So framt foreininga er lovleg under dei reglane dei har fått lov til å oppretta, skal dei ikkje blanda seg. Det verkar som om Trajan opprettheld deira autonomi, og ber Plinius om å ikkje gripa inn. Truleg har difor Plinius ikkje handla mot desse foreininga.

Vidare skriv Trajan at han ville forbydd alle slike samfunn i byar som fylgde romersk lov. Spørsmålet her er kva «all societies of this nature» er. Om han snakkar om foreiningar som driv med «riot and faction» eller om det er foreiningar for dei fattige, eller bae verkar uklårt. Som vil bli diskutert i neste kapittel er foreiningar for dei fattige (*tenuiorum*) noko *Digesta* ser på som lovleg. Eg meiner det difor er truleg at Trajan ville forbydd dei som driv med opprør og fraksjonering.

#### 4.4.1.3 Plin. Ep. 10.96

Dette brevet er lengre enn dei to førre, og her tar eg berre med Plinius sitt brev til Trajan, og ikkje Trajan sitt tilsvar. Dette er grunna at foreiningar berre er ein liten del av brevet frå Plinius, og Trajan diskuterer ikkje dette i sit tilsvar. Brevet gjeld i hovudsak korleis Plinius har handtert kristne i sin provins, og korleis nokre har opptredd som ei sekt. Sjølv om dette brevet gjeld ei kristen sekt, er det interessant å sjå på kva Plinius skriv om korleis dei skal handtera dette, og det dei kalla «political associations». I Plinius *Ep.* 10.96 står det:

«After which it was their custom to separate, and then reassemble to partake of food – but food of an ordinary and innocent kind.»<sup>267</sup> Even this practice, however, they had

---

<sup>266</sup> «*Amisenos, quorum libellum epistulae tuae iunxeras, si legibus istorum, quibus beneficio foederis utuntur, concessum est erantum habere, possumus quo minus habeant non impedire, eo facilius si tali collatione non ad turbas et ad illicitos coetus, sed ad sustinendam tenuiorum inopiam utuntur. In ceteris civitatibus, quae nostro iure obstrictae sunt, res huius modi prohibenda est.*» Plin. *Ep.* 10.93

<sup>267</sup> Footnote frå Loeb-versjonen: «Like the medieval Jews, the early Christians were suspected of ritually murdering children, and even of drinking their blood at these love feasts».

abandoned after the publication of my edict, by which, according to your orders, I had forbidden political associations.»<sup>268</sup>

Som nemnd over handlar Plin. *Ep.* 10.96 om korleis Plinius skal forholde seg til Kristne i sin provins. Det handlar om korleis ein skal identifisera kristne, avhøyra kriste og straffa kristne. Kristne og jødar vart sett på med til dels svært kritiske augo, som me òg har sett tidlegare i denne oppgåva

Kva edikt Plinius refererer til er ikkje heilt sikkert, men me kan anta at det er eit edikt utsteda i Plinius sin provins av Plinius etter instruks frå Trajan. Sjølv om breva truleg kom etter Plin. *Ep.* 10.92 og 10.93, som jo til dømes seier at Trajan ville «have all societies of this nature prohibited», er ikkje dette sikker, og me kan ikkje garantera at kronologien i breva er korrekt.<sup>269</sup>

Grunnen til å sjå på dette avsnittet er at her ser ein, om ein skal tru Plinius, eit døme på at lovene har hatt effekt. For Plinius skildrar at dei kristne ikkje lenger møttest for å eta saman, av di dette falt under ediktet som Plinius hadde utsteda på bakgrunn av instruks frå Trajan. Om dei samlast og åt, ville dette vera eit «political association». Ordet Plinius nyttar er *hetarerias*. Dette ordet er det same som me har funne i andre brev mellom Plinius og Trajan.<sup>270</sup> Ordet har som kjend negative assosiasjonar, og blir brukt for å syna at desse ikkje var ynskja. Slik Plinius skildrar det var det òg dei kristne som sjølv avvikla dette måltidet, og ein ser då at lova ikkje måtte handhevast, men hadde ein form for preventiv effekt der ein ikkje møttest grunna at lova eksisterte.

Som me har sett har Trajan, skildra gjennom brevutvekslinga med Plinius d.y., handtert fleire høve med foreiningar i provinsen til Plinius. Me har sett at han har nekte oppretting av ein brannmannsforeining grunna at ein tidlegare hadde hatt problem med liknande foreiningar i Plinius sin provins, og Trajan skildrar at når ein set saman folk, uansett grunn, vil desse bli politiske klubbar. Me har òg sett at ein by har fått sin eigen lov, og at denne lova tillét ei foreining som Trajan hadde forbydd om den hadde vore i ein by som låg under dei vanlege

---

<sup>268</sup> «*Quibus peractis morem sibi discedendi fuisse rursusque coeundi ad capiendum cibum, promiscuum tamen et innoxium; quod ipsum facere desisse post edictum meum, quo secundum mandata tua hetaerias esse veteram.*» Plin. *Ep.* 10.96

<sup>269</sup> Gibson og Morello 2012 59

<sup>270</sup> Plin. *Ep.* 10.33-34 som me har sett på over.

lovene. Og me har sett at ei kristen sekt har slutta å eta middag i lag av di eit edikt utsteda av Trajan skal ha forbydd politiske foreiningar.

#### 4.4.2 Hadrian (r. 117-138 evt.)

Under keisar Hadrian vart dei tidlegare edikta kodifisert og samla. Der ein før hadde hatt ein stor mengde edikt fekk ein no ei samling lover og reglar. Samlinga vart satt som lov av senatet under Hadrian og var den gjeldande lovsamlinga til Justinian sin *Digesta*.<sup>271</sup> Hadrian si kodefisering er ikkje bevart, og me må nytta *Digesta* til å finna det som mest truleg har stått i Hadrian sin kode. Av strukturelle omsyn blir *Digesta* handsama i eit eige, påfølgjande kapittel.

Vidare skal me handsama ei foreining i Lanuvium som vart oppretta under Hadrian sitt styre. Grunna kjelda si art, der det i hovudsak er foreininga som skildrar seg sjølv, og at kjelda er svært omfangsrik blir denne òg handsama i eit eige kapittel. I denne kjelda får me innsyn i korleis foreininga skal ha fått løyve frå senatet og keisaren til å eksistera. Diskusjonen vil med anna gå på kvifor denne foreininga har fått *ius coeundi*, retten til å samlast, under Hadrian.

### Kapittel fem

## 5. *Collegia* i *Digesta*

Fleire lover regulerer *collegia* sitt virke i Imperium Romanum. I den romerske lova (*Digesta*) samla under Justinianus den fyrste av Romerriket, er det eit kapittel løyvd til «*Collegia and associations*» (*Dig.* 47.22), og eit kapittel til «Actions in the name of or against any corporate body» (*Dig.* 3.4). Det eksisterer, som eg delvis har omtala tidlegare, kjeldekritiske utfordringar ved å nytta desse lovene. Det er vanskeleg å konkret datera lovene, og det er sjølvstøtt ei utfordring knytt til korleis lovene vart handheva. På tross av dette meiner eg at desse lovtekstane er uunnverlege kjelder til å forstå *collegia* i Det romerske imperiet.

Som nemnd er denne lovsamlinga samla fleire hundre år etter at lovene skal ha vorte laga, og lovsamlinga er å sjå på som eit korpus for romersk lov samla i ettertid. Dette er ei feilkjelde ein vanskeleg kjem utanom når ein skal nytta *Digesta* for å skildra det romerske samfunnet. Gjennom analysen vil eg forsøkjja å datera lova til sitt opphav ved hjelp av levetida til juristen

---

<sup>271</sup> Cotter 1996 84



som har skrive den ned eller kommentert den. Det er òg mogleg å forsøkja å meir konkret datera lovene ved å sjå på like formuleringar og handlingar i mellom anna litteraturen.

For å betre kunna stadfesta når lovene som blir referert til i *Digesta* vart skrive ned, er det greitt å nytta juristane som ein peikepinn. Dei juristane som handsamar dei delane av *Digesta* eg ser på er:

<b>Jurist</b>	<b>Aktiv periode</b>	<b>Keisarar</b>	<b>Dig.</b>
Marcianus	198-211 evt.	Caracalla – Geta	47.22.1/3
Ulpian	211-217 (død. 228)	Geta – Macrinus	47.22.2
Gaius	Byrjinga av 2. hundreåret	Trajan, Hadrian <sup>272</sup>	3.4.1/47.22.4

For å gjera det lettare å finna att i lovene og for strukturera dette delkapittelet, har eg delt analysen opp i underkapittel. Analysen byrjar med ein del frå *Digesta* 3.4, som mellom anna handlar om korleis foreiningar skal handsamast juridisk.

## **5.1 Dig. 3.4: *Quod cuiuscumque uniuersitatis nomine uel contra eam agatur***<sup>273</sup>

Denne delen av den justinianske lovsamlinga handsamar i hovudsak korleis grupper skal sjåast på som rettssubjekt, og korleis dei skal handsamast i høve ein retts sak. I Watson er tittelen omsett med «Actions in the name of or against any corporate body».<sup>274</sup> Mykje av kapittelet er løyvd til teknisk handsaming av mellom anna foreiningar i ein retts sak, noko oppgåva ikkje kjem til å gå i djupna av, men gi ei rask oversikt over. Vidare er det eit kapittel som vil gjennomgå oppretting av foreiningar i detalj.

### **5.1.1 Dig. 3.4.1**

Denne delen er kapittelet er ført i penne av Gaius, og er henta frå «provincial edict, book 3».<sup>275</sup> Lova kan ha blitt vedtatt og ha hatt effekt før dette, og nokre av formuleringane og krava liknar på dei krava som *collegia* måtte oppfylle for å kunna eksistera under keisarane.

---

<sup>272</sup> Ibid. 85. Dette er noko usikkert grunna den vanskelege tidfestinga av Gaius sitt liv, men I alle høve Trajan og Hadrian.

<sup>273</sup> *Dig.* (M) 3.4

<sup>274</sup> *Dig.* (W) 3.4

<sup>275</sup> Ibid. 3.4.1

Dig. 3.4.1 byrjar med fylgjande avsnitt:

«Partnerships, *collegia*, and bodies of this sort may not be formed by everybody at will; for this right is restricted by statutes, senatus consulta, and imperial constitutiones. In a few cases only are bodies of this sort permitted.»<sup>276</sup>

Gaius skildrar fyrst noko som ofte går att lovtekstane om *collegia*, og som me skal sjå seinare i *Digesta* òg, nemleg at ein ikkje kan oppretta *collegia* som ein ynskjer sjølv (*corpus passim omnibus habere conceditur*). Vidare ser me at det Gaius skildrar må sjåast på som at det i hovudsak er eit forbod mot foreiningar, men at enkelte likevel kan eksistera. Fyrst listar han kva *corpora* som har vore lovlege:

«For example, partners in tax farming, gold mines, silver mines, and salt works are allowed to form corporations.»<sup>277</sup>

Det Gaius so listar er kva *corpora*, omsett som «bodies of this sort» av Watson, som skal vera lovlege. Det blir lista at dei som innhentar offentlege inntekter er partnerar i sølv- eller gullgruver og i saltproduksjon skal ha høve til å ha ei selskap. Dette er ikkje ei utømmeleg liste, og det må kunna antakast at liknande typar arbeidsområde òg hadde lov til å ha eit *corpus*. Eg vil argumentera for at grunnen til at dei ovannemnde og liknande arbeidsområder hadde løyve til å eksistera var, at dei utførte oppgåver som staten trengte eller skapte inntekter, gjennom til dømes utvinning av mineral og edelmetall, eller ved innsamling av pengar. Om ein ser på keisarane sine haldningar til desse kan det tenkast at dette enten var ein kalkulert risiko, at ein tente meir på å tillata desse i form at ressursar enn i frykt for bråk og opprør.

Det er truleg at desse *corpora* har hatt andre trekk enn *collegia*, til dømes ved at dei som deltok i *corpora* var av ein høgare sosial status enn i *collegia* og at dei hadde eit anna formål, og at problematikken kring fraksjonering og opprør ikkje på same måte var gjeldande i

---

<sup>276</sup> Ibid. «*Neque societas neque collegium neque huiusmodi corpus passim omnibus habere conceditur: nam et legibus et senatus consultis et principalibus constitutionibus ea res coercetur. Paucis admodum in causis concessa sunt huiusmodi corpora*» Dig. (M) 3.4.1

<sup>277</sup> Dig. (W) 3.4.1 «*Ut ecce uectigalium publicorum sociis permissum est corpus habere uel aurifodinarum uel argentifodinarum et salinarum*» Dig. (M) 3.4.1

*corpora* som det *collegia* kanskje kan ha vorte dekkja av. Dette vil eg hevda er truleg, sidan Gaius vidare skildrar kva *collegia* som skulle vera lovleg. Det står:

«Likewise, there are certain *collegia* at Rome whose corporate status has been established by *senatus consulta* and imperial constitutiones, for example, those of the bakers and certain others and of the shipowners, who are found in the provinces too.»<sup>278</sup>

I motsetnad til *corpora*, der det var fleire typar som var lovlege, synast det her at det var nokre *collegia* som hadde fått lov til eksistera med bakgrunn i eit *senatus consulta* eller ved løyve frå keisaren. Her ser ein at det har, i alle høve i nokre tilfelle, vorte søkt om å få lov til å vera ei foreining. Gaius nemner to *collegia* med namn, *collegia pistorum*, bakarforeininga, og *collegium nauiculariorum*, skipseigarforeininga som har fått høve til å eksistera. Det blir vidare skildra at det òg skal vera nokre andre foreiningar som har fått løyve til å eksistera. Kvifor det er desse foreiningane som er valt ut av Gaius er usikkert. Me veit at det har vore fleire foreiningar som har hatt løyve til å eksistera, og at desse har vore av anna art enn bakarar og skipseigarar.

Det er mogleg at Gaius drar fram foreiningar som har hatt ein form for relasjon eller nytte her òg. Dette er det sjølvsagt umogleg å prova, men me veit at mellom anna skipseigarforeininga, som me har sett, har hatt fordelar som at medlemmane kunne få unntak frå *munera*, ei form for offentleg plikt.<sup>279</sup> Det er likevel tydeleg her at ein kan søkja om å få oppretta ei foreining, og at dette, ifylgje *Digesta*, kan gis av keisarane eller senatet. Kva krav som blir stilt til slike foreiningar eller reglar blir ikkje skildra her, men seinare i *Digesta* skal me sjå meir på dette.<sup>280</sup>

Vidare blir det skildra kva rettar *collegia* som har fått løyve til å eksistera skal ha hatt:

«Those permitted to form a corporate body consisting of a *collegium* or partnership or specifically one or the other of these have the right on the pattern of the state to have

---

<sup>278</sup> *Dig. (W) 3.4.1 «Item collegia Romae certa sunt, quorum corpus senatus consultis atque constitutionibus principalibus confirmatum est, ueluti pistorum et quorundam aliorum, et || nauiculariorum, qui et in prouinciis sunt» Dig. (M) 3.4.1*

<sup>279</sup> *Dig. (W) 50.6.6.3.*

<sup>280</sup> *I Dig. 47.22*

common property, a common treasury, and an attorney or syndic through whom, as in a state, what should be transacted and done in common is transacted and done.»<sup>281</sup>

Det blir skildra at *collegia* har juridiske rettar til tre ting:

1. Å eiga land.
2. Å ha ei felleskasse.
3. Ein sakfører.

Dette meiner eg stadfestar at foreiningar, når dei fyrst hadde fått offentleg godkjenning, må ha vore aktive og synlege aktørar, særskilt med omsyn til at dei ved å eiga land kunne oppføra både bygningar, gravplassar og liknande. Både dette med bygningar og gravplassar har oppgåva alt diskutert at eksisterte, og dette må vera lovene som regulerte dette. Som det vil bli diskutert seinare, kan dette ha vore ein av grunnane til at foreiningar ynskja å få løyve til å eksistera, av di dei då fekk dei tre ovannemnde rettane. Der det mest truleg var vanskeleg å regulera alle plassar ein kunne møtast i skjul, vil eg argumentera for at det var lettare å kontrollera eigedom og prosessar som må gjerast av den offentlege sakføraren. Om ein ikkje hadde ein sakfører, ville det bli reagert med at prokonsulane beordra at alle tinga dei eigde i fellesskap ville bli beslaglagt.<sup>282</sup> Det står òg at det er moglegheit for at nokon utanfor foreiningane kan forsvare dei, i likskap med dei reglane som eksisterte for individuelle personar. Dette ville gjera det lettare for desse foreiningane å forsvare seg sjølv juridisk.<sup>283</sup>

Utan å ta det i eit eige kapittel er det verd å nemna eit anna kapittel i *Dig.* 3.4. Her det mange reglar for korleis ein rettssak skal gjennomførast, kven som har rett til å møta og representera, og kva som hender ved ulike hendingar. Dette har eg diverre ikkje høve til å utforska i denne oppgåva, men i *Dig.* 3.4.7.1, skrive av Ulpian, får me meir innsikt i korleis ei foreiningar si gjeld vart handsama. Det står:

---

<sup>281</sup> *Dig.* (W) 3.4.1.1 «*Quibus autem permissum est corpus habere collegii societatis siue cuiusque alterius eorum nomine, proprium est ad exemplum rei publicae habere res communes, arcam commune et actorem siue syndicum, per quem tamquam in re publica, quod communiter agi fierique opeat, agatur fiat.*» *Dig.* (M) 3.4.1.1

<sup>282</sup> *Dig.* (W) 3.4.1.2

<sup>283</sup> *Ibid.* 3.4.1.3 Her er det berre skildra at dette gjeld corporation (i omsetjinga), *universitatem* i *Dig.* (M) 3.4.1.3 Kor vidt dette er språkleg upresist, at det gjeld både foreiningar og selskap, eller om dette berre gjeld corporations er eg ikkje sikker på, men truleg, med omsyn til at det ikkje er nytta ein av termane i originalteksten, det er nytta *universitatem* so vil eg anta at denne regelen gjeld for baa, og ikkje berre for gruvene og saltutvinnignna som Gaius nemner fyrst.

«A debt to a corporate body is not a debt to individuals and a debt of a corporate body is not a debt of individuals.»<sup>284</sup>

Dette må forståast som at foreiningar vart sett på som eigne rettssubjekt, og ved ei økonomisk hefting fall ikkje denne på individa i foreininga, men på foreininga som heilskap. Om nokon stod i gjeld til foreininga skulda ein dette til foreininga, ikkje til medlemmane. Dette syner, som over, ei meir offentleg rolle for dei foreiningane som har fått godkjenning, og sikrar medlemmane tryggleik for økonomisk risiko.

Som me har sett i denne delen av *Digesta*, skrive av Gaius under Trajan eller Hadrian, har ein generelt hatt eit forbod mot foreiningar, men nokre foreiningar, som bakarane og skipseigarane, har fått løyve til å eksistera av senatet eller keisaren. Dette syner ei restriktiv haldning til å godkjenna foreiningar som lovlege. I tillegg har me sett at dei foreiningar som har fått løyve oppnår ein meir beskytta juridisk staus, og retten til å eiga land og ha ei felleskasse.

## **5.2 Dig. 47.22: *De collegis et corporibus***<sup>285</sup>

Dette er det mest utbroderande delkapittelet som eksisterer i dei romerske lovene om *collegia*. Watson har omsett kapitteltittelen til «*Collegia and associations*».<sup>286</sup> Det består av fire underkapittel, 47.22.1-4, som er skrive av tre ulike juristar. Dette gjer at delane ikkje er tidfesta samstundes. Ei heller inni dei ulike kapitla er det sikkert at dateringa er lik. Ligt har mellom anna skildra Dig. 47.22.1 slik: «Even a superficial glance at the text is enough to reveal that it contains a heterogeneous collection of rules relating to the *ius coeundi*»<sup>287</sup>

Me skal no sjå på dei fire delkapitla i *Digesta*.

### **5.2.1 Dig. 47.22.1**

I *Digesta* 47.22.1 (Marcian, *institutes*, bok 3) står det i fyrste avsnitt:

---

<sup>284</sup> Dig. (W) 3.4.7.1 «*Si quid universitati debetur, singulis non debetur: nec quod debet unuersitat singuli*» Dig. (M) 3.4.7.1

<sup>285</sup> Dig. (M) 47.22

<sup>286</sup> Dig. (W) 47.22

<sup>287</sup> Ligt 2001 347

«By the Decrees of the Emperors, the Governors of provinces are directed to forbid the organization of corporate associations, and not even to permit soldiers to form them in camps.»<sup>288</sup>

I den fyrste delen ser me at ein ved keisarleg dekret instruerer guvernørane i provinsane til å forby alle *collegia sodalicia*.<sup>289</sup> Vidare skal heller ikkje soldatar få lov til å samlast i foreiningar når dei er i leirane.

Eit av omgrepa som må sjåast nærare på er *collegium sodalicia*. Kva ein skal tolka dette som er det ikkje semje om. Nokre historikarar, som De Robertis, hevdar at dette skil mellom *collegia sodalicia* og *collegia (necessaria)*.<sup>290</sup> Det fyrstnemnde er private *collegia* og det sistnemnde er *collegia* som er ynskja av det romerske senatet av di dei utførte ei oppgåve som var naudsynt for Romerriket sit ve og vel. De Robertis hevdar med dette at til dømes dei fire store religiøse *collegia*<sup>291</sup> òg måtte søkja om løyve til å få *ius coeundi*, lov til å møtast. Dette motstridast mellom anna av Ligt.<sup>292</sup>

Kloppenborg hevdar på si side at ein nyttar termen *collegia sodalicia* for å skilja dei frå *collegia sacerdotum*.<sup>293</sup> *Sacerdotum (gen. plur)*, av stamma *sacer*, heilag, blir brukt om prestar, og utøving av religiøse embete. *Collegia sacerdotum* blir truleg i so høve nytta for at loven ikkje skal femna om foreiningar for prestar og liknande.<sup>294</sup> Religionsutøving var essensielt både for det romerske kvardagslivet og for politikken, og det ville truleg vore svært lite føremålstenleg å avvikla *collegia* som hadde ei religiøs rolle.

Viktigheita av religionsutøving finn ein att i fleire inskripsjonar. Fleire grupper blir omtala som *qui sacris publicis praestu sunt*, oversett til «[dei] som opptrer på offentlege, religiøse seremoniar». <sup>295</sup> Definert som dette er mellom anna musikarar (*symphoniaiacii*), fløytespelarar (*tibicines*) og lyrespelarar (*fidicines*).<sup>296</sup>

---

<sup>288</sup> Dig. (W) 47.22.1 «Mandatis principalibus praecipitur praesidibus provinciarum, ne patiantur esse collegia sodalicia neve milites collegia in castris habeant.» Dig. (M) 47.22.1

<sup>289</sup> Omgrepet blir diskutert seinare i oppgåva.

<sup>290</sup> Robertis 1971 diskutert i Duff 1942 130; Liu 2005 292

<sup>291</sup> *Collegium pontificium, Augures, viri sacris faciundis, viri epulones* som diskutert i kapittel 2.2.4

<sup>292</sup> Ligt 2001

<sup>293</sup> Kloppenborg 1996 18-20; Ligt 2001; Liu 2005 292

<sup>294</sup> Diskutert i Liu 2005 292-93

<sup>295</sup> «Who performs for public religions ceremonies». Omsatt i Liu 2013 335

<sup>296</sup> CIL XI 2191-93, 240, 1054, 3696

Eg meiner De Robertis si tolking ikkje er særskilt truverdige. Å tolka dette som at senatet hadde utvalde *collegium, collegium necessaria* som han kallar dei, definert som naudsynte for riket, har eg ikkje funne dekning for i kjeldematerialet. Det er godt mogleg at senatet eller keisaren såg nokre *collegia* som viktigare for riket enn andre, dette har ein nokre døme på frå til dømes handelsforeiningar. Men at dei hadde definert nokre som «nyttige» og andre som «private» er etter mitt syn lite truleg. Eg vel difor å stø meg til Kloppenborg, i det at ordlyden er der for å ikkje forby det religiøse *collegium*, noko me òg ser andre kjelder gjer unntak for.

Etter å ha etablert at *collegia sodalicia* ikkje er lov, står det vidare i 47.22.1:

«But the lower orders are allowed to pay a small monthly fee, provided that they meet only once a month, lest an unlawful association be created under this guise.»<sup>297</sup>

Her opnar ein for det som kan vera gravferdsaspektet ved ein del *collegia*. Som diskutert tidlegare gravla mange av foreiningane sine medlemmer, enten på fellesgravferdsplassar eller i egne graver. Dette vart som kjend truleg finanisert gjennom medlemsavgifter og moglegvis gåver frå patronar. Lova gjer det her mogleg for *collegia* å ta medlemsavgift.

Det kan vera nyttig å notera seg at i *lex collegia* til foreininga av Diana og Antinous i Lanuvium, som er datert til 136 evt., står det mellom anna at «those who wish to collect a monthly fee [...] may gather in this *collegium*» og i inskripsjonen står det i byrjinga «clause from the decree of the Senate of the Roman People».<sup>298</sup> Dette kan syna at sjølv om lova er skriven av Marcianus 198-211 evt., kan den ha hatt opphav og effekt før dette.

Kva som er ein liten sum er ikkje definert i lova. Ein veit ikkje so mykje om kva det kosta å vera med i foreiningane i sjølve Roma, men ein har nokre døme på kva som var kravd av medlemmer, som me skal sjå, i neste kapittel. Truleg er dette litt vage konseptet der som ein moglegheit til at ein frå tilfelle til tilfelle kan vurdera kva som er ein liten sum. Her er det mogleg at ein kan sjå ein parallell til Modeller sin skjold-teori, der han hevda at ein del av foreiningsreguleringa ikkje vart handheva før dette var naudsynt, og so framt foreiningane ikkje gjorde noko som gjekk imot statens interesser, fekk dei lov til å eksistera.<sup>299</sup>

---

<sup>297</sup> Dig. (W) 47.22.1 «*Sed permittitur tenuioribus stipem menstruum conferre, dum tamen semel in mense coeant ne sub praetextur huiusmodi illicitum collegium coeat.*» Dig. (M) 47.22.1

<sup>298</sup> Sjå kapittel 6.1 for referanse og analyse av denne teksten.

<sup>299</sup> Moeller 1976 85

Vidare er det òg svært interessant å sjå at ein legg føringar for kor ofte ein kan møtast. Ein har høve til å samla inn pengar so framt ein berre møtast ein gong i månaden, og at ein ikkje gjer dette som eit skalkeskjul for å oppretta eit *illicitum collegium*. Kvifor får ein berre lov å møtast ein gong i månaden? Eg meiner dette kan grunnast i ei uro for det som ofte blir omtala som politiske klubbar. Det er mogleg at ein gong i månaden har vore smertegrensa som ein aksepterte som ei grense før ein kunne byrja å konspirera.

Lova fortset so med fylgjande avsnitt:

«And the deified Severus stated in a rescript that this applies not only at Rome but also in Italy and the provinces.»<sup>300</sup>

Her ser ein at ein del av det som er står i lova er eit reskript. Dette skal ha hendt under keisar Septimus Severus, som regjerte 193-211 evt. Eit reskript var eit brev, underskrive av keisaren, som utfylte eller tolka eksisterande lover.

Reskriptet som vart utsteda, spesifiserer at lova ikkje berre gjaldt for Roma, men òg for heile Italia og i provinsane. Om dette er ei nytolking av lova, eller eit tillegg som Severus gjer, seier lova ingenting om. Dette kan tyda at det var fyrst under Severus at lova vart gjeldande for heile Romerriket, men dette stiller eg meg tvilande til. Som me såg i fyrste del av lova står det:

«the Governors of provinces are directed to forbid the organization of corporate associations.»<sup>301</sup>

Dette ekskluderer berre Italia og Roma. Desse to områda, Roma som hovudstad og Italia som hjarte i riket, hadde ei særrolle i *Imperium Romanum*, der keisarane og senatet i stor grad ytte direkte styre.<sup>302</sup> Eg meiner ein kan anta at denne loven implisitt gjaldt for Roma og Italia av di ein kan sjå på lova over som ein instruks til guvernørane, og det er lite truleg at keisaren instruerte seg sjølv. Dette gjer at reskriptet til Severus understrekar at dei reglane som gjeld for Roma òg gjeld for resten av riket.

---

<sup>300</sup> Dig. (W) 47.22.1 «*Quod non tantum in urbe, sed et in Italia et in prouinciis locum habere diuus quoque Seureus rescripsit.*» Dig. (M) 47.22.1

<sup>301</sup> Dig. (W) 47.22.1

<sup>302</sup> Millar 1986 311-18



Vidare står det:

«There is, however, no ban on assembly for religious purposes, so long as there is no contravention of the *senatus consultum* which prohibits unlawful *collegia*.»<sup>303</sup>

Som ein ser drar ein her klare distinksjonar mellom det som er å samlast for religiøse grunnar og det som ikkje er det. Det står eksplisitt at religiøse foreiningar ikkje er *prohibetur*. Men desse òg må halda seg innanfor det som senatet har vedtatt i sitt *senatus consultum*. Kva senatsvedtak dette speglar attende på er ikkje sikkert, og ein har fleire kjende vedtak frå senatet som regulerer *collegia*, som me har sett.

Mest truleg er *senatus consultum* her brukt refleksivt, for å peka på teksten over, som omhandlar at nokre *collega* har høve til å møtas ein gong i månaden og samla ein liten sum til foreiningskassa. Senatsvedtaket er truleg *senatus consultum de collegis tenuiorum*.

*Tenuiorum*, som har stamme *tenuior*, tydande tynnare eller svakare, som ein jo snakkar om over, i avsnittet om at «But the lower (*tenuioribus*) orders are allowed to pay a small monthly fee[...]».<sup>304</sup> I litteraturen er ein samd om at denne *senatus consultum* mjuka opp noko på *lex Iulia de collegiis*, som me har sett i analysen av Cæsar og Augustus. Diskusjonen om *senatus consultum de collegis tenuiorum* har me òg sett på. Den handlar om kva *collegia* som er «unlawfull».<sup>305</sup>

Ligt har i sin artikkel argumentert for at dette *senatus consultum* er utsteda like etter at Augustus etter borgarkrigen igjen gjorde foreiningar ulovlege. Han er difor usamd med De Robertis som meiner at dette *senatus consultum* vart vedtatt mellom 40-60 evt., og at det ikkje gjeld fattige, men gravferdsforeiningar, *collegium funeraticium*.<sup>306</sup> Ligt argumenter overtydande mot dette synet i sin artikkel. Tematikken med *collegium funeraticium* blir òg diskutert seinare, under foreininga for tilbeding av Diana og Antinous i Lanuvium.

I det siste avsnittet av dette kapittelet, *Dig. 47.22.1*, står det:

---

<sup>303</sup> *Dig. (W) 47.22.1* «*Sed religionis causa coire non prohibentur, dum tamen per hoc non fiat contra senatus consultu, quo illicita collegia arcentur.*» *Dig. (M) 47.22.1*

<sup>304</sup> *Dig. (W) 47.22.1*

<sup>305</sup> Ligt 2001 26

<sup>306</sup> *Ibid.* 346

«It is not permitted to belong to more than one *collegium*, as was laid down by the defied brothers; and if someone belong to more than one, it is provided by rescript that he must choose the one to which he wishes to adhere and receive from the association which he leaves the share of the common fund which is due to him.»<sup>307</sup>

Dette er den siste delen i Marcianus del 1.<sup>308</sup> Marcianus var ein romersk jurist som skreiv lover etter Severus sin død. Her ser ein at det er klårt regulert at ein berre har høve til å vera med i eitt *collegia* om gongen. Dette er bestemt av *diuis fratribus*, dei heilage brørne, gjennom eit reskript. Kven desse brørne er, står ikkje. Det er mogleg at det, sidan Severus har skriva reskript til denne lova før, og Marcianus, som har skriva om lova, levde i ettertid av Severus, er snakk om Severus og ein av (eller baa) sønene hans. Dei var på eit tidspunkt medkeisarar alle saman, og brørne var ein kort periode òg keisarar ilag.<sup>309</sup>

Om ein er med i meir enn eitt *collegium* måtte ein ifylgje denne lova bestemma seg for kva foreining ein ville vera med i. Deretter hadde ein krav på å få ut sin del av «the common fund». Dette må kunna tolkast som at det, i alle høve i visse delar av riket, var eit større mangfald av foreiningar, som gjorde at ein hadde moglegheita til å vera med i fleire enn ein. Det bør òg gi oss ein peikepinn på kva for type foreiningar dette var. For i eit tankeeksperiment der det berre eksisterte gravferdsforeiningar, ville det ikkje vore naudsynt å vera med i fleire. Ein treng ikkje gravleggast fleire gonger. Me må difor kunna anta at dei foreiningane som eksisterte var til for meir enn berre gravferder ein betalte inn til. Kva anna enn gravferder ein kunne betala inn til foreininga si felleskasse blir spekulasjonar, men ein veit jo at mange foreiningar arrangerte middagar til ære for mellom anna guddommar eller patronar, og dreiv med tilbeding og offer.<sup>310</sup>

Det er òg tydeleg, meiner eg, at dette tillegget, reskriptet, kom ein stund etter dei fyrste lovene om *collegia*. For som ein ser forbyr ein å vera medlem i fleire enn ei foreining, og ein skal få attende det ein har bidratt inn med i det *collegia* ein går ut av. Med mindre det å vera med i fleire *collegia* var relativt vanleg praksis, ville ein då eksplisitt spesifisert at ein skulle få ut att sin del? Eg vil argumentera for at dette syner at ikkje kan ha vore uvanleg at folk var med i

---

<sup>307</sup> Dig. (W) 47.22.1 «*Non licet autem amplius quam unum collegium licitum habere, ut est constitutum et a diuis fratribus: et si quis in duibus fuerit, rescriptum est eligere eum oportere, in quo magis esse uelit, accepturum ex eo collegio, a quo recedit, id quod ei competit ex ratione, quae communis fuit.*» Dig. (M) 47.22.1

<sup>308</sup> Marcianus har òg bok 2, som er Dig 47.22.3 som me skal sjå på seinare.

<sup>309</sup> Tidfestinga blir i so høve mellom 198-211 evt.

<sup>310</sup> Det siste momentet har me mellom anna sett i kapittel 2.2.

fleire enn ei foreining. Dette vil i so høve gi eit meir utfyllande bilete, der ein kan skissera at folk til dømes var med i ei foreining med gravferdsaspekt, kanskje med utspring i der dei budde, og ei foreining, til dømes religiøs eller med arbeidskollegaer. Dette ville i so høve ha gitt folk fleire møteplassar. Som me har sett, til dømes i, Plin. *Ep.* 10.33 frykta Trajan at om folk møttest ville det dannast politiske klubbar (*hetaeriae*).<sup>311</sup>

Dette delkapittelet, Dig. 47.22.1, syner altso at berre nokre *collegia* var lov. Desse *collegia* var til for dei av lågare status, og dei fekk høve til å samla inn ein liten månadleg avgift til foreininga. Dei hadde ikkje høve til å møtast meir enn ein gong i månaden. Vidare har me sett at religiøse *collegia* ikkje er omfatta av denne lova, so framt dei ikkje strid med dei ovannemnde reglande. Ein hadde òg berre høve til å vera med i ei foreining. Eit moment som er vanskeleg å seia sikkert er når denne lova har hatt effekt. Som Ligt peika på meiner han at denne lova er ei heterogen samling reglar, der tidsaspektet er ulikt. Det er difor godt mogleg, meiner eg, at delar av denne lova har hatt effekt før den vart skrive ned av Marcian.

### 5.2.2 Dig. 47.22.2

Del to av *de collegiis et corporibus* er vesentleg kortare enn del ein. Den er berre på tre linjer, og er henta frå Ulpian si bok, *Duties of Proconsul*, bok seks. Ulpian var, som Marcian, ein romersk jurist, og produserte truleg mest i det tredje hundreåret (han vart drepen i 228 evt.).

«Anyone instituting an unlawful association will be liable to the penalty imposed upon those found guilty of occupying public places or temples with armed men.»<sup>312</sup>

Her får me eit innblikk i kva som kunne vera reaksjonen på å oppretta eit *illicitum collegium*. Og som ein ser av straffa må det romerske styresette ha tatt alvorleg på og straffa dei som oppretta eit ulovleg *collegium*. Eg har forsøkt å finna ut kva som var straffa for å okkupera ein offentleg plass eller tempel med *hominibus armatis*, væpna menn, men det ser ut til at den einaste plassen dette er nemnd er i dette avsnittet, i alle høve i *Digesta*. Eg har heller ikkje funne forskingslitteratur som har eit svar på dette.

Eg meiner framleis at det må vera mogleg å seia noko om kor alvorleg dette vart sett på. Me veit at keisarar frykta opprør, og regulerte til dømes når *collegia* kunne møtast. Eg meiner det

---

<sup>311</sup> Plin. *Ep.* 10.33

<sup>312</sup> Dig. (W) 47.22.2 «*Quisquis illicitum collegium usurpauerit, ea poena tenetur, qua tenentur, qui hominibus armatis loca publica uel tampla occupasse iudicati sunt.*» Dig. (M) 47.22.2

er rimeleg å anta at å okkupera eit tempel eller offentlege plassar med våpen ikkje kan ha blitt reagert mildt på. Keisarane hadde maktmonopol, og kunne nytta hæren og pretorianergarden i roma, som ein form for politi.<sup>313</sup> At nokon utfordra maktmonopolet var truleg alvorleg. Vidare var det ikkje berre at dei hadde våpen, men at dei nytta våpen mot offentlege plassar eller tempel. Offentlege plassar, som *forum*, *agora* og tempel var viktige institusjonar i det romerske samfunnet.

I det romerske systemet skil ein mellom *humiliores* og *honestiores* når ein skal utmåla straff. *Honestiores* var romerske senatorar, folk av ridderklassen, soldatar, veteranar og folk som hadde hatt offentleg embete utanfor Roma med alle deira familiar. Alle andre, ofte omtala som *plebeii*, høyrer til i den fyrste gruppa.<sup>314</sup> Desse to gruppene vart straffa ulikt, og *humiliores* klart strengast av dei to. Medlemmer av *collegia* var truleg nesten aldri i *honestiore*-gruppa, og eit brotsverk av dei ville bli straffa strengare.

Ein veit ikkje mykje om kan som kan ha vore straffa for brot på *collegia*-lovgevinga. Ein veit at for mindre brotsverk ville ein vanlegvis bli slått med kjeppar, piska om ein var slave.<sup>315</sup>

Det er ikkje utenkeleg at ein ved å okkupera offentlege plassar eller tempel kunne bli dømt til *summum supplicum*, som var den strengaste straffa for folk av lågare klasse.<sup>316</sup> Her kunne ein bli kasta til dei ville dyra, bli hengt eller brent levande.<sup>317</sup> Eit eksempel som kan skina lys på straffeutmålinga for ulovlege *collegia*, er at ein ved fleire dømme korsfesta jødiske opprørarar, kristne og slavar.<sup>318</sup> Likskapstrekka her er at både jødar og kristne ofte deltok i sekter som hadde møter, likt *collegia*, og at foreiningar ved høve har blitt skulda for å driva med fraksjonering og opprør.

Ein kunne òg bli dømd til tvangsarbeid i gruvene. Det står òg at ungdomsgjengar, *iuvenes*, med fleire kunne bli dømd til *relegatio*. *Relegatio* er forvising frå eit område, eller forvising til ein plass, ofte ei øy.<sup>319</sup> Denne kunne gjelda for ein bestemt mengde tid, eller livet ut.

---

<sup>313</sup> Fuhrmann 2012 123ff

<sup>314</sup> Carcopino, Rowell, og Lorimer 1941 52

<sup>315</sup> *Dig. (W)* 48.2.6

<sup>316</sup> Garnsey 1970 104

<sup>317</sup> *Ibid.*

<sup>318</sup> *Ibid.* 127

<sup>319</sup> *Ibid.* 115-17

Utan å gå meir inn i diskusjonen, som blir noko spekulativ, kring kva som kunne vera straffa for å vera med i eit ulovleg *collegia*, meiner eg det er dekning for at dette ville bli straffa hardt. Det er ikkje utenkeleg at denne straffa var døden eller forvising.

Etter å ha sett kva som truleg var straffereaksjonen skal me no sjå på kva som hender med blant anna eigendelane til ei foreining om den blir oppløyst.

### 5.2.3 *Dig. 47.22.3*

Denne delen, *Dig. 47.22.3*, skal vera skrive ned av Marcian, som òg skreiv det fyrste avsnittet me såg på.<sup>320</sup> Dette er frå boka *Public prosecutions*, bok 2. Fyrst står det:

«If there be any unlawful *collegia*, they are dissolved under imperial instructions and rulings and *senatus consulta*.»<sup>321</sup>

Den fyrste delen av *Dig. 47.22.3* meiner eg stadfestar at *collegia* var noko som opptok både senatet og keisarane. Som ein ser har det vore *mandatis*, keisarleg instruksjon, *constitutionibus*, lov, og gjennom senatsvedtak, *senatus consultis*, som har gjort ulovleg ein del *collegia*. Dette må ein kunna tolka som at foreiningane ikkje var noko som hadde laga problem ein gong, eller noko der ein vedtok ein lov og var ferdig med det. Det har vore fleire separate høver og mandat som alle har sagt at nokre *collegia* skulle oppløysast. Vidare står det:

«But on their dissolution, it is permissible for the members to share out between them any common funds that exist.»<sup>322</sup>

Tidlegare, i *Dig. 47.22.2*, har me sett at om ein var medlem i fleire *collegia*, når det vart forbode å vera med i fleire, fekk ein høve til å ta ut sin del av *collegia*-kassa frå den foreininga ein ikkje lenger kunne vera med i. Dette utdraget syner at ein liknande lov mogleggjorde dette òg for dei foreiningane som vart forbode, ikkje berre med medlemskap i to foreiningar.

---

<sup>320</sup> *Dig. (W) 47.22.1*

<sup>321</sup> *Ibid. 47.22.3 «Collegia si qua fuerint illicita, mandatis et constitutionibus et senatus consultis dissoluuntur:» Dig. (M) 47.22.3*

<sup>322</sup> *Dig. (W) 47.22.3. «sed permittitur eis, cum dissoluuntur, pecunias communes si quas habent diuidere pecuniamque inter sed partiri.» Dig. (M) 47.22.3*

Som eg argumenterte før, og som eg vil argumentera att, må dette, at ein sikrar ei rettferdig fordeling av foreiningsmidlane etter at foreininga har blitt forbode, syna at *collegia* absolutt må ha vore veletablert i det romerske samfunnet, og at avgjersler om å gjera dei ulovlege må ha hatt implikasjonar på mange liv. Om dette ikkje hadde vore tilfellet tvilar eg på at ein hadde laga eigne lovtekstar som regulerte noko som ikkje var reelt. Vidare står det:

«Above all, unless an association or other such body be formed with the authority of a *senatus consultum* or of the emperor, it is created in contravention of the *senatus consultum* and of imperial instructions and rulings.»<sup>323</sup>

Før har me sett at det berre var nokre foreiningar, mellom anna dei med religiøse motiv, og dei for «the lower orders» som var lov, alle andre var ulovlege. Dette har alt snevra inn kva foreiningar som var mogleg å eksistera. I tillegg til dette må ein, ifylgje dette, få eksplisitt godkjenning av keisaren (*mandatis*) eller frå senatet (*senatus consultum*) for at ein foreining skulle vera lovleg. Om ein ikkje har fått eit slikt løyve er foreininga ulovleg. At foreiningar har fått løyve til å eksistera har ein funne fleire eksempel på. Ei foreining frå Lanuvium me skal sjå på seinare fått eit slikt løyve.<sup>324</sup> Me veit difor med tryggleik at regelen om at ein måtte få løyve av keisaren og senatet har vore nytta.

Frå løyve om å eksistera går lova vidare til å skildra korleis slavar òg kunne få tilgang til foreiningar, på visse vilkår. Det står:

«Slaves, too, with the consent of their masters, may be admitted to the associations of the lower orders.»<sup>325</sup>

Som me har sett tidlegare i oppgåva har eg argumentert for at det må ha vore ulike gradar av betaling til foreiningar, og eg har argumentert med at dette kunne verka ekskluderande på delar av dei fattigare klassane. Dette er òg truleg høve, men her ser ein eit anna aspekt, nemleg at det er mogleg for slavar å vera med i foreininga. Med mindre me snakkar om ei

---

<sup>323</sup> Dig. (W) 47.22.3.1. «*In summa autem, nisi ex senatus consulti auctoritate uel Caesaris collegium uel quod cumque tale corpus coierit, contra senatus consultum et mandata et constitutiones collegium cerlebrat.*» Dig. (M) 47.22.3.1

<sup>324</sup> CIL XIV.2112 om foreininga for Diana og Antinous

<sup>325</sup> Dig. (W) 47.22.3 «*Seruos quoque licet in collegio tenuiorum recipi uolentibus dominis, ut curatores horum corporum sciant, ne innito aut ignorante domino in collegium tenuiorum recipi uolentibus dominis, ut reciperent, et in futurum poena teneantur in singulos homines aureorum centum.*» Dig. (M) 47.22.3

svært spesiell og relativt velstående gruppe slavar, er det difor truleg at andre foreiningar har hatt ein lågare eller ikkje-eksisterande medlemsbetaling.

For, som ein ser av lova, var det lov for slavar å vera med foreiningane for *collegium tenuiorum*, so framt deira meistrar hadde gitt løyve til dette. Om ein skal leggja eit premiss om at det var dyrt å delta i *collegia*, som eg har synt at det kunne vera, og som fleire, mellom anna Nijf har hevda, passar ikkje det at slavar kunne vera med i *collegia* so godt inn i teorien.<sup>326</sup> Det må kunna antakast at vanlege slavar ikkje hadde høve til å betala det Nijf skildrar som «a hefty fee» for å bli medlem.<sup>327</sup>

Eit forslag som vil kunna svara på dette, er at slavane det er snakk om ikkje var det lågaste samfunnssjiktet slavar. Dette kan ha vore slavar som hadde opphøgde stillingar i store hushald, der dei hadde meir fridom enn den vanlege slave. Dette kan òg gi ein forklaring på kvifor dei skulle få lov av sin *dominus*, herre, til å bli med i ei foreining som truleg var utanfor herren sin kontroll.

Ein ting som ikkje kan avskrivast er at nokre *collegia* hadde få til ingen økonomiske plikter, og difor var tilgjengelege for mange fleire enn dei øvre gruppene i samfunnet. Sjølv om dei gode kjeldene me har frå foreiningane sjølv skildrar ei medlemsavgift som truleg ikkje alle hadde høve til å betala, betyr ikkje dette at det ikkje eksisterte foreiningar som ikkje hadde dette. Her bør ein hugsa på kvifor ein skreiv ting i stein, og kven som gjorde dette. Som eg har diskutert før kosta dette truleg ein del, av di ein måtte ha ein steinhoggar til å gjera det.

Eg vil på bakgrunn av dette argumentera for at det må ha vore foreiningar for fleire ulike sosiale lag, der nokre var for dei i ein betre økonomisk situasjon, mens andre hadde lågare til ingen medlemsbidrag.

---

<sup>326</sup> Nijf hevdar at «*collegia* [...] recruited their members mainly from among the upper levels of the urban plebs: craftsmen and traders of at least a moderate wealth. The mere fact that these men could afford membership of a *collegium* is itself sufficient indication that we are dealing with a relatively well-off segment of the population: The privilege of membership had to be bought for a hefty fee.» Nijf 2002 308

<sup>327</sup> Ibid.

«those in charge of such associations should know that if they admit slaves to such associations without the master's knowledge or consent, they will henceforth be liable to a penalty of a hundred gold pieces per slave.»<sup>328</sup>

Vidare ser ein at om ein hadde ei foreining som slapp til slavar utan herren sin godkjenning, skulle ein betala eit hundre gullstykker, i bot.<sup>329</sup> Desse 100 gullstykk refererer truleg til den romerske mynten *aureus*.<sup>330</sup> I so høve er bota ekvivalent til 10.000 sesterius HS, ein svært substansiell sum. Til dømes er det 100 gonger høgare enn det som var inngangssummen for å bli med i foreininga til Diana og Antinous i Lanuvium.<sup>331</sup> Det er altso svært alvorleg, og svært dyrt, å ikkje ha lov frå herren til å sleppa ein slave inn i eit *collegium*. Kven som skal betala denne bota står ikkje eksplisitt, men me finn truleg svaret i eit anna avsnitt av *Digesta*. «They» betyr truleg heile foreininga, og bota måtte då betalast av foreiningskassa. Dette er òg underbygd av at det i *Digesta* 3.4.7.1, står at ei gjeld ikkje fell på enkeltpersonar, men på foreininga som heilskap.

Dette avsnittet har tatt opp fleire ting. Fyrst har me lært at om ein foreining blir oppløyst, skal medlemmane i denne dela dei felles eigendelane. Vidare har me lært at ei foreininga må ha godkjenning for å eksistera, og at om dei ikkje har fått denne godkjenninga er det eit ulovleg *collegium*. Og me har sett at slavar har høve til å vera med i foreiningar, so framt deira herrar har gitt dei løyve til dette. Om dei er medlem utan løyve var det høge bøter for dette.

#### 5.2.4 *Dig. 47.22.4*

Dette er den siste delen av *De collegiis et corporibus*. Den er henta frå Gaius XII Tables, bok fire. Som nemnd levde Gaius 130-180 evt. Det han siterer eller referere til er derimot mykje eldre, og denne lova, sjølv om den er nedskrive i imperiet, har truleg sit opphav frå republikken. Tolvtavlelova, *lex duodecim tabularum*, skal ha blitt skriva i 451-450 fvt. Når dei var ferdig skal loven ha blitt slått opp på ei bronsetavle slik at alle kunne sjå den.<sup>332</sup>

---

<sup>328</sup> *Dig. (W) 47.22.3* Latin for avsnittet i sin heilskap er presentert tidlegare grunna ulik oppdeling på engelsk og latin.

<sup>329</sup> Verdien av dette er vanskeleg å anslå, men det må ha utgjort ein stor kostnad.

<sup>330</sup> *Aureus* er fleirtal av *aurei* som betyr gylden og dette var ein gullmynt i Det romerske imperiet.

<sup>331</sup> Bendlin 2011 213

<sup>332</sup> Liv. *Ab urb.* 3.57.10



Me skal no sjå på *Dig.* 47.22.4, som er den siste delen av *Digesta* som blir diskutert i denne oppgåva.

«Co-members are those who belong to the same associations, what the Greeks call an *εταρεία* [*hetaeriae*]. A statute gives them the power to enter into any agreement they like, so long as they do not contravene the public statute.»<sup>333</sup>

Dette avsnittet legg grunn for det me skal sjå på seinare, nemleg at foreiningar kunne ha sine egne lovar, *lex pactionem*, so framt dei ikkje strid mot *publica lege*, den offentlege lova. Me ser òg at det blir laga ein juridisk term, *sodales*, som me ville omsett med medlemmar, og medlemmar er dei som er del av same foreining. Interessant er det òg at ein vel å ta med den greske termen, *εταρεία*, inn i lova. Romerane hadde fleire gode termar, mellom anna *collegia*, som vart nytta for foreiningar, og utan grunn ville det vore underleg å innføra ein ny term på gresk inn i lovgjevinga. Forklaringa er truleg at denne delen er henta frå dei soloniske lovene, som òg Gaius skriv i *Digesta*. Det står:

«This statute appears to have been adopted from the law of Solon»<sup>334</sup>

Gaius kommenterer altso at lova som gir foreiningane lov til å ha egne vedtekter stammer frå Solon. Solon (640/635-561/560 fvt.) var ein athensk statsmann og poet, som er kjend for sine reformer i Athen.<sup>335</sup> Dette, at Gaius siterer det som kan verka som Solon, syner at *collegia*-konseptet er gammalt, og at ein truleg har hatt større regulering i Athen enn i Roma, av di ein låner lover frå Solon. Som kjend finn ein mange dømer på foreiningsverksemd i den greske antikken.<sup>336</sup> Neste avsnitt kan tyda på at den greske foreiningsverksemda var meir utbreidd enn i Romerriket på eit tidlegare tidspunkt, og moglegvis har den romerske lovgjevningen blitt påverka av den Athenske. Det står:

«If the inhabitants of a city district or precinct be in association for the purpose of holding religious feast or of dining together or to provide for their burial or if they be members of the same club or they combine to engage in some enterprise or for profit,

---

<sup>333</sup> *Dig.* (W) 47.22.4 «*Sodales sunt, qui eiusdem collegii sunt: quam Graeci εταρείαν vocant. His autem potestatem facit lex pactionem quam velint sibi ferre, dum ne quid ex publica lege corrumpant.*» *Dig.* (M) 47.22.4 Liu transkriberer «*εταρείαν*» til «*hetairian*». Liu 2008 s. 59.

<sup>334</sup> *Dig.* (W) 47.22.4 «*Sed haec lex videtur ex lege Solonis tralata esse.*» *Dig.* (M) 47.22.4

<sup>335</sup> Sjå til dømes *Ath.Pol.*, særskilt 5-12, og Herodot *histories*, 5.62-78 om Solon og reformane. Henta frå *Ancient Greek democracy: readings and sources* 2004 77-81

<sup>336</sup> Sjå til dømes Nijf og Alston 2011 og Jones 1999

anything that they agree between themselves will be valid unless forbidden by public statues.»<sup>337</sup>

Som ein ser av den siste delen av Dig. 47.22.4, nemner den soloniske lova mange aspekt av foreiningar me finn att i Romerriket på eit seinare høve. Av grunnar til å ha ein foreining ser ein at dei soloniske lovar nemner:

1. Religious feast (det religiøse aspektet).
2. Dining together (det sosiale aspektet).
3. Provide for their burial (gravferdsaspektet).
4. Members of the same club (generelt/det sosiale aspektet).
5. Engage in some enterprise (arbeidsaspektet).
6. For profit (økonomisk aspekt/arbeidsaspekt).

Som me har sett på i kapittel 2.1, liknar desse attributtane på dei aspekta eg meiner at dei romerske *collegia* kan ha hatt, og som eg meiner det er dekning i kjeldematerialet for. Det einaste aspektet, som eg meiner me ikkje har dekning for å påstå at eksisterte i Romerriket, er punkt 6, «for profit». Det er nokre få, til dømes Marjorie Jerrard, som trekk parallellar mellom *collegia* og moderne fagforeiningar eller laug. Her blir det hevda at foreiningar har ein form for marknadskontrollerande effekt, der ein kan tena pengar og kontrollera marknaden likt lauga gjorde i mellomalderen. Som diskutert over er dette sterkt motstrid av fleire, til dømes av MacMullen som skriv: «Any analogy with a medieval guild or modern labour union is wholly mistaken».<sup>338</sup> Ei alternativ og meir plausibel forklaring på dette, er det me har sett til dømes i Dig. 3.4.1<sup>339</sup> og i tillegg i Dig. 50.6.6.3.<sup>340</sup> Her syner ein fleire ulike typar *collegia/corpora* som det kan verka har eit meir økonomisk motiv.

Eg syns det er svært interessant at foreiningane, slik eg har funne og skildra dei frå keisartida, liknar, i alle høve på papiret, mykje på dei som her er skildra i dei soloniske lovene. Mange av aspekta som kjem frå Solon har ein òg i *Digesta*. Dette kan underbyggast av at ein veit det

---

<sup>337</sup> Dig. (W) 47.22.4 Her er det ikkje lagt ved originaltekst av di den er på gresk, noko eg ikkje kan lesa, og det er difor vanskeleg å kvalitetssikra og få nytte av.

<sup>338</sup> MacMullen 1974 19

<sup>339</sup> «partners in tax farming, gold mines, silver mines, and salt works are allowed to form corporations.» Dig. (W) 3.4.1

<sup>340</sup> «shipowners who serve the corn supply of the city, obtain immunity from public munera, so long as they are engaged in this activity» ibid. 50.6.6.3

romerske samfunnet hadde mykje av det greske som ideal.<sup>341</sup> I Suetonius sin *Divus Augustus* står det til dømes:

«More than that, for the several remaining days of his [Augustus] stay, among little presents of various kinds, he distributed togas and cloaks as well, stipulating that Romans should use the Greek dress and language and the Greeks the Roman.»<sup>342</sup>

Etter å ha lista dei ulike foreiningane skriv Solon at «Anything they agree between themselves will be valid unless forbidden by public statutes».<sup>343</sup> Om ein samanliknar med byrjinga av Dig. 47.22.4, ser ein at dette nesten er identisk med det som står i den romerske lova. Det var òg i Athen lov for foreiningane å ha sine interne lover, so framt desse ikkje streid mot dei offentlege lovene.

## Kapittel seks

### **6. Lanuvium, Irnitana og kvantitativt om *collegia***

I dei to førre kapitla har me sett på korleis keisarar og senat, tribunar og konsular har handtert *collegia*. Kjeldegrunnet har vore lovtekstar og tekstane frå mellom anna Tacitus, Livius og Suetonius. Lovtekstane gir eit svært normativt bilete: Dei skildrar kva som er lov og ikkje, men seier i mindre grad noko om praksis. Og tekstane gir ofte eit bilete frå den øvre samfunnsklassa, noko som kan gi eit skeivt bilete. Dette kapitlet skal forsøkja å nyansera dette noko.

For det er nokre kjelder frå same tidsperiode som nyanserer dei lovtekstane og tekstane me ser på over som er formidla, ikkje av keisarar og historieskrivarar, men av foreiningane sjølv. Me skal no sjå på ein svært godt bevart inskripsjon frå Lanuvium, ei lokallov frå Irnitana og ei kvantitativ oversikt over foreiningar.

I tillegg til foreiningane sitt eige perspektiv, og nyansering av det normative og ovanifrå-og-ned-perspektivet er det eit anna perspektiv som bør dekkjast og andre spørsmål som bør

---

<sup>341</sup> Sjå til dømes Wallace-Hadrill 1998 som i sin artikkel diskuterer korleis det romerske samfunnet var påverka av greske idéal.

<sup>342</sup> Suet. *Aug* 98.3

<sup>343</sup> *Dig.* (W) 47.22.4

svarast på: Kan det ha vore forskjell på provinsane og Roma? Kan lovene og senatsvedtaka ha hatt mindre effekt utanfor Roma?

## 6.1 Foreininga for Diana og Antinous i Lanuvium

Frå foreininga av Diana og Antinous i Lanuvium<sup>344</sup> har me ein svært godt bevart inskripsjon datert til 136 evt. Inskripsjonen står utstilt på det epigrafiske museet i Roma, og er av både imponerande lengde og kvalitet.

Foreininga er til ære for guddommane Diana og Antinous. Diana er ein gamal guddom, liknande den greske Artemis. Antinous er ein svært ung guddom og vart guddommeleggjort etter hans død i 130 evt. Han var svært nært knytt opp til keisar Hadrian, og denne relasjonen til keisaren vil bli diskutert seinare.

Denne kjelda vil vera mi hovudkjelde til å forstå korleis *collegia* forstod seg sjølv. Eg kjem til å nytta Bendlin si omsetjing i han sin artikkel «Associations, Funerals, Sociality, and Roman Law: The *collegium* of Diana and Antinous in Lanuvium (CIL 14.2112) Reconsiderd». <sup>345</sup> For å sikra at denne omsetjinga er av høveleg kvalitet har eg òg sett på andre omsetjingar. <sup>346</sup> Oppgåva sitt omfang gjer det ikkje mogleg å analysera alle 60 linjene i teksten, og analysen vil difor bli gjort på eit utval av teksten. Den fullstendige kjeldeteksten ligg i appendixet. I teksten syner klammeparentesane [...] manglande tekst, [tekst i klammeparentes] syner tekst som er rekonstruert eller antatt i Bendlin si tolking og {tekst i krøllparentes} syner kommentarar frå Bendlin.

Teksten byrjar med å skildra når loven er frå, «In the consulship of Lucius [ceionius] Commodus and Sextus Vettulenus Civica Pompeianus»<sup>347</sup>, og når det er, «{136 CE} on June 9 [at Lanuvium] in the temple of Antinous»<sup>348</sup>. Det blir vidare skildra at det er Lucius Caesennius Rufus, patron av *municipium*, som hadde beordra at det skulle vera ei samling, haldt av *quinquennalis*, leiaren av tilbedarane av Diana og Antinous. Lucius Caesennius Rufus har lova å gi rentene av 15.000 HS, på bursdagen til Diana 13 400 HS og på Antinous sin 27.400 HS til foreininga. Til slutt står det at Lucius var so nøgd med lova til foreininga at

---

<sup>344</sup> Òg kjend som CIL XIV.2112

<sup>345</sup> Bendlin 2011

<sup>346</sup> Den er til dømes delvis omsett i MacMullen 1974.

<sup>347</sup> Bendlin 2011 k. 1, l. 1

<sup>348</sup> Ibid. k. 1, l. 1-2

den skulle skrivast inni Antinous sin *tetrastylum*. Dette er nok snakk om eit *atrium tetrastylum*. eit hus, omkransa av eit område med tak og søyler, med eit ope område i midten.

Inskripsjonen fortset so med det som er etableringa av foreininga. Det står:

«In the consulship of Marcus Antonius Hiberus] and Publicus Mummius Sisenna {133 CE}, on January 1, the salutary *collegium* of Diana [...] and Antinous was established when Lucius Caesennius Rufus son of Licuius, of the Quirine tribe, was dictator for the third time and also patron.»<sup>349</sup>

Foreininga skal ha blitt stifta i år 133 ifylgje kjelda. Sjølvve inskripsjonen skal ha blitt laga i 136, altså tre år seinare. Kva av foreininga sin infrastruktur som var på plass ved etableringa er uvisst. Ein kan med sikkerheit veta at alt som står i kjelda er frå seinast 136, men eg vil òg tru at delar av vedtektene var på plass ved etableringa, då dei fekk godkjenning av keisaren eller senatet.

Vidare i inskripsjonen er det so eit sitat frå eit *senatus consultum*, som eg ikkje har funne andre plassar enn her, men, liknar mykje på det me har sett i *Digesta* 47.22.1. I inskripsjonen frå Lanuvium står det:

«These are permitted, [on the basis of a *senatus consultum*, to gather], convene and have a *collegium*. Those who wish to contribute a monthly fee [from which their funerals shall happen] may gather in this *collegium*; but [they shall] not [convene] in the name of this *collegium* except one a month for the purpose of [collecting], from which they shall be buried after their demise.»<sup>350</sup>

Som me har sett stod det i *Dig.* 47.22.1 at:

«But the lower orders are allowed to pay a small monthly fee, provided that they meet only once a month, lest an unlawful association be created under this guise.»<sup>351</sup>

Som ein kan sjå har denne inskripsjonen fleire likskapstrekk med formuleringane i *Digesta*. Det kan sjå ut som dette *senatus consultum* gir ei foreininga lov til samla inn ei månadleg

---

<sup>349</sup> Ibid. k. 1, l. 7-9

<sup>350</sup> Ibid. 253-54

<sup>351</sup> *Dig.* (W) 47.22.1

avgift og at dei ikkje har høve til å møtast meir enn ein gong i månaden. Når det kjem til foreininga sitt formål er det ein stor diskusjon i forskingsfeltet kring dette.

Diskusjonen om dette *senatus consultum* er svært teknisk og går delvis på korleis ein skal tolka manglande tekst i inskripsjonen. Over har eg synt Bendlin si tolking. Grunna at eg ikkje er filolog har eg ikkje høve til å tolka inskripsjonen sjølv. Eg baserer meg difor på diskusjonen i Bendlin.<sup>352</sup>

Fagdiskusjonen går på om dette er eit generelt *senatus consultum* som har tillat alle gravferdsforeiningar, eller om dette *senatus consultum* berre gjeld dette *collegium*. Mommsen les og tolkar den som om dette er eit generelt *senatus consultum de collegiis tenuiorum*. I dette la han at alle foreiningar for dei fattige var foreiningar som gravla sine medlemmer, og at det berre var desse som fekk eksistera.<sup>353</sup> Bendlin argumentere for at dette ikkje er tilfelle òg at foreininga har hatt andre grunnar til å få løyve til å eksistera enn at dei var til for å gravlegga dei fattigare.<sup>354</sup>

For det fyrste ser ein at inskripsjonen har fleire likskapstrekk med den formuleringa me har sett i *Dig. 47.22.1*. Som eg har synt er dette *Digesta*-avsnittet eldre enn inskripsjonen frå Lanuvium. Dette meiner eg kan syna at Mommsen kan ha rett i at dette er eit *senatus consultum* som kan ha hatt meir generell karakter, òg mogleg ha hatt verknad før *Digesta*-avsnittet vart skrive. Det er òg ei moglegheit for at det er dette *senatus consultum* som blir referert til i *Digesta*.

Eg vil derimot semja med Bendlin når det kjem til grunnen til at denne foreininga fekk løyve til å eksistera. Som me skal sjå seinare, under kapittel 6.1.3 meiner eg at det kan ha vore tilbedinga av Antinous som gjorde at dei fekk dette.

Eg vil no gå vidare og sjå på korleis denne inskripsjonen syner samanfall og ulikskapar med dei lovene oppgåva til no har diskutert.

### 6.1.1 Medlemmer

I inskripsjonen er det lite skildring av medlemssamansetnaden til foreininga, sjølv om inskripsjonen er lang og utfyllande. Dette gjer at det er utfordrande å koma fram til eit endeleg

---

<sup>352</sup> Bendlin 2011

<sup>353</sup> Ibid. 229

<sup>354</sup> Ibid. 285

svar på kven som var med i denne foreininga, men det er mogleg å gi eit svar på kven som truleg kan ha vore medlemmer.

Som me har sett i kapittel 2.2.1.2 var det frie menn som har utgjort hovudgruppa i foreiningane. Utgangspunktet for denne gjennomgangen blir difor at det var desse som var deltakande i foreininga, og dei påfølgjande avsnitta skal nyansera dette.

#### 6.1.1.1 Kvinner

Det er vanskeleg å gi eit sikkert svar på om kvinner hadde høve til å delta i denne foreininga. Kvinner er ikkje nemnd ein plass i inskripsjonen, og det einaste kvinnenamnet i inskripsjonen er Diana, gudinna foreininga tilber. Dette gjer derimot ikkje at kvinner ikkje hadde høve til å delta. Det er ingenting i foreininga sine vedtekter som nektar kvinner medlemskap.

Ein veit at det har vore nokre kvinner med i andre foreiningar. Dette kan ein konkludera med gjennom analyse av foreiningane sine *alba*, medlemslister.<sup>355</sup> Som me såg under *senatus consultum de bacchanalibus* var det både kvinner og menn som deltok i tilbedinga, og Liu syner i si bok mellom anna til foreiningar beståande berre av kvinner.<sup>356</sup> Det er difor ikkje utenkeleg at kvinner kunne delta i denne foreininga. Det er derimot ikkje dekning i inskripsjonen til å definitivt bekrefte eller avkrefta dette.

#### 6.1.1.2 Slavar

Når det kjem til slavar er det truleg at dei har hatt moglegheit til å delta i foreininga. På linje 3-4 i kolonne to, finn me fylgjande setning: «Likewise, it was agreed that whoever from this *collegium* has died a slave [...]»<sup>357</sup> Eg finn det svært lite truleg at det vart skrive vedtekter som ikkje regulerte noko reelt, og ein må kunna anta at det har vore slavar som medlemmer. Truleg har det òg hendt at eit medlem som har vore slave har blitt frigitt av sin mester, av di dette blir regulert i vedtektene kva som skal henda då. Det står: «Likewise, it was agreed that whichever slave from this *collegium* has been made free, he will be required to give an amphora of good wine.»<sup>358</sup> Det er difor gode prov på at slavar har vore medlemmer i foreininga.

---

<sup>355</sup> Liu 2009 179 syner til eit *alba* der det er 19 kvinnenamn av totalt 52 namn. Det skal derimot merkast at mange av kvinnene var ektefeller eller i relasjon til ein mann i foreininga, til dømes 12 koner.

<sup>356</sup> Ibid.

<sup>357</sup> Bendlin 2011

<sup>358</sup> Ibid. k.2, l.7

### 6.1.1.3 Medlemsplikter

For å bli medlem i foreininga pliktar ein til å oppfylle vedtektene til foreininga. Det står i lova at:

«You who want to enter this *collegium* as a new member, first read the lex in its entirety and enter in such a manner that later you may not make a complaint or leave a dispute to your heir.»<sup>359</sup>

Det er difor tydeleg at foreininga finn vedtektene, som skildrar pliktene og reglane ein måtte fylgja, viktige, og at det er viktig at nye medlemmer les og forstår dei.

Det står vidare at einkvan som ynskjer å bli med i foreininga skal betala

«a pro capite fee 100 sesterces and an amphora of good wine, and likewise per month five asses {1.25 sesterces}».<sup>360</sup>

Dette vil eg argumentera er ei høg medlemsbetaling. Det fyrste året ein var medlem måtte ein betala 115 HS. Deretter 15 HS per år. Til dømes kunne truleg 500 HS halda liv i ein nøktern bondefamilie eit heilt år.<sup>361</sup>

I tillegg til medlemsbetalinga ser det òg ut til at ein kunne bli vald av medlemsmassa til å utføra oppgåver for foreininga. Eit døme er at, om eit medlem dør meir enn 20 mil frå Lanuvium, skulle foreininga velja ut tre medlemmer som måtte reisa og ordna med gravferda hans.<sup>362</sup> Kven som skal dekkja utgiftene til reise, mat og tapt arbeidsinntekt står ikkje. Dette kan i so høve utgjera ei ekstra utgift for nokre medlemmer. Eg finn det mindre truleg at dette var ei plikt som ville falle på *quinquennalis*, leiaren av foreininga, eller ei av dei andre magistrata av di det då truleg ville stått spesifikt at dette var deira oppgåve. Ein har fleire eksempel på definerte oppgåver som skulle utøvast av magistrata, som me skal sjå no.

---

<sup>359</sup> Ibid. k.1, l. 18-19

<sup>360</sup> Ibid. k.1, l. 20

<sup>361</sup> Hopkins 1983 202, fn. 2. Som nemnd i kapittel 2 kunne ein trenga alt frå 18-50 HS for å brødfø ein vanleg person ein månad. Duncan-Jones 1974 Kap. 4 – Prices in Italy

<sup>362</sup> Bendlin 2011 k.1, l. 26-27



#### 6.1.1.4      *Magistrat*

Foreininga har òg fleire definerte magistrat og heidersutmerkingar. Det er namngitt to personar med titlar. Lucius Caesennius Rufus er patron<sup>363</sup> og Lucius Pompeius er *quinquennalis*.<sup>364</sup> Det kan òg sjå ut til at det har vore ein *magister* som hadde ansvar for medlemslister, og fire *magistri* som hadde ansvar for festmåltida.<sup>365</sup> Det skal òg ha vore ein sekretær og eit sendebod.<sup>366</sup> Desse magistrata hadde plikter og fordelar.

Til dømes fekk *quinquennalis* unntak frå å bidra inn i foreininga so lenge han hadde stillinga. Han skal òg få dobbel fordeling av foreininga sine godar. Sekretæren og sendebod er òg unntatt frå bidrag, men får berre halvanna fordeling av godane.<sup>367</sup> Nokre av dei andre magistrata måtte derimot vera førebudd på å tilby ein amphora med god vin, og brød til ein verdi av 0,5 HS per medlem foreininga har, i tillegg til fire sardinar, sofaane ein brukte til markeringane og varmt vatn under middagar.<sup>368</sup> Det er difor truleg at særskilt «*magistri* of the dinners» var magistrat som ikkje vanlege medlemmer kunne inneha av di det må ha vore ein relativt stor kostnad knytt til dei.

#### 6.1.1.5      *For dei fattige?*

Eit spørsmål som må undersøkjast er i kva grad denne foreininga var for dei av lågare status, eit *collegium tenuiorum*, som byrjinga av inskripsjonen skulle tilseia. Som me har sett over var det, vil eg argumentera, ganske store medlemsutgifter for å vera med i foreininga. Dei 115 HS ein måtte betala det fyrste året er det ikkje sikkert at alle hadde høve til å betala, og særleg ikkje dei fattige.

Eg vil difor argumentera for at dei fattigaste, som ein skulle tru foreininga var til for, ikkje har hatt tilgjenge til foreininga grunna medlemspliktene. Foreininga må difor ha hatt ei medlemsmasse som ikkje kan ha inkludert dei lågaste gruppene av samfunnet. Dette vil då òg ekskludera dei fleste slavar av di det må ha vore svært få slavar som hadde høve til å kunna betala ein slik sum i medlemskap.

---

<sup>363</sup> Han står som «Lucius Caesennius Rufus, [patron] of the *municipium*». Sjølv om han er definer som patron av *municipium* har han truleg hatt ei form for patronrolle i foreininga òg, og det var til dømes fleire middagar til han og han sin familie si ære, og han har bidratt finansielt til foreininga.

<sup>364</sup> Bendlin 2011 k.1, l.2-3

<sup>365</sup> Ibid. k.2, l.8-9; k.2, l.14

<sup>366</sup> Ibid. k.2, l.19

<sup>367</sup> Ibid. k.2, l. 18-20

<sup>368</sup> Ibid. k.2, l.14-16

Vidare vil eg argumentera for at det er eit anna moment som òg talar for at dei fattige ikkje hadde høve til å delta. Som me har sett over skulle nye medlemmer lesa foreiningsvedtektene i sin heilskap før dei vart medlemmer. Svært få av dei i dei lågare samfunnssklassane hadde evna til å lesa, og om ein forstår det å kunna lesa som eit krav for å bli med i foreininga, var dette i seg sjølv svært ekskluderande for dei lågare samfunnssklassane.<sup>369</sup>

Eg vil difor konkludera med at det truleg ikkje var slik at dei fattigaste hadde høve til å bli medlemmer i denne foreininga grunna den høge medlemsbetaling.

### 6.1.2 Internregulering

Som me har sett av *Dig.* 3.4.1 har foreiningane høve til å ha sine egne vedtekter. Dette har denne foreininga òg, og dei syner ein stor grad av internregulering. Det er reglar for når ein skal gjennomføra festar<sup>370</sup> og kven som skal betala for maten.<sup>371</sup> Det er òg svært detaljerte reglar for korleis gravferdsutbetalingar skal gjerast<sup>372</sup>, kva som hender om nokon dør i ein annan kommune<sup>373</sup>, og kva som hender om nokon står i gjeld til foreininga<sup>374</sup>. Dette må kunna tolkast som at foreininga må ha vore av ein viss storleik og seriøsitet av di den i stor grad regulerer både gravferder, bankettar, medlemsbetaling og liknande.

Eg vil vidare fokusera på noko som ikkje den største rolla i vedtektene, men kan setjast i samanheng med reaksjonar me har sett keisarar tidlegare har hatt mot foreiningar. I linje 25, kolonne 2, står det:

---

<sup>369</sup> Harris 1989 175

<sup>370</sup> «Sequence of dinners: March 8, on the birthday of Caesennius [...], the father; November 27, on the birthday of Antinous; August 13, on the birthday of Diana and the *collegium*; August 20, on the birthday of [Caes]ennius Silvanus, the brother; September 12 (?), on the birthday of Cornelia Procula, his mother; December 14, on the birthday of Caesennius Rufus, patron of the municipium» Bendlin 2011 k.1, l.11-14

<sup>371</sup> «*Magisti* of the dinners made in the order of the membership list [?.] four at a time, will be required to supply {15} an amphora of good wine each, and bread to the value of two asses for however many members the *collegium* has, four sardines, the preparation of the couches, and hot water together with the service. Ibid. k.1, l.14-16

<sup>372</sup> Til dømes skal 300 HS nyttast frå foreininga si kasse til å «accompany him» i døden, og derav skal 50 HS nyttast på gravbålet (k.1, l.23-26), og om nokon har tatt sjølv mord, uansett grunn, skal han mista retten til pengane han har i fondet. (k.2, l.5-6).

<sup>373</sup> Til dømes skal ein, om nokon dør meir en tjue mil frå *municipium* skal tre medlemmer sendast og ta ansvar for hans gravferd (k.1, l. 27-28)

<sup>374</sup> «likewise, it was agreed that anyone who has not settled his account for [six consecutive] months and to whom the common lot of mankind befalls he shall lose the money standing in his account for the *funus*, even if he has had a testament made» (k.1, l.22)

«Likewise, it was agreed that whoever moves from one place to another so as to cause turmoil, he shall be fined four sesterces. Yet if any one speaks abusively of another or causes an uproar, he shall be fined twelve sesterces.»<sup>375</sup>

Vidare står det at:

«If anyone uses abusive or insolent language to a *quinquennalis* during the banquets, he shall be fined twenty sesterces»<sup>376</sup>

Desse tre avsnitta regulerer oppførsel i foreininga. Som ein ser er det fleire reglar som sikrar ro og orden, og der ein får ei økonomisk straff om ein bryt reglane. I det øvste avsnittet meiner eg det er naturleg å forstå «movers from one place to another» som at ein flyttar seg rundt under middagar, seremoniar eller liknande i regi av foreininga, og ikkje at dette er snakk om flytting av hushald.

Eg meiner det er mogleg å sjå desse reglane i samanheng med dei haldningane me såg Flaccus hadde i Egypt. Flaccus forbaud foreiningar og klubbar som skulle driva med tilbeding, men i staden var fyllefantar.<sup>377</sup> Me har òg sett at fleire keisarar slår ned mot vertshus der foreiningar møttes og drakk.<sup>378</sup> Særskilt tilfellet til Flaccus meiner eg er relevant. Medlemmer møttest, vil eg argumentera, i hovudsak i høve middagar, og her syner vedtektene fleire plassar at vin er viktig.<sup>379</sup> Dette kunne difor, om ein fylgjer argumentasjonen min, føre til at dei vart sett på som nokon som møttest «under pretext of sacrifices, whereas in fact they behaved like inebriates»<sup>380</sup> om det vart bråk under middagar. Her kunne moglegvis truslane om bøter verka avskrekkande på medlemmane, og i so høve sikra at ein ikkje skapte problem for foreininga.

Ei alternativ forklaring er sjølvsgatt at ein ynskja matro, og hadde vedtekter som forsøkte å sikra dette. Dette finne ein òg delvis stønad for i vedtektene, der det det står at ein ikkje skal ta opp saker eller problem på bankettar, men ta opp problemet på ein «convention», slik at ein skal kunna «banquet quiet and in good cheer on solemn days».<sup>381</sup>

---

<sup>375</sup> Bendlin 2011 k.2, 1.25-26

<sup>376</sup> Ibid. k.2, 1.27-28

<sup>377</sup> Phil. *In Flac.* 4

<sup>378</sup> Dio Cass. *Hist* 60.6.7

<sup>379</sup> Ein måtte til dømes betala ein *amphora* med når ein vart med i foreininga (k.1,1.21), ein slave som blir frigitt måtte betala ein *amphora* med vin (k.2, 1.7-8), under middagar skulle det vera vin (k.2, 1.15) og det skulle nyttast vin under tilbeding (k.2, 1.30)

<sup>380</sup> Phil. *In Flac.* 4

<sup>381</sup> Bendlin 2011 k.2, 1.24

### 6.1.3 Foreiningsaspekt

Som det står i byrjinga av inskripsjonen er dette ei foreining som skal gravlegga sine medlemmer. Foreininga, argumenterte Mommsen, var eit *collegium funeraticum*, som var til for dei fattige. Han hevda at dette var foreininga sitt einaste aspekt. Dette er eg usamd i.

Det fyrste argumentet mot dette er at, som eg har synt over, har foreininga relativt høg medlemsbetaling. Om foreininga var til for fattige som ville samlast for å sikra kvarandre ei verdig gravferd ville ikkje medlemsbetalinga vore so høg. Som eg argumenterte hadde truleg fattige ikkje høve til å vera med i foreininga. Det er difor sannsynleg at dei som var med i foreininga hadde økonomi til å betala sine egne gravferder, om dette var målet med foreininga. Eg finn det difor mindre truverdige at foreininga var til for å økonomisk sikra medlemmane i foreininga ei gravferd.

Det er likevel høgst truleg at foreininga gravla sine medlemmer. Til dømes er over 40 prosent av foreininga sine vedtekter omhandlande reglar for gravferd, og dette var nok eit av nøkkelaspekta.<sup>382</sup> Eg vil derimot hevda at gravferdsaspektet ikkje berra er av økonomisk natur, men av di det var status å bli gravlagd i regi av foreininga. Som ein veit var det viktig å sikra sitt ettermæle, og dette kunne truleg foreininga gi medlemmane.

Vidare vil eg argumentera for at foreininga har hatt eit sosialt aspekt. Foreininga har til dømes i reglane sine at det skal arrangerast seks årlege festar. Fire av desse var til ære for deira patronar. Det skulle vera ein fest for Caesennius, som blir lista som patron, hans far, mor og bror.<sup>383</sup> Desse festane vil eg argumentera tener til to formål. For det fyrste heidrar dei patronar som har bidratt til foreininga. For det andre gav dei foreininga eit sosialt aspekt der medlemmar kunne møtast. Vedtektene går i detalj om kven som skal bidra med kva på festar, og kva som skal bli gitt til dei ulike medlemmen av mat.<sup>384</sup> Festane må difor ha vore viktige for foreininga og medlemmane.

---

<sup>382</sup> Prosentats frå *ibid.* 216

<sup>383</sup> *Ibid.* k.2, l.11-13

<sup>384</sup> Det står at «*Magistri* of the dinners made in the order of the membership list [?.] four at a time, will be required to supply an amphora of good wine each, and bread to the value of two asses [0.5 sesterces] for however many members the *collegium* has, four sardines, the preparation of the couches, and hot water together with the service.» *ibid.* k.2, l. 14-17

Vidare må òg foreininga ha hatt eit religiøst aspekt. To av foreininga sine festar var på bursdagane til Diana og Antinous<sup>385</sup> og foreininga hyller dei to guddomane.

Eg vil difor påstå at foreininga har eit religiøst aspekt, eit gravferdsaspekt og eit sosialt aspekt. Sjølv om gravferdsaspektet står sterkt i vedtektene, skal ein ikkje avskriva dei to andre som vesentlege.

#### 6.1.4 Retten til å eksistera

Som me har sett i *Digesta*-avsnittet var det reglar for kva foreiningar som var lovlege, og ikkje. Dei lovlege hadde ein grunn for å eksistera. I *Digesta* 47.22.1 har grunnen vore at det kunne vera til for dei svakare gruppene og religiøse grunnar. I *Dig.* 47.22.4 blir Solon sitert på fleire aspekt som var lovlege.<sup>386</sup> Men i tillegg var truleg den eigentlege faktoren at ein fekk godkjenning av senatet og keisaren. Som me har sett har denne foreininga fått løyve til å eksistera. Men eg er ikkje sikker på om grunngevinga med at dette var eit *collegium tenuiorum* skal akseptrast utan vidare.

Som eg har argumentert meiner eg denne foreininga ikkje kan ha vore for dei fattige. Til dette meiner eg den økonomiske terskelen er for høg, der dei fattige truleg ikkje hadde høve til å betala dei 115 HS det fyrste året. Dette gjer at om ein har fått godkjenning på bakgrunn av å vera eit *collegium tenuiorum* må definisjonen av *tenuiorum* vera vesensforskjellig frå det eg vil argumentera for er naturleg. Eg vil difor argumentera for at dette truleg ikkje er det som har gitt denne foreininga *ius coeundi*. Eg vil i staden syna til valet av guddom, der Antinous er viktig.

Som me har sett tilber foreininga to guddomar. Der Diana er ein gamal guddom, opphavleg frå gresk religion, er Antinous svært ung. Han skal ha døydd i år 130 evt., berre tre år før foreininga skal ha blitt stifta.<sup>387</sup> Antinous skal ha vore elskar av keisar Hadrian, og hans død skal ha blitt tatt tungt av keisaren.<sup>388</sup> Dio Cassius skildrar hendinga, og seier at Hadrian sjølv skildra hans dødsårsak som at han fall i Nilen, men Dio hevdar at han eigentleg vart ofra i eit gudeoffer.<sup>389</sup> For som Dio skildrar vidare, skal Hadrian ha vore svært nysgjerrig på det

---

<sup>385</sup> Antinous hadde bursdag 27. november. Diana 13. august. Ibid. k.2, l.11-13

<sup>386</sup> Sjå lista i kapittel 5.2.4

<sup>387</sup> Lambert 1988 19

<sup>388</sup> Ibid. 143-45

<sup>389</sup> Dio Cass. *Hist* 69.11.2; Lambert 1988 146

guddommelege, og dreiv med spådom og trolldom. Uansett om han døydde ved uhell eller ved offer, gjorde Hadrian han guddommeleg etter hans død og sat opp statuar eller heilage minner om han spreidd utover riket, og grunnla ein by til Antinous ære, på staden der han døydde.<sup>390</sup>

Kvifor er Antinous si død viktig? Eg vil syna til relasjonen mellom Antinous og Hadrian. Keisar Hadrian hadde ein svært nær relasjon til Antinous, og skal ha «gråte som ei dame» etter hans død.<sup>391</sup> Han blir då òg guddommeleggjort snarleg etter sin død, og Hadrian spreier hans bilete i heile riket. Det fins kring 115 statuar av Antinous som me veit om i dag, noko som syner at guddommeleggjeringa og tilbedinga av han var i eit større omfang.<sup>392</sup> Ein veit òg at det vart etablert mange tempel, og som nemnd, ein by, i Antinous si ære, og Hadrian skal ha, med Lambert sine ord, «[...] busily been promoting the cause of his new PanHellenic deity».<sup>393</sup> Det er difor svært truleg at Hadrian ville vera positiv til dei som hylla hans tidlegare elskar. Når ei foreining som hyllar Antinous tre år etter hans død ber om godkjenning frå Hadrian, som aktivt arbeider for å promotera Antinous som gud, vil eg påstå at dette må ha bidratt til foreininga sin søknad. Som det står i inskripsjonen, håper foreininga at: «May this be [favourable, propitious, happy] and salutary to the Emperor Caesar Trajan Hadrian Augustus».<sup>394</sup>

Eg meiner difor at det er truleg at foreininga har fått ei godkjenning av senatet og keisaren av di dei har vald ein guddom som stod Hadrian svært nært, og som han ynskja vart hylla. Det er difor mogleg å spekulera om foreininga valde sin guddom på grunnlag av nettopp dette, og ved valet av Antinous gjorde moglegheita for å få godkjenninga større. Oppsummert meiner eg difor at eit *collegium tenuiorum* var den *pro forma* grunnen til at denne foreininga fekk *ius coeundi*, men eg vil argumentera for at koplinga til Antinous er svært viktig, og truleg den avgjerande grunnen. Som me skal sjå seinare er det få foreiningar som har fått ei slik godkjenning av keisarane og senatet.

---

<sup>390</sup> Dio Cass. *Hist* 69.11.3-4

<sup>391</sup> Had. 14.6 i Lambert 1988 131

<sup>392</sup> Ibid. 137

<sup>393</sup> Ibid. 165

<sup>394</sup> Bendlin 2011 k.1, l.14.

## 6.1.5 Foreininga og dei romerske lovene

Korleis passar foreininga i Lanuvium inn i rammeverket av romerske?

Som me har sett er det fleire moment med foreininga som eg vil argumentera for er i samsvar me dei reglane me finn i *Digesta*. Ein har fått løyve frå senatet til å eksistera, sjølv om eg meiner det ikkje er klårt kva aspekt ein har fått godkjenninga utifrå. Ein samlar inn ein sum, som *Digesta* opnar opp for<sup>395</sup>, og ein har vedtekter som me har sett lova regulerer høve for.

Eit punkt der ein veit foreiningane strid mot *Digesta* er at ein ved eit høve har meir enn eitt møte i månaden.<sup>396</sup> Dette strid mot *Dig.* 47.22.1, som me har sett seier at ein ikkje har høve til å møtast meir enn ein gong kvar månad. Sidan senatet og/eller patronen av *municipium* har sett og akseptert desse vedtektene, og at vedtektene er slått opp på ein offentleg plass i tempelet, må ein kunna forstå dette som at det var allment kjent og akseptert. Kvifor det var aksept for dette er vanskeleg å svara på med det eksisterande kjeldegrunlaget.

Det kan vera at ein ikkje reelt handheva denne regelen og at ein difor aksepterte at det ved eit høve årleg vart halde to arrangement på ein månad, men dette har ein ikkje handfaste prov på.

Eventuelt er det at regelen, som er samla under Marcian, ikkje var gjeldande på dette tidspunktet. Som me har sett skreiv Marcian mot slutten av den 2. hundreåret, men det er mogleg at reglane har hatt effekt før dette, og at det fyrst var seinare at dei vart samla eller skrive ned av Marcian.

## 6.2 *Lex Irnitana*

*Lex Irnitana*, som vart funne i El Saucejo i Sevilla, Spania, i 1981, er eit viktig vitnesbyrd på korleis *collegia* vart regulert utanfor Roma og Sentral-Italia. Lova skal opphavleg ha vore ti tavler, men berre seks av desse er bevart.<sup>397</sup> Den er datert til 91 evt.<sup>398</sup> I *Lex Irnitana* finn ein det einaste bevarte kapittelet frå Spania som tar for seg temaet «illegal gatherings, societies

---

<sup>395</sup> «But the lower orders are allowed to pay a small monthly fee [...]». *Dig.* (W) 47.22.1 Om denne foreininga ikkje er for «the lower orders» vil dette truleg gjera at foreininga strid mot dette avsnittet i *digesta*. Det vil derimot ikkje strida mot *Dig.* 47.22.4 som seier at «[...]be in association for the purpose of [...] providing for their burial» utan å snakka om for dei fattige.

<sup>396</sup> Dei hadde to middagar i august. Bendlin 2011 k.1, l.11-14

<sup>397</sup> Ellart 2013b 1

<sup>398</sup> Ibid.

and colleges»<sup>399</sup>, og er difor av stor relevans for å forstå korleis reguleringa av *collegia* kan ha verka i provinsane.<sup>400</sup>

Me skal no sjå på avsnittet kalla *de coetu sodalicio collegio*, «Concerning illegal gatherings, societies and colleges.»<sup>401</sup> Avsnittet handlar om kva som ikkje er lov i *Irnitana*, når det kjem til samfunn, foreiningar og å samlast. Lova både liknar og er forskjellig frå *Digesta* 47.22, noko som er interessant, og me skal fokusera på dei delane som vik frå *Digesta* i innhald. Me skal no sjå avsnittet som regulerte foreiningar i *Lex Irnitana*:

«Ch. 74

Rubric. Concerning illegal gatherings, societies and colleges.

No one is to take part in an illegal gathering in that municipium or to hold a meeting of a society or college for that purpose or to conspire that it be held or to act in such a way that any of these things occur.

Anyone who acts contrary to these rules is to be condemned to pay 10,000 sesterces to the municipes of the Municipium Flavium Irnitatum and the right of action, suit and claim of that money and concerning that money is to belong to any municeps of that municipium.

Tablet VIIC

who wishes and who is entitled under this statute.»<sup>402</sup>

---

<sup>399</sup> Gonzáles og Crawford 1986 Ch. 74

<sup>400</sup> Liu 2005 287

<sup>401</sup> Gonzáles og Crawford 1986 Ch. 74

<sup>402</sup> «LXXIV

*R(ubrica). De coetu sodalicio collegio.*

*Ne quis in e[*o*] municipio coetum facito, neue sodalici[um] conleg-*

*iume eius rei causa {*m*} habeto, neue habeatur coniuerato,*

*neue facito quo quid erarum rerum fiat. Qui aduersus ea fe-*

*cerit, municip[ibus] municipi Flauii Irnitani HS(sesterium) X(milia) d(are), d(amas) esto*

*eius.*

*que pecuniae [de] que ea pecunia municipi eius municipi*

*VIIC*

*Qui uolet, [c]uique per ha<n>c lege<m> licebit, action petition persecuto esto»*

*ibid.*



Som ein ser fokuserer foreiningsavsnittet i *Lex Irnitana* både på det å møtast, og på ulovlege foreiningar. Dette blir både skildra av tittelen på avsnittet, «om ulovlege møter, samfunn og foreiningar» og gjennom sjølve innhaldet i lova. Som det står er det ikkje lov å delta på ulovlege møter, eller å delta i ulovlege samfunn eller *collegia*.

Om ein driv med samansverjing i eit samfunn eller ei foreining blir ein idømt ei bot, noko ein òg har funne andre stadar i provinsane.<sup>403</sup> Bota er på 10.000 sesterius og skal betalast til *municipi Flavi Irnitania*. Dette er ulikt andre reaksjonar me har sett i høve *collegia*, og eg vil argumentera for at dette er ein relativt mild straff. Sjølv om det er ein stor pengesum, er det ikkje snakk om fysisk straff, forvising eller fengsling slik me har sett tidlegare.

I andre området i Spania har ein funne lover som likar *Lex Irnitana* i form. Ein har ikkje funne kapittel som regulerer foreiningar, men lovene liknar elles mykje i form. Liu argumenterer godt for at liknande kapittel som «*de coetu sodalieio collegio*» kan ha spanske provinsar, om ikkje alle, av di dei alle har liknande lovtavler.<sup>404</sup>

### 6.3. Kvantitativt om *collegia*

Dette kapittelet skal gi eit kvantitativt bilete på foreiningar i den romerske republikken og imperiet. Sjølv om denne gjennomgangen blir noko overflatisk vil den bidra til eit meir nyansert bilete på foreiningar som har fått løyve til å eksistera og foreiningar som har eksistert.

#### 6.3.1 Foreiningar med løyve til å eksistera

Som eg har argumentert har det truleg vore vanskeleg å få godkjenning frå senatet og keisarane til å ha ei foreining. Men me har kjelder på at nokre foreiningar har fått dette. I Liu sin gjennomgang av kjeldematerialet har ho funne 24 foreiningar som har fått løyve til å eksistera.<sup>405</sup>

- |                                      |  |
|--------------------------------------|--|
| 1. <i>Collegium symphonicorum</i>    | 6. <i>Collegium (?)Centonariorum</i>     |
| 2. <i>Corpus corporatorum</i>        | 7. <i>Collegium/socii scabillariorum</i> |
| 3. <i>cultores Dianae et Antinoi</i> | 8. <i>Collegium/socii scabillariorum</i> |
| 4. <i>Neoi</i>                       | 9. <i>Collegium/socii scabillariorum</i> |
| 5. <i>Corpus Centonariorum</i>       | <i>Puteolanorum</i>                      |

<sup>403</sup> I *Gnomon of the Idios Logos* §108 står det «Those participation in a [sy]nodos are condemned to pay 500 drachmas; sometimes only the larders are fined». Denne papyrien skal vera frå det andre århundret etter vår tidsrekning, og kjem frå Egypt. Henta frå Liu 2008 290

<sup>404</sup> Liu 2005 287

<sup>405</sup> Liu 2009 105

- |  |   |
|--|---|
| 10. <i>corpus fabrum navalium Ostiensium</i>                     | 16. <i>Collegium fabrum tignar(iorum)</i>                     |
| 11. <i>corpus fabrum navalium Ostiensium</i>                     | 17. <i>Collegia tria (III)</i>                                |
| 12. <i>mensores machinarii frumenti publici</i>                  | 18. Usikker foreining   |
| 13. <i>Corpus piscatorum et urinatorum totius alvei Tiberius</i> | 19. <i>Dendrophori</i>  |
| 14. <i>Collegium dendrophorum</i>                                | 20. <i>Corpus pell(ionum)</i>                                 |
| 15. <i>Corpus fontanorum</i>                                     | 21. <i>Collegium fabrum</i>                                   |
|  | 22. <i>corpus fabrum navalium [Ostiensium or Portuensium]</i> |
|  | 23. <i>Collegium fabrum tignariorum</i>                       |
|  | 24. Ukjend foreining  |

For å betre syna kva desse 24 foreiningane kan ha hatt som hovudvirke har eg omsett namna til norsk.<sup>406</sup>

- |                                     |                              |
|-------------------------------------|------------------------------|
| 1. Musikarar, orkesterspelarar      | 13. Fiskarar og dykkarar     |
| 2. Ei medlemsforeining              | 14. Trevarer, treforedling   |
| 3. Tilbedarane av Diana og Antinous | 15. Klesvask                 |
| 4. Unge menn                        | 16. Bygging, konstruksjon    |
| 5. Brannmenn, tekstilhandlarar o.l. | 17. Handverkarar             |
| 6. Brannmenn, tekstilhandlarar o.l. | 18. Usikkert                 |
| 7. Perkusjonsspelarar               | 19. Trevarer, treforedling   |
| 8. Perkusjonsspelarar               | 20. Pelsproduksjon           |
| 9. Perkusjonsspelarar               | 21. Handverkarar, arbeidarar |
| 10. Skipsbyggarar                   | 22. Skipsbyggarar            |
| 11. Skipsbyggarar                   | 23. Bygging, konstruksjon    |
| 12. Kontroll av kornmengde          | 24. Ukjend foreining         |

Av desse ser ein at dei i all hovudsak er datert til det fyrste hundreåret og etter, med få unntak.<sup>407</sup> Av geografisk spreining er det seks i Roma, fem i Ostia, ein i Portus. Resten er ulike plassar i provinsane og Italia.<sup>408</sup>

Om ein ser på kva foreiningar som har fått løyve til å eksistera ser ein at det har blitt gitt to løyver til *collegium centonariorum*, som kan vera løyve til å ha brannmannsforeiningar, like dei Trajan frårådd i Nicomedia til Plinius d.y. Tre løyver er gitt til *corpus fabrum navalium Ostiensium*, som truleg var skipsbyggarforeiningar i Ostia, og som må ha vore viktig for handelsnæringa og korntransporten. I tillegg to *collegium fabrum tignariorum* og eit

<sup>406</sup> Liu har ikkje presentert ei omsetjing av dataa, so denne omsetjinga er mi eiga. Omsetjinga har ikkje høve til å gå i djubda på dei einskilte foreiningane. Den blir gjort for å gi eit oversyn over kva foreiningar som kan ha fått løyve til å eksistera. Den gir difor ikkje eit fullstendig nyansert bilete av kva foreiningane kan ha vore. Til dømes er omsetjinga av *Collegium Centonariorum* vanskeleg av di ordet har fleire moglege omsetjingar, som diskutert i *ibid.*

<sup>407</sup> Det er ein datert til 27 fvt. Ein datert til det fyrste århundre evt. 10 er datert til det andre århundre. 3 er datert til det tredje århundre. 2 er datert til det fjerde århundre. Det er òg sju som ikkje er datert

<sup>408</sup> Roma: 6; Ostia: 5; Lanuvium: 1; Cyzicus: 1; Hispalis: 2; Puteoli: 3; Telesia: 1; Cemelenum: 1; Cumae: 1; Casinum: 1; Portus: 1; Minturnae: 1

*collegium fabrum* som ofte var ein samlebetegnelse på handverkarforeiningar, to *collegium dendrophorum* som har hatt med tredyrking, treforedling eller treprodukt å gjera og tre *collegium/socii scabillariorum* som truleg var trommespelarar. Det er òg eit *collegio symphonicorum*, musikarar, som me har sett på før, *cultores Dianae et Antinoi*, som me har sett på tidlegare i oppgåva, samt nokre til.

Eg meiner at å sjå på desse 24 tilfella kan gi meir forståing til kva som har blitt sett på som *collegia utilitas civitas*. Det ser ut til at foreiningane me veit har fått løyve frå senatet og keisarane i all hovudsak har laga eller produsert ting, har drive med skipsbygging, eller har med gjennomføring av festar, religiøse eller andre, å gjera, der inkludert fleire foreiningar for musikarar.

Desse meiner eg skil seg frå *cultores Dianae et Antinoi* som er den einaste foreininga eg har klart å definera av dei 24 over, som er til for dyrking av guddommar. Det er ikkje det at dei andre foreiningane ikkje har hatt eit religiøst aspekt, men gjennom identifikasjon via namna er det berre Lanuvium-foreininga som har dette som indikator. Dette kan vera med å underbygga min konklusjon over at det var valet av Antinous som guddom som gjorde at foreininga fekk godkjenning av Hadrian.

Om kjeldematerialet er representativt for den reelle situasjonen kan det sjå ut til at senatet og keisarane har vore restriktive med tildeling av godkjenning til foreiningar. Med totalt 24 godkjenningar er dette svært få med omsyn til kor mange foreiningar ein har funne epigrafiske material frå.

### **6.3.2 Foreiningar i Romerriket**

Der det er 24 foreiningar som me veit har fått løyve til å eksistera, veit me at det har vore mange fleire foreiningar i den romerske republikken og imperiet. Eit døme er at det er 234 inskripsjonar som nemner *collegia centonariorum* i Imperium Romanum ifylgje Liu.<sup>409</sup> Som me såg over har ein berre to løyver relatert til *collegia centonariorum*. No veit ein sjølvsagt at ikkje alle inskripsjonar og papyri frå denne tida har overlevd, og det er truleg at det ikkje er like hyppig nemnd at ein har fått løyve til å eksistera som at ein nemner namnet sitt, men forholdet 1/117 er framleis svært stort. Dette syner at det truleg har vore mange foreiningar

---

<sup>409</sup> Liu 2009 331-83

som har eksistert utan å ha løyve til dette. Om ein søkjer i *Epigraphik-Datenbank Clauss / Slaby EDCS* på «*collegium/collegia*», får ein 477 treff.<sup>410</sup> Dette søket dekkjer ikkje alle inskripsjonar, og dekkjer berre treffa *collegium* eller *collegia*. Som me har sett i lista over er det òg andre namn som har vorte nytta.

Utan høve til å gå inn og kvalitetssikra dei ulike treffa, syner dette at det truleg er eit stort tal foreiningar som ikkje har hatt løyve, men som har eksistert utan dette. Oppgåva har ikkje høve til å gå inn i dette kjeldematerialet og sjå kva dei ulike foreiningane var, kvar det er treff og i kva periode treffa er frå. Men dette meiner eg syner at det må ha eksistert mange fleire foreiningar enn det det er gitt løyve til frå senatet eller keisarane, og som har blitt regulert ved lov.

## Kapittel sju

# 7. Sverd eller skjold

Denne oppgåva har hatt tre problemstillingar: Den har sett på kva haldningar makthavarane hadde til *collegia*. Den har undersøkt kva lover og reglar som regulerte foreiningar. Og den har sett på korleis *collegia* har regulert seg sjølv. Dette skal eg no setja i system.

Det verkar truleg at foreiningar har hatt eigne reglar eller vedtekter som har regulert deira eige virke. Til å underbyggja dette har ein funne fleire vedtekter frå foreiningar og som synt er det regulert i *Digesta* at det er lovleg å ha foreiningsvedtekter so framt desse ikkje strid mot dei allmenne lovene. Det verkar òg naturleg at di større foreiningane vart di større vart behovet for å ha reglar som regulerte rettar og krav. Som me har sett frå Lanuvium har det vore klåre reglar som har sagt kva som hender når medlemmer døyr, kva magistrata skal bidra med og har ansvar for, og det har vore regulert korleis ein skal oppføra seg når ein deltar på middagar eller liknande i foreininga. Det sistnemnde meiner eg er viktig for relasjonen mellom foreininga og omverden.

For som me har sett har foreininga i Lanuvium tre reglar som skildrar kva som er uynskja oppførsel i høve middagar eller anna foreiningsverksemd. Desse reglane skildrar at ein mellom anna ikkje skal forårsaka uro eller opprør i foreininga, og at ein ikkje skal flytta seg frå ein plass til ein annan for å skapa bråk. Om ein gjer slike ting vil ein bli straffa med bøter.

---

<sup>410</sup> Clauss og Kolb 2015

Eg finn det naturleg at dette har to funksjonar, ein intern og ein ekstern. Den interne funksjonen er naturlegvis at foreininga ynskjer ro og orden under middagar, tilbeding av gudar og gravferder. Den eksterne funksjonen vil eg hevda er at desse reglane kan ha forsøkt å hindra at foreininga skulle verka bråkete eller at dei skapte uro når dei hadde møter i regi av foreininga. Som me har sett var det vin involvert på til dømes middagar, og det er ikkje utenkeleg at foreininga frykta at dette kunne utarta seg. Som eg har synt slo til dømes Flaccus hardt ned på grupper i Egypt som var fyllefantar i staden under skjul av å utøva religion, og seinare skal Claudius ha stengt vertshusa der foreiningar møttest og drakk.

Foreininga for tilbeding av Diana og Antinous har fått godkjenning av senatet og keisaren, og deira vedtekter var kjend. Eg meiner difor det er rimeleg å anta at når foreininga fekk godkjenninga var dette òg ei godkjenning av korleis foreininga regulerte seg sjølv. Som me har sett har foreiningane sine vedtekter i liten til ingen grad brote det som står i *Digesta*. Det einaste klåre brotet er at dei ved eit høve har to middagar på ein månad, noko som strid mot *Dig.* 47.22.1. Vidare vil eg hevda at foreininga har hatt ei relativ høg medlemsbetaling til å vera for dei fattige, sjølv om det er gravferdsaspektet som er framheva i til dømes vedtektene. Om ein aksepterer denne konklusjonen finn eg det truleg at dei som har vore med i foreininga har gjort dette av andre grunnar enn reint økonomiske. Truleg har det sosiale og religiøse òg vore viktig.

Vidare er det eit spørsmål kva grunnlag denne foreininga har fått løyve på. Det er mogleg at *digesta*-avsnittet som skildrar at det berre er lov å betala ein mindre sum, ikkje har hatt effekt på tidspunktet foreininga i Lanuvium fekk løyve. I so høve meiner eg det er naturleg å leggja til grunn at det var prinsippet om «i det offentlege si interesse» som regulerte denne foreininga, som me har sett har vore nytta under fleire keisarar. Som me såg i gjennomgangen av dei 24 foreiningane som har fått løyve meiner eg at foreininga for Diana og Antinous skil seg ut frå hovudtenda av di den ikkje produserer, foredlar eller bidreg til offentlege festar og arrangement. Eg vil difor konkludera med at foreininga truleg har fått løyve til å eksistera grunna valet av guddom. Antinous stod Hadrian svært nær og Hadrian skal ha arbeida for å promotera sin nye guddom. Å konkludera om foreininga sin grunn for å velja Antinous som guddom er ikkje mogleg, men eg finn det som truleg at det, i alle høve har vore ein baktanke bak dette valet knytt til ynskje om offentlig godkjenning av foreininga.

Når det kjem til regulering av *collegia* har denne oppstådd grad- og stykkevis. Det er ikkje slik at lovene ein finn samla i *Digesta* er skrive samstundes, ei heller reglane i same paragraf. Dette ser ein til dømes med at det både er lover og reskript i til dømes *Dig. 47.22.1*. Det er òg vanskeleg å seia akkurat når dei har hatt verknad, og kva dei refererer til. Det er likevel truleg at ein del av reguleringa me finn i *Digesta* har vore gjeldane i alle høve frå tidleg keisartid. I so høve gir datering gjennom kva jurist som har skrive dei truleg ei for sein datering på fleire av reglane.

Reglane i *Digesta* er svært strenge og det ser ut til at det er få foreiningar og foreiningsaspekt som kan ha vore lovlege. Som hovudregel verkar det som om det er foreiningar for dei fattige som har vore lovlege, samt religiøse. Om dei religiøse foreiningane her er dei som har vore deltakande på offentleg religionsutøving, eller er meir generelt er ikkje sikkert. Kva som er for dei fattige (*collegium tenuiorum*) er ikkje definert, men eg ser det som truleg at det kan ha vore eit gravferdsaspekt som har vore intendert.

Når ein ser på kva foreiningar som har fått løyve til å eksistera finn ein at det er foreiningar som har drive med handverk, foredling eller har bidratt til offentleg religiøs utøving som i all hovudsak har fått dette. Dette passar inn i ei forståing om at det har blitt gitt løyver til foreiningar som har hatt eit nytteaspekt.

Vidare har eg argumentert med at om ein nytta stafferamma i *Digesta* til å straffa foreiningar som braut reglane har dette truleg medført svært strenge straffar, og moglegvis døden. Dette har ein døme på frå 186 fvt. der det skal ha vorte nytta dødsstraff etter at senatet forbaud ein *Bacchanalia*. Dette er det einaste døme me har som syner ei konkret straff som er gitt, og det er ikkje sikkert at dette var den vanlege reaksjonen. For samstundes som det er skildra at straffa er streng i *Digesta*, får ein òg lov å dela felleskassa etter at ei foreininga vart oppløyst. Dette må syna at det ikkje kan ha blitt reagert like strengt ved alle høve.

Eg meiner vidare å ha synt at det har vore ulike lover i Roma og i provinsane som har regulert foreiningar. Her har eg argumentert for at Lex Irnitana truleg har vore gjeldande i heile Spania. Denne lova meiner eg syner ei lågare straff for brot på foreiningsreglane enn me finn i *Digesta*. Som me har sett i Plinius har òg byen Amisus hatt si eiga lov. Denne lova skal ha tillate ei foreining Trajan ville ha forbode hadde foreininga vore omfatta av dei generelle lovene. Dette kan syna at det har vorte vore mindre strenge haldningar til foreiningar i

provinsane. I kva grad Severus sitt reskript i Dig. 47.22.1 gjer Digesta-reglane gjeldande òg i provinsane har oppgåva ikkje undersøkt.

I oppgåva sitt tidsspenn har me sett at det har vore mange reaksjonar på foreiningar. Tidlegare i oppgåva behandla me korleis senatet reagerte på ein *bacchanalia*, ein Bacchusfest i 186 fvt. Desse Bacchusfestane har vore vinfylde, og hatt innslag av umoralske handlingar der det var samkvem mellom menn og kvinner, unge og gamle og det har skal ha vore mange folk som var deltakande. Det blir skildra at det kunne vera so mange som 7.000 som var involvert i denne Bacchus-dyrkinga. Senatet vedtok so eit *senatus consultum* som forbaud slike Bacchus-festar og forbaud folk å ha ein slik *bacchanalia* på sitt land. Det er mange som vart straffa hardt, fleire med døden.

Senatet forbaud vidare dei foreiningane som i 64 fvt. var mot dei offentlege interessene. I lengre periodar før 64 hadde det vore uro i republikken, med fleire krigar, og når vedtaket vart fatta låg Roma i krig mot Mitrاداتes den sjette av Pontos. Det blir ikkje gitt noko grunn for kvifor ein har fatta dette vedtaket, men eg finn det ikkje utenkeleg at foreiningar hadde blitt fleire under krigsuroa, og at senatet såg seg nøydd til å ta grep mot dei foreiningane som laga uro, dreiv med kriminalitet eller liknande handlingar som ikkje vart sett på som i statens interesser.

Nokre år etter dette har me sett at foreiningar har vorte nytta i ein politisk maktkamp. Clodius skal ha gjenoppliva foreiningane som Cassius Dio skildrar skal ha eksistert frå gamalt, men som hadde vore avskaffa ei stund. Eg vil argumentera for at Clodius kan ha gjort dette for å få støtte i folket, og i tillegg å kunna nytta desse foreiningane i maktkampen med Cicero. Foreiningane skal til dømes ha vorte nytta som Clodius sin personlege mobb, og det skal ved fleire høve ha blitt uro og bråk med desse nye foreiningane. Eg vil argumentera for at det moglegvis er desse senatet reagerer på når dei, med *lex licinia* i 56 fvt, forbyr alle politiske klubbar og seier at dei skal straffast likt med dei som bryt freden. Det er jo nettopp dette foreiningane under Clodius har gjort, der dei mellom anna har forstyrta talar i *Forum Romanum*.

Me veit at Cæsar hadde støtta Clodius og det var Cæsar som gjorde Clodius til folketribun, noko som mogleggjorde at han kunne gjenoppliva foreiningane. Det ein veit om Cæsar sine haldningar til foreiningane er at han, etter ein periode med uro, forbaud dei foreiningane som ikkje var av gamalt opphav. Ei forklaring er at Cæsar forbaud nye foreiningar som hadde

kome til under uroa i triumviratet, og let dei andre eksistera vidare. Eg har forsøkt å syna kva gammalt opphav kan ha vore, og det verkar til dømes truleg at handverkarforeiningar kan ha blitt sett på som av gammalt opphav og hatt lovleg grunn til å eksistera.

Etter Cæsar sin død var det att uro i ein periode før Augustus konsoliderte makta i riket som keisar. Som me har sett i til dømes Suetonius skriv han at: «Numerous leagues, too, were formed for the commission of crimes of every kind, assuming the title of some new guilds.»<sup>411</sup> Augustus forbyr difor alle foreiningar som ikkje er av gammalt opphav eller har gyldig grunn. Med bakgrunn i det Suetonius skriv er det ikkje utenkeleg at foreiningane Augustus forbaud i hovudsak var foreiningar som enten var kriminelle eller laga opptøyar og at han lot foreiningar som ikkje skapte problem eksistera i definisjonen av at dei var «long standing and formed for legitimate purpose».<sup>412</sup>

Under Tiberius veit ein at han forbaud dei framande religiøse kultane, og at Flaccus i Egypt forbaud dei som møttest «under pretext of sacrifices, whereas in fact they behaved like inebriates».<sup>413</sup> Kvifor Tiberius skulle forby dei framande religiøse kultane har eg ikkje eit klårt svar på, men ein veit at han, og fleire andre keisarar, har vore kritiske til jødiske og etter kvart kristne sekter. I Egypt er det truleg at Flaccus forbaud dei som skulle ha møtst for å utøva religion, men i staden var fyllefantar. Det er godt mogleg at desse har skapt bråk og uro, noko Flaccus skal ha slått hardt ned på. Det er difor ikkje sikkert at dette er ei handling mot foreiningar generelt, men mot dei som er fulle og lagar bråk.

Med Caligula skal det ha blitt fleire foreiningar. Likt som Clodius appellerte òg Caligula til folket, med anna ved å forsøkja å gi dei attende stemmeretten. Det ser òg ut til at Caligula tillèt at fleire foreiningar etablerte seg og vart meir synleg. Caligula og senatet var ofte i strid der Caligula mellom anna skal ha trua dei med rettsaker for svik. Caligula sin feide med senatet enda med at han vart drepen i regi av fleire senatorar og pretorianergarden.

Claudius, Caligula sin etterfylgjar, veit me tok grep for å fjerna dei politiske klubbane som Caligula skulle ha reintrodusert. I tillegg til å fjerna desse klubbane skal han òg ha stengt

---

<sup>411</sup> Suet. *Aug* 32

<sup>412</sup> Ibid.

<sup>413</sup> Phil. *In Flac.* 4



vertshusa der foreiningane møttest og drakk, truleg for å hindra at det oppstod nye foreiningar og hindra at foreiningane hadde naturlege møteplassar.

Deretter har eg synt at Nero ved eit høve har tatt grep mot foreiningar. Under ei gladiatorsyning, i 59 evt., vart det oppført og slåsskampar mellom grupper frå dei to byane, Pompeii og Nuceria. Etter dette tok Nero affære og oppløyste dei foreiningane som pompeiiarane hadde oppretta ulovleg og stengte amfiteateret der dei hadde hatt denne gladiatoroppvisinga i 10 år. Nero var truleg difor klår over at det eksisterte foreiningar i Pompeii som hadde vorte oppretta ulovleg, men at ein fyrst etter opprøret oppløyste desse.

Frå Trajan har ein ikkje handlingar som syner korleis han skal ha handsama foreiningar i Italia, men me har ei god brevveksling mellom han og Plinius d.y. Her får me klårleik i at han nektar Plinius å oppretta ei brannmannsforeining i Nicomedia av di desse ville bli politiske klubbar ifylgje Trajan. Ei mogleg forklaring på kvifor han gjorde dette er at brannmenn på denne tida ofte var utrusta med verktøy til å sløkja brann, som òg kunne fungera som våpen. 150 menn utrusta med økser kan ha blitt sett på som ein risiko uavhengig om dei skulle vera deltakande i ei foreining eller ikkje. Vidare veit me at det skal ha blitt sendt ut eit edikt som ifylgje Plinius d.y. skal ha gjort at ei kristen sekt skal ha slutta å eta middagar ilag. Plinius refererer til dette som eit generelt edikt som forbaud «political associations.»<sup>414</sup> På generelt grunnlag vil eg argumentera for at dei kristne var ei gruppe som vart sett ned på og behandla dårleg i det tidlege Romerriket. Som me såg under Nero la han, truleg ugrunna, skulda for bybrannen i Roma på dei kristne og straffa dei hardt. Om dette ediktet i hovudsak har råka kristne sekter eller har hatt ein meir generell påverknad er vanskeleg å svara på med bakgrunn i kjeldematerialet.

Frå Hadrian har ein ikkje einskildhendingar som nektar eller reagerer på foreiningar, men ein har eit avsnitt frå *Digesta*, 47.22.4, som skal vera skriven av Gaius under Hadrian. Her står det at ein kunne oppretta foreiningar so lenge dei ikkje gjekk mot dei offentlege interessene, og det blir synt til fleire eksempel frå Solon sine lover. Her har eg argumentert for at dette syner at fleire foreiningsaspekt kunne bli sett på som lovlege.

Når ein handsamar slike kjelder som denne oppgåva har, er det viktig å presisera at kjeldene truleg gir eit bilete som ikkje naudsynt er korrekt. Eg vil hevda at dei haldningane og

---

<sup>414</sup> Plin. *Ep.* 10.96

handlingane mot foreiningar som eg har synt over er blitt skrive ned av di det har vore ei spesiell handling og ein spesiell kontekst, ikkje at dei naudsynleg har vore generelle handlingar og hendingar. Eg finn det mindre truleg at dåtidas historieskrivarar ville ha skildra at det ikkje var problem eller utfordringar med foreiningane om dette var tilfellet. Det biletet me får frå kjeldene over kan difor syna dei gongene foreiningane har skapt problem eller utfordringar eller der keisarane eller senatet har reagert, men ikkje når dette ikkje hendte. Dette kan difor syna ei skeivrepresentasjon av haldningane mot foreiningar i kjeldene.

I tillegg er det eit viktig moment at me har kjelder som er skrive i eit tankesett. Både Tacitus, Suetonius, Livius, Cicero, Plinius d.y og d.e. er av overklassen og i maktposisjonar. Dei vil truleg ikkje ha ei positiv forståing av foreiningane, noko som òg kan farga deira formidling av hendingane. Det er difor òg truleg at kjeldematerialet representerer dette.

Ein observasjon er at det kan sjå ut som det kan vera ein korrelasjon mellom dei som har stått i strid med senatet eller parisarane og dei som har hatt ei mindre kritisk haldning til foreiningar. Clodius nytta foreiningar i sin maktkamp med Cicero og han skal ha bytta *gens* frå parisarane til plebeiarane, appellert til folket og truleg gått mot senatet sin vilje når han gjenoppliva foreiningane. Caligula skal ha synt ei forakt for senatet, vedtatt lover som gav attende folket stemmeretten og skal òg ha gjenoppliva foreiningar. Det er desse to som har gjenoppliva foreiningar att, og båe har gått mot senatet eller senatet sin vilje. I kva grad Nero, som òg skal hatt ei negativ haldning til senatet, har vore mild mot foreiningar er meir usikkert. Den einaste kjelda til Nero sine handlingar er som kjend frå opptøyane i Pompeii. Med bakgrunn i at Nero både truleg skal ha latt foreiningar eksistera til det vart problem i Pompeii, men tok grep når det vart opprør, gjer det vanskeleg å seia noko sikkert om haldningane hans.

Med bakgrunn i mi gjennomgang av senatet og keisarane sine haldningar til foreiningar vil eg konkludera med at det truleg ikkje var slik at keisarane reagerte på foreiningar på generelt grunnlag. Det kan sjå ut til at foreiningar i hovudsak vart oppløyst etter at det har vore uro og bråk, etter at dei har vorte nytta politisk, eller etter ei oppbløming av foreiningar. Eg finn det difor truleg at ein oppløyste foreiningar for å beskytta samfunnet når det vart bråk og uro, ikkje for å hindra at det i det heile eksisterte foreiningar. Eg vil difor konkludera med at reglar og vedtak mot foreiningar vart nytta som eit skjold for beskyttelse, ikkje som eit sverd som aktivt forsøkte å oppløysa foreiningar.

## Kapittel åtte

# 8. Kjelder og bibliografi

## Kjelder

### *Tekstar*

- Asconius. *Asconius : Commentaries on Speeches of Cicero*. redigert av R.G Lewis Oxford, GBR: Oxford University Press, UK, 2006.
- Cassius, Dio. *Historiae Romanae*. oversatt av Earnest Cary. Dio's Roman History: The Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, W. H. D. Rouse, L. A. Post og E. H. Warmington 9 vol. Vol. 3,7,8, London/Harvard: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1954 (Vol. 3), 1955 (vol. 7/8).
- Cicero, Quintus Tullius. *In the Senate after his Return*. oversatt av Charles Duke Yonge. The Orations of Marcus Tullius Cicero: Bohn's Classical Library. redigert av C. D. Yonge. Vol. 2, London: George Bell & Sons, 1856.
- Cicero, Quintus Tullius. *In Pisonem*. oversatt av Charles Duke Yonge. The Orations of Marcus Tullius Cicero: Bohn's Classical Library. redigert av C. D. Yonge London: George Bell & Sons, 1891.
- Cicero, Quintus Tullius. *Letters to Quintus*. Cicero XXVIII (Letters to Quintus and Brutus, letter fragments, letter to Octavianm, Invectives , Handbook of Electioneering: Loeb Classical Library. redigert av D. R. Shackelton Bailey. 202 utg. Vol. 462, Cambridge, MA/London: Harvard University Press, 1972.
- Halikarnassos, Dionysios frå. *Roman Antiquities*. oversatt av Earnest Cary. The Roman Antiquities of Dionysius of Halicarnassus: The Loeb Classical Library. redigert av Edward Spelman, T. E. Page, E. Capps, L. A. Post, W. H. D. Rouse og E. H. Warmington 7 vol. Vol. 4, London/Camridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard Universty Press, 1950.
- Josephus, Flavius. *Jewish Antiquities*. oversatt av William Whiston. The, works of Flavius Josephus, the learned and authentic Jewish historian, to which are added three, dissertations concerning Jesus Christ, John the Baptist, James the Just, God's, command to Abraham, etc. redigert av William Whiston Auburn: J. E. Beardsley, 1895.
- Livius. *History of Rome*. oversatt av B.O. Foster og Evan T. Sage. Loeb Classical Library. redigert av Jeffrey Henderson. Vol. 1,11, Cambridge, MA/London, , Ltd. 1936:: Harvard University Press/William Heinemann, 1952 (vol 1) 1949 (vol 11).
- Philo. *Philo's Flaccus : The First Pogrom: Introduction, Translation, and Commentary*. redigert av Pieter Willem van der Horst Leiden/Boston: Brill Academic Publishers, 2003.
- Plinius. *Panegyricus*. oversatt av Betty Radice. Pliny: Letters and Panegyricus. redigert av E. H. Warmington 2 vol. Vol. 2, London/Cambridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard Universit Press, 1969.

- Plinius, den eldre. *Naturalis Historia*. oversatt av Henry Thomas Riley. The Natural History of Pliny: Bohn's Classical Library. redigert av J. Bostock og H.T. Riley London: H. G. Bohn, 1855.
- Plinius, den yngre. *Letters*. oversatt av William Melmoth. Pliny - Letters: The Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps og W. H. D. Rouse 2 vol. Vol. 2, London/Cambridge MA: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1935.
- Plutark. *Cicero*. oversatt av Bernadotte Perrin. Plutarch's lives: Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, L. A. Post, W. H. D. Rouse og E. H. Warmington 11 vol. Vol. 7, London/Cambridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1949.
- Plutark. *Numa*. oversatt av Bernadotte Perrin. Plutarch's Lives. redigert av T. E. Page, E. Capps, L. A. Post, W. H. D. Rouse og E. H. Warmington 11 vol. Vol. 1, Cambridge, MA/London: Harvard University Press/William Heinemann Ltd., 1982.
- Suetonius. *Divus Claudius*. oversatt av J. C. Rolfe. Suetonius: The Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, W. H. D. Rouse, L. A. Post og E. H. Warmington. 1950 utg. 2 vol. Vol. 1, London/Cambridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1950.
- Suetonius. *Nero*. oversatt av J. C. Rolfe. Suetonius: The Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, W. H. D. Rouse, L. A. Post og E. H. Warmington 2 vol. Vol. 1, London/Cambridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1950.
- Suetonius. *Divus Augustus*. oversatt av J. C. Rolfe. Suetonius: The Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, W. H. D. Rouse, L. A. Post og E. H. Warmington. 1951 utg. 2 vol. Vol. 1, London/Cambridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1951.
- Suetonius. *Divvs Ivlivs*. oversatt av J. C. Rolfe. Suetonius: The Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, W. H. D. Rouse, L. A. Post og E. H. Warmington 2 vol. Vol. 1, London/Cambridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1951.
- Suetonius. *Gaius Caligula*. oversatt av J. C. Rolfe. Suetonius: The Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, W. H. D. Rouse, L. A. Post og E. H. Warmington. 1951 utg. 2 vol. Vol. 1, London/Cambridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1951.
- Suetonius. *Tiberius*. oversatt av J. C. Rolfe. Suetonius: The Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, W. H. D. Rouse, L. A. Post og E. H. Warmington 2 vol. Vol. 1, London/Cambridge, MA: William Heinemann LTD/Harvard University Press, 1951.
- Tacitus. *Annales*. oversatt av John Jackson. Tacitus: The Histories and the Annales: Loeb Classical Library. redigert av T. E. Page, E. Capps, W. H. D. Rouse, L. A. Post og E. H. Warmington 3/4 vol. Vol. 2/4, The Loeb Classical Library: William Heinemann LTD; Harvard University Press, 1951.
